Gloppen kommune

2023-2035

KOMMUNEPLANENS AREALDEL

Konsekvensutgreiing og ROS

Plan id: 4650-201802

Kommunestyret 14.06.2023

INNHALD

1 INNLEIING

2 METODE

3 KU-TEMA, KJELDER OG UTGREIINGSKRITERIE

4 KONSEKVENSUTGREIING AV INNSPEL

4.1 Bustadformål - Breim
4.2 Bustadformål - Gloppefjorden
4.3 Bustadformål - Hyen
4.4 Formål - Fritidsbustad
4.5 Infrastruktur og offentlege formål
4.6 Formål - Næring og reiseliv

5 SAMLA KONSEKVENSAR AV PLANEN

5.1 Utbyggingsformål og konsekvensar
5.2 Samla konsekvensar for dei ulike tema
5.3 Samla risiko- og sårbarheitsanalyse

1 INNLEIING

For nye utbyggingsområde, eller der det er føreslått større endringar i arealbruk, skal det gjerast ei konsekvensutgreiing (KU) jfr. *plan- og bygningslova* sin § 4-2, andre ledd. Formålet med konsekvensutgreiinga for nye byggeområde og samferdselstiltak, er å belyse verknaden av det planlagde tiltaket for miljø, naturressursar og samfunn, slik at verknadene kan takast i betraktning under førebuing av planen og når det takast stilling til om tiltaket kan gjennomførast. Såleis er den eit viktig grunnlag for administrativ og politisk behandling av arealdelen.

Forskrift om konsekvensutgreiingar §17 og §18 omtaler føljande krav til innhald (utdrag):

- «Konsekvensutgreiinga sitt innhald og omfang skal tilpassast den aktuelle planen eller tiltaket, og vere relevant for dei avgjerda som skal takast» (§17 – første ledd).

- «Konsekvensutgreiinga skal ta utgangspunkt i relevant og tilgjengeleg informasjon (§17 – andre ledd).

- «Konsekvensutgreiinga av arealdelen skal beskrive verknader utbygging av nye område eller vesentleg endra arealbruk i utbygde område kan få for miljø og samfunn.
  Det skal også gis ei vurdering av verknadene av dei samla arealbruksendringane i planen» (§18 – tredje ledd).

Gjennom konsekvensutgreiinga får ein oversyn over positive og negative konsekvensar ved å endre arealbruk i eit område.
Vurdering av Risiko- og sårbarheit (ROS) inngår som tema i konsekvensutgreiinga for kvart einskiltområde. I tillegg skal det gjerast ei utgreiing av konsekvensane av planen som heilskap (jfr. konsekvensutgreiing § 6 og 9).
KU skal beskrive verknader for miljø og samfunn ut frå kunnskap som ligg føre.
I tillegg til dei skriftlege innspela som er komne inn og innspel frå dei lokale planverkstadene, har kommunen vurdert og lagt inn behov for arealbruksendringar ut ifrå kommunen sine mål og interesser som samfunnsutviklar. Eksisterande byggeområde er ikkje konsekvensutgreia, berre område avsett til framtidige utbyggingsformål.
KU-en er gjennomført og utarbeida av Torbjørn Brandsæter og Beate Kornberg i samarbeid med kommunedirektøren sitt planforum og ulike faginstansar i teknisk avdeling (landbruk, VVA og brann og beredskap).

2 METODE

Analysane baserer seg på eksisterande dokumentasjon og kjente forhold. I konsekvensutgreiinga ligg også faglege vurderingar og skjønn.
Det vart tidleg i planprosessen gjort ei enkel vurdering av alle innkomne innspel (grovsortering), der fleire av innspela vart silt ut. Dette vart lagt fram for formannskapet i august 2018 i sak 87/18 og godkjent. Alle desse innspela er samla i eit eige dokument - «Grovsortering av innspel til kommuneplanens arealdel», og grunngjevinga for at dei vart sortert ut. Desse ligg som vedlegg til arealplanen.
I gjennomgang av resterande innspel til arealendringar, er det gjort ei ny sortering. Administrativt er det teken ei avgjer om å ikkje legge inn einskilttomter til bustad og eller fritidsbustad i kommuneplanen. Desse skal behandlast med retningsliner for dispensasjon til bustad og fritidsbustad i LNF-område i føresegnene til arealdelen.
Innspel til turstiar og trasèar er teken omsyn til i kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde, og vert ikkje lagt inn i kommunekartet som trasèar og konsekvensvurdert. Upresise innspel som ikkje i tilstrekkeleg grad kan avgrensast i kart, og ikkje kjem som innspel frå grunneigar, er heller ikkje konsekvensvurdert og teken med vidare.
For kvart forslag til framtidig utbyggingsområde er det gjort ei oppsummering av konsekvensane i eit skjema etter metodikk frå miljøverndepartementet sin rettleiar – «*Konsekvensvurderinger – kommuneplanenens arealdel» kapittel 5.* Konsekvensskjema for kvart område har tre hovuddelar:

- *Skildring* – G.br.nr, forslagstillar, kartutsnitt, arealstorleik, informasjon om dagens formål, forslag til nytt formål og ei skildring av forslaget.
- *Konsekvensutgreiing* – Konsekvens for miljø, natur og samfunn og ROS (risiko og sårbarheits-analyse.
- *Konklusjon* – samla vurdering, pluss og minus, og kommunedirektøren si tilråding.

Skildringa av dei einskilde områda er i hovudsak henta frå innspela til innbyggarane, men er supplert med vurderingar gjort av planansvarlege gjennom synfaring og tolking av kart. Konsekvens er vurdert ved hjelp av kodene 0, 1 og 2 og legg vekt på grad av negativ konsekvens.

0 – Inga negativ innverknad	1 – noe negativ innverknad	2 stor negativ innverknad

Ut frå vurderinga av konsekvensar for dei utvalte tema, er det gjort ei samla vurdering av konsekvensar av tiltaket. Med bakgrunn i dette, og ei vurdering av nytteverdien av tiltaket, er det på kvart KU-ark gitt ei tilråding om tiltaket bør vere ein del av planforslaget eller om det foreslegne byggeområdet/tiltaket bør takast ut av planen. Dette er gjort der vi vurderer at konsekvensane er for store, eller at det er andre område som er betre eigna til å oppfylle kommunen sine målsettingar for planperioden. Nokre innspel er vurdert saman med andre innspel i dei tilfella det er snakk om område som ligg nært eller tett opptil kvarandre. Dei einskilte innspela er vidare vurdert i forhold til om dei kan gjennomførast heilt eller delvis.

3 KJELDER OG UTGREIINGSKRITERIE

Konsekvensutgreiinga er så langt som mulig basert på verdivurdering av kjent kunnskap. Det er brukt ulike rettleiarar, kart- og databaseløysingar frå regionale og statlige myndigheter og nettsider i tillegg til lokalkunnskap. Paralellt med arealplanprosessen har det vore jobba med å oppdatere temakartet «Kjerneområde landbruk» frå 2007, der ein i tillegg til å justere kartet, har merka av dei viktigaste samanhengande jordbruksområda (indrefilèane). Vidare er det gjennomført «Kartlegging og verdsetting av viktige friluftslivsområde» i heile kommunen. Desse temakarta utgjer eit viktig grunnlag for vår vurdering av verdi og sårbarheit av nye utbyggingsområde.
Under følgjer informasjon om kva tema som er omtalt og kva for datagrunnlag som har vore nytta. Grunnlagsmaterialet er ikkje uttømmande for alle tema, men dei er vurdert dekkande for kva som er relevant for avgjerd på dette plannivå.

TEMA KU	KJELDE / KUNNSKAPSGRUNNLAG
Miljø og naturressursar	
Forureining (klimagass og anna utslepp til luft, jord og vatn)	Miljødirektoratet, Fylkesatlas, Aktsemdskart NGU – Norges geologiske undersøkelse
Støy	Fylkesatlas og Statens vegvesen sin støysonekart. Tema støy viser både økt støy frå foreslått føremål og konsekvens av eksisterande støy på foreslått føremål. Vurdering er basert på utarbeidd støykart ved E39, anda lufthamn og lokalkunnskap, inkludert nærleik til skytebaner.
Sikring av jordressurs (jordvern)	NIBIO/gardskart, Fylkesatlas, Temakart Gloppen – «K*jerneområde landbruk*» - oppdatert 2020
Naturmangfald og landskap	Fylkesatlas – viktige naturområde og arter, Artar av stor og særleg stor forvaltningsinteresse (Miljødirektoratet) Raudlistearter og framande arter(Artsdatabanken) Marin verneplan og marine naturtypar (Miljødirektoratet) DOK Naturvernområder (fylkesatlas) DOK Villrein (Fylkesatlas)
Kulturminne og kulturmiljø	Askeladden – riksantikvarens database, Fylkesatlas - DOK Bygningar i SEFRAK registeret, DOK Freda bygningar, og *«Kulturminneplan for Gloppen 2020-2030»*
Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	Barnetråkk, Temakart Gloppen – «Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde»
Samfunn	«Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging»
Transportbehov	Barnetråkk, Lokale kart – gang og sykkelavstandar frå skule, «Statleg planretningsline for klima- og energiplanlegging i kommunane» og «Statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging»
Teknisk infrastruktur	Gloppen kommune – teknisk avdeling, lokal kunnskap.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	SSB, «Statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal-, og transportplanlegging», Aldersvennleg samfunnsutvikling
Forholdet til strategi for framtidig arealbruk	Arealstrategiar i «Planprogram for kommuneplanen sin arealdel 2020 – 2030»
TEMA ROS	
Skred	NVE Atlas, DOK Jord og flaumskred - aktsemdskart i Fylkesatlas DOK Snø- og steinsprang - aktsemdskart i Fylkesatlas DOK Marin grense
Flaum	Aktsemd flaum NVE Atlas
Havnivåstigning/ stormflo	NVE Atlas, Fylkesatlas - havnivå/ stormflo
Vind	Lokal kunnskap
Brann	Lokal kunnskap - brann og beredskap
Forureining	Radon aktsemd (NGU) Forureina grunn (Miljødirektoratet)
Trafikk	Vegkart Statens vegvesen – trafikkmengde (ÅDT) og trafikkulykke Nærleik til E39, fylkesveg og kommunal veg med stor trafikk.

Som ein del av ein planprosess kan det gjerast tilpassingar av eit prosjekt, for å redusere eventuelle negative konsekvensar. Denne konsekvensutgreiinga, på kommuneplannivå, har ikkje lagt til grunn eller gått i detalj på mulige avbøtande tiltak. For innspel som tas inn i kommuneplanens arealdel, må det i det vidare planarbeidet vurderast avbøtande tiltak som kan redusere dei negative verknadene som det er peika på i denne konsekvensutgreiinga.

4 KONSEKVENSUTGREIING AV INNSPEL TIL AREALDELEN – FORMÅL BUSETNAD OG ANLEGG, INFRASTRUKTUR OG LNF - SPREIDD

4.1 Bustadformål

4.1.1 Bjørnarheim nedre – utviding av eksisterande bustadfelt

SKILDRING

G.nr.: 93 **B.nr.:** 3, 7, 16
Dagens formål: LNF og bustad
Føreslått formål: Bustad

Storleik: ca. 35 daa
Forslagstiller:
Bustadgruppe planverkstad v/ Per Jarle Myklebust

Skildring:
Delar av område sør for Dalevegen er allereie avsett til bustadformål i gjeldande arealdel. Nedre del av området (rundt kommunalt vassverk) består av barskog (93- 3). Området rett sør for vegen og eksisterande bustadfelt, består av eit avgrensa innmarksbeite og overflatedyrka jord (93-16).

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -121,7 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 1195,3 t CO2-e.
	Støy	0	Utbygging nordover vil ikkje gi meir støy frå skytebana enn eksisterande bustadfelt. Støykrav må sikrast ved regulering.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	1	29 daa barskog med særs høg bonitet, 3,4 daa dyrka jord og 5,7 daa beite. Produktiv barskog som grenser til fulldyrka jord (6,4 daa) i vest og innmarksbeite i nord.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Ingen registrerte verneverdige naturområde eller artar, men dette må vurderast i reguleringsplanarbeidet. Medfører endring av landskap.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne i aktuelt utbyggingsområde, men det ligg fleire SEFRAK-registrert bygninger og ruiner langs elva (kvernhus, smie, fabrikk m.m.)
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ingen registreringer i barnetråkk. 20 meter frå elvebredden.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Gangavstand til skule
	Teknisk infrastruktur	0	Privat vassverk i området som det må takast omsyn til.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Nært sentrumsfunksjonar på Byrkjelo
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	I tråd med arealstrategi for bustadutvikling i planprogrammet, som legg vekt på at nye bustadareal skal leggast nær tettstader og eksisterande bustadområde.
	Tema ROS	**RISIKO**	**KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE**
ROS	Skred	0	Ikkje innanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred eller snøskred og steinsprang
	Flaum	0	Med unntak av sør/austre del av område, ligg det ikkje innafor aktsemdsområde for flaum.
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	Tilgang på vatn frå elv og kort utrykningstid.
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Nytt bustadområde sør for Dale-vegen kan opne for alternativ gang og sykkeltrasè frå Bjørnarheimsura til Breim skule og Byrkjelo sentrum.

KONKLUSJON

Samla vurdering:
+ Område bind saman bustadfeltet Bjørnarheimsura og bustadområdet i Krutthusvegen nord for sentrum av Byrkjelo. Ligg allereie inne i gjeldande arealdel, men bør justerast/ utvidast for å legge til rette for ein gang- og sykkelveg gjennom området. Arealet ligg innanfor reell gang- og sykkelavstand til skule og sentrum. Feltet vil kunne erstatte tidlegare regulert utviding av Byrkjelo aust, dersom E-39 – traséen kjem i konflikt med feltet.
Konklusjon:
Tilrådd vidareført som bustadareal i tråd med gjeldande arealplan, men med ei utviding austover (Prioritet 1 på Byrkjelo).

4.1.2 Bjørnarheimsura - Utviding av eksisterande bustadfelt

SKILDRING

G.nr.: 93 **B.nr.:** 2
Dagens formål: LNF
Føreslått formål: Bustad

Storleik: ca. 30 daa
Forslagstillere:
Kent Øystein Hjelle, Per Jarle Myklebust og Svenn Ove Bjørkelo m.fl.



Skildring:
Areal er i dag eit skogsområde som ligg rett aust for Bjørnarheimsura, eit lite sørvendt bustadfelt med god utsikt og solforhold. Område ligg ca. 2 km. frå skule.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -134,7 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 1142,9 t CO2-e.
	Støy	1	Potensielt støy frå skytebana i Ura. Støykrav må sikrast ved regulering. Det meste av område ligg utanfor gul støysone til Dalevegen.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	15 daa barskog særs høg bonitet, 15 daa lauvskog av særs høg bonitet. Ca. 6 dekar innmarksbeite vest for bustadfeltet, produktiv barskog med høg bonitet nord og aust for feltet.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Ingen registrerte verneverdige naturområde eller artar, men det må gjerast nye vurderingar ved ei eventuell regulering.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Det er ingen registrerte kulturminne i området, men det er fleire funn registrert i området nord/nordvest for eksisterande bustadfelt.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Det er gjort fire registreringar i barnetråkk 2022, som beskriv det som fin skog og bruk av området til leik og tur med hundar.
SAMFUNN	Transportbehov	1	Utanfor reell gangavstand til skule og Byrkjelo sentrum pga.terrengstigning. Det bør etablerast gangløysing til Byrkjelo sentrum, dersom feltet skal realiserast.
	Teknisk infrastruktur	0	Bratt veg og utfordrande tilkomst via eksisterande bustadfelt, som ikkje har lagt til rette for utviding. Krev ny tilkomstveg frå sør. Tilknytning til eksisterande VA.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Avhengig av skuleskyss pga. trafikkfarleg veg.
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Ikkje i tråd med arealstrategi for etablering av større bustadfelt, og ikkje aktuelt som kommunalt bustadområde.
	Tema ROS	**RISIKO**	**KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE**
ROS	Skred	0	Ikkje innanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred eller snøskred og steinsprang
	Flaum	0	Ikkje innafor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	Tilgang på vatn frå elv og kort utrykningstid.
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	1	Det er ikkje opparbeida gangløysing til sentrum. Farleg skuleveg langs FV 60

KONKLUSJON

Samla vurdering: + Område ligg i tilknytting til eksisterande felt, er solrikt med flott utsikt.
- Terrenget er bratt og krevjande. Det eksisterande bustadfeltet har ikkje teke høgde for utviding av feltet. Dette krev difor ny tilkomstveg frå Dalevegen, med høge vegskjæringar. Dette vil fordyre utbygging av feltet og gje dyre tomter. Trafikkfarleg skuleveg. Område ligg utafor reell gang- og sykkelavstand til skule p.g.a. høgdeforskjell. Arealet vil ikkje gje reduksjon i klimagassutslepp p.g.a.avhengigheit av bil til sentrum.

Konklusjon: Ikkje tilrådd – Vedteke lagt inn i formannskapet 20.10.21

4.1.3 Vest for Jomfrusvingen – bustadfelt

SKILDRING

G.nr.: 93 **B.nr.:** 2
Dagens formål: LNF
Føreslått formål: Bustad

Storleik: ca. 10 daa
Forslagsstiller: Planforum i drøfting med utviklingslaga

Skildring:
Ein del av arealet er fulldyrka mark. Arealet ligg i tilknytting til eit lite bustadområde med 3 bustader (mot aust). Fjellvegen (FV 60) avgrensar område mot nord og Bjørnarheimselva mot vest. Område sør for arealet er regulert til næring.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -39,9 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 272,1 t CO2-e.
	Støy	1	Delar av område ligg i gul støysone til FV 60. Støykrav må sikrast ved regulering.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	6,6 daa lauvskog særs høg bonitet, 3 daa dyrka jord.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Ingen registrerte verneverdige naturområde eller artar, men dette må vurderast i reguleringsplanarbeid. Medfører i liten grad endring av landskap.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Det er ingen registrerte kulturminne oeller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ingen registreringer i barnetråkk
SAMFUNN	Transportbehov	0	I gangavstand til skule og nær kollektivtrasê.
	Teknisk infrastruktur	0	Ligg i tilknytting til regulert område med vegtilkomst frå sør
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Nært sentrumsfunksjonar på Byrkjelo
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	I tråd med arealstrategi for bustadutvikling i planprogrammet, som legg vekt på at nye bustadareal skal leggast nær tettstader og eksisterande bustadområde.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred eller snøskred og steinsprang
	Flaum	1	Vestre del av område langs Bjørnarheimselva ligg innafor aktsemdsområde for flaum, og krev avbøtande tiltak.
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	Tilgang på vatn frå elv og kort utrykningstid.
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	1	Ligg tett på FV 60 med ÅDT på 1600, ved innfartåra til Byrkjelo frå nord. Det er regulert men ikkje opparbeida gangveg/fortau til sentrum.

KONKLUSJON

Samla vurdering*:*
+ Solrikt og sentrumsnært areal i tilknytting til eksisterande bustader, og ligg i reell gangavstand til skule og sentrum.
- Ligg i dag som eit LNF – område, men det er avgrensa og inneklemt.
- Manglar gang- og sykkelveg til skule og sentrum på Byrkjelo, men dette ligg inne i reguleringsplan for Byrkjelo vest.

Konklusjon*:* Tilrådd lagt inn med formål bustad (Prioritet 2 på Byrkjelo)
– Vedteke å ta ut av planen i Formannskapet 8/6-22, men lagt inn igjen av FOR 8.2.23.

4.1.4 Kleppelia – stort bustadfelt

SKILDRING		
	G.nr.: 91 **B.nr.:** 1 (tilkomst) **G.nr.:** 103 **B.nr.:** 2 og 4 **Dagens formål:** LNF **Føreslått formål:** Bustad	**Storleik:** 65 daa **Forslagsstillarar:** Fleire
	Skildring: Mesteparten av området er i dag skogkledd, men evt. tilkomstveg vil måtte gå over fulldyrka jord og innmarksbeite i aktiv drift. Område ligg sørvendt med flott utsikt over Byrkjelo.	



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -203,8 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 1950,7 t CO2-e. Vil ikkje bidra til reduksjon av klimagassutslepp og privatbilisme.
	Støy	0	Ligg utanfor raud og gul sone til FV60.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	1	46 daa barskog særs høg bonitet, 19 daa beite. Adkomstveg over fulldyrka jord og innmarksbeite. Område nordaust for feltet er dyrkbart.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Ingen registrerte verneverdige naturområde eller artar, men det må vurderast i samband med ei eventuell regulering.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ingen registreringer i barnetråkk.
SAMFUNN	Transportbehov	1	Område ligg i rimeleg avstand frå sentrum/ skule, men er ikkje i reell gang- og sykkelavstand til skule p.g.a. terrengstigning. Krev skuleskyss. Arealet vil ikkje gje reduksjon i klimagassutslepp p.g.a.avhengigheit av bil til sentrum.
	Teknisk infrastruktur	1	Krev ny tilkomstveg og VA
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Ikkje i tråd med arealstrategi for utvikling av større bustadfelt. For langt frå sentrum og skule - ikkje aktuelt som kommunalt bustadfelt.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Evt. tilkomstveg ligg innanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred, men ikkje snøskred og steinsprang
	Flaum	0	Med unntak av nordvestre del av område, ligg det ikkje innafor aktsemdsområde for flaum.
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	Tilgang til vatn i Fløtreelva
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	1	Utanfor realistisk gang og sykkelavstand til skule og sentrum.

KONKLUSJON	
	Samla vurdering: + Stort og solrikt areal med flott utsikt over Byrkjelo, med plass til mange bustader. - Tilkomstvegen vil gripe inn i eit større samanhengande kjerneområde for landbruk som er i aktiv drift. Grunneigar av sistnemde landbrukseigedom har planar for område, og er ikkje positiv til ei avskjæring av teigen sin. Bustadområdet ligg slik til at ein vil måtte opparbeide ein lang og ny tilkomstveg (5 – 600 m) og nytt VA-anlegg, som vil fordyre tomtene. Foreslått areal ligg godt utanfor reell gang- og sykkelavstand til skule og sentrum. Arealet vil ikkje gje reduksjon i klimagassutslepp p.g.a. avhengigheit av bil til sentrum. **Konklusjon:** Ikkje tilrådd

4.1.5 Reed bak Coop– endring frå forretning til fortetta bustader

SKILDRING

G.nr.: 100 **B.nr.:** 32
Dagens formål: Foretning
Foreslått formål: Bustad

Arealstorleik: 1daa
Forslagstillar:
Reed eigedom AS v/ Inger Langvik i A-vista.

Skildring:
Forslag om å endre formål frå forretning til bustad – småhus/ rekkehus for 1 daa av tomta mot aust. Området er flatt og fint, med utsikt til vatnet og kort avstand til butikk og andre fasilitetar i Reed sentrum. Kan vere aktuelt til mindre bustader for einslege og ungdom.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Ingen endring.
	Støy	0	Arealet ligg utanfor gul støysone til E39
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	Ikkje relevant.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Ingen registrerte naturmangfaldsverdiar i området, og vil ikkje påverke landskapet i noen grad.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne og kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Området har ingen markeringar i digitalt barnetråkk.
SAMFUNN	Transportbehov	0	I gangavstand til sentrumsfunksjonar som butikk, kafè, barnehage og kollektivstopp.
	Teknisk infrastruktur	0	Tilkopling til eksisterande infrastruktur
	Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	God plassering for framtidige bustader. Forsterkar sentrumsområdet
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Arealet ligg i sentrum av Reed i gangavstand til butikk, barnehage og kollektivstopp. I tråd med vedteken arealstrategi om å vektlegge ei variert utbygging av sentrumsområdet (bustader av ulik storleik).
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for skred i bratt terreng. Over marin grense
	Flaum	0	Heilt i utkanten av aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	0	Slukkevatn må sikrast i reguleringsplan
	Forureining	0	Ikkje kjent forureining i grunn. Moderat til lav risiko for radon.
	Trafikk	0	Ligg til kommunal veg paralellt med E39 gjennom Reed sentrum, / lite gjennomgangstrafikk.

KONKLUSJON

Samla vurdering:
Flatt område i sentrum av Reed. Det er behov for fleire konsentrerte bustader i sentrumsområdet. Det har ikkje vært marknad for å utvikle området til forretning. God plassering ved veg med lite trafikk, og gangavstand til viktige uformelle møteplassar og sentrumsfunksjonar.

Konklusjon:
Tilrådd

4.1.6 Eide – Nytt bustadareal i tilknytting til delvis bebygd område

SKILDRING	***G.nr.:**76* ***B.nr.:** 58* ***Dagens formål:*** LNF ***Foreslått formål:*** Bustad	***Storleik: 10*** daa ***Forslagstillar:*** Bjørg Myklebust
	Skildring: Grunneigar ønskjer arealet avsett til bustadformål i ny arealdel. Arealet er i dag delvis bebygd og ubebygd del av området er sterkt kuperte bergknauser med blandingsskog. Arealet er justert av planavdelinga til å følgje grensa for eksisterande bebyggelse slik at verknaden på friluftliv vert minka.	

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vann	0	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -11,1 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 70,0 t CO2-e.
	Støy	0	Utanfor registrerte støysoner
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	1,8 daa barskog høg bonitet, 7,5 daa anna markslag. 3,2 daa delvis bebygd. Ikkje dyrkbart.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området, men dette må greiast ut ved regulering.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne på teigen, men mange kjente kulturminner i området rundt.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Delar av området i konflikt med viktig nærturområde Lang-Isane.
SAMFUNN	Transportbehov	0	I reell gang- og sykkelavstand til barnehage, skule og sentrum.
	Teknisk infrastruktur	0	Utbygd VA
	Befolkningsutvikling og tenestebehov		
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Området ligg i tilknytting til eksisterande busetnad på Eide, og i gang/sykkelavstand til barnehage og skule.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for skred. Over marin grense
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	0	
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ikkje forureina grunn.
	Trafikk	0	Ligg ved kommunal veg med lite trafikk. Manglar gang- og sykkeltilbod til skule, men det er lite trafikk.

TILRÅDING	**Samla vurdering:** Området kan nyttast til fortetting av eksisterande spreidd busetnad. Med justerte grensar vert verknadane på friluftsliv relativt små. **Konklusjon:** Eit redusert areal vart tilrådd i 2. høyringsutkast, men vart vedteke utvida av FOR 1.02.2023.

4.1.7 Sørsida av Åsavegen - bustadfelt med ny infrastruktur

SKILDRING

G.nr.: 77 **B.nr.:** 1, 15, 302, 577 og 576
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Bustad

Storleik: 30 daa
Forslagstillar: Planforum



Skildring: Det er foreslått bustadfelt mellom Åsavegen og Evebø. Det er foreslått bustader på sørsida av Åsavegen og på dyrka mark aust for Nygård barnehage. Området sør for Åsavegen vert i tilknytting til etablert bustadfområde. Feltet skal utløyse ein ny gang- og sykkeltrasé mellom Åsen og Søreide- /Buktaområdet.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan som er under arbeid. Klimaberekning: Opptak utan endring: -278,3 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 1019,6 t CO2-e. Sentrumsnært område som legg til rette for auka aktiv transport – også frå Bukta/Søreide.
	Støy	0	Skytebane i bukta
	Sikring av jordressurs (jordvern)	1	19 daa blandingsskog av høg bonitet, 6 daa beite, 11,2 daa dyrka mark og 2,5 daa lauvskog impediment. Delar av området ligg innafor kjerneområde landbruk prioritet 2, men arealet ligg heilt i utkanten av dette.
	Naturmangfald og landskap	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området, men det vil bli vurdert på nytt i reguleringsplanarbeidet.
	Kulturminne og kulturmiljø	1	Det er foretatt arkiologiske utgravingar, og gjort funn i nedre del av området på Evebø. Funna er ikkje til hinder for å gå vidare med planarbeidet.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Fremre kant av området er noe brukt. Det går en sti/snarveg frå barnehagen og frå eit anna tun på Evebø opp gjennom område til Åsavegen. Området er lite nytta i dag, men har potensiale til å vere eit nærturområde.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Ligg like utanfor 15 minutters gange frå skule. Utbygging kan utløyse snarveg frå sentrum og Åsen til Søreide.
	Teknisk infrastruktur	1	Bratt lende. Krevjar ny infrastruktur inkludert pumpeledning til Åsavegen eller over elva.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Utbygging kan utløyse ein trygg snarveg frå Søreide/Bukta til fritidsområde i Åsen, og redusere behovet for skuleskyss.
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Er i tråd med retningslinene for lokalisering av bustadfelt i bustadpolitisk handlingsplan, og strategiar i samfunnsdelen.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	På oversida av aktsemdsområde for steinsprang. Under marin grense. Det er gjennomført grunnundersøking og vurdering av fare for steinsprang. Det er ikkje gjort funn som er avgjerande for vidare planarbeid.
	Flaum	0	Ikkje relevant
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	Branhydrant i nærleiken av område og utbygging vil krevje nye brannhydrantar.
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Vil gje innbyggarane i Bukta ein tryggare veg til skule og fritidsaktivitet.

TILRÅDING

Samla vurdering:
+ Kommunen har varsla oppstart av reguleringsplanarbeid for området, og kommunestyret har godkjent opsjonsavtale med grunneigarane. Området kan gje plass til mange bustadar, og vil knyte Bukta-område nærmare til Åsen og viktige fritidsareanaer.
- Området er bratt og krevjande, krev ny infrastruktur men er realiserbart. Delar av området er fulldyrka jord og innmarksbeite, men den ligg avgrensa vest i jordbruksområde.
Konklusjon: Tilrådd avsett til bustadformål – Formannskapet vedtok 8.06.2022 å redusere arealet ved å ta ut sørleg del.

4.1.8 Valborgkleiva - utviding eksisterande bustadfelt

SKILDRING

G.nr.: 76 **B.nr.:** 6 og 153
G.nr.: 77 **B.nr.:** 1 og 14
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Bustad

Storleik: 40 daa
Forslagstillar:
Samstilling av fleire

Skildring:
Område består av grunnlendt barskog, og ligg delvis inne i avsett bustadområde i gjeldande arealdel. I vest ligg område i forlenginga av Valborgkleiva C. Nordaust krysser forslått areal skogsvegen til Leirstøylen.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -51,8 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 1258,6 t CO2-e.
	Støy	0	Utanfor raud og gul sone til E39
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	16,8 daa barskog høg bonitet og 61,2 barskog impediment. Produktiv barskog med høg bonitet i delar av området - resten dårleg egna til skogproduksjon.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	1	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området, men det må gjerast nye vurderingar ved detaljregulering av området.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i område.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Området har etablert og merket stinett og er i moderat bruk til friluftsliv. Området har stort potensiale som nærturområde. Utbygging må ta omsyn til turstiar/ skogsveg.
SAMFUNN	Transportbehov	1	Godt over 15 minutter gange til skule. Feltet manglar fortau. Gang- og sykkelveg mellom den eldste delen av feltet (nedre Valborgkleiva) og Sandane skule.
	Teknisk infrastruktur	0	Ligg søraust for sist utbygde del av bustadfeltet Valborgkleiva med infrastruktur.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Vidare utviding av feltet vil auke behovet for utbygging av Sandane skule.
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Ytterlegare utviding av feltet mot aust/søraust fører ikkje til redusert klimautslepp og bilbruk (pkt. 1 og 2 i arealstrategi for bustadutvikling).
	Tema ROS	**RISIKO**	**KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE**
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred
	Flaum	0	Ligg utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	1	Området stetter ikkje kravet om brannhydrant for kvar 50 m. og er difor avhengig av tankvogn.
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Vil gje auka gjennomgangstrafikk i bustadområdet, og bør utløyse fortau.

TILRÅDING

Samla vurdering:
Aktuell del av området er avsett i gjeldande plan. Ei ytterlegare utviding mot nordaust kjem i konflikt med den populære tur- og skogsvegen mot Leirstøylen.

Konklusjon: Tilrådd Formannskapet vedtok 8.06.2022 å redusere arealet ved å ta ut nordaustre del inkl. myrområdet.

4.1.9 Valborgkleiva - utviding eksisterande bustadfelt

SKILDRING

G.nr.: 76 ***B.nr.:*** 6
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Bustad

Storleik: 70 daa
Forslagstillar:
Anders Eide (grunneigar)

Skildring:
Område består av grunnlendt barskog, og ligg delvis inne i avsett bustadområde i gjeldande arealdel. I vest ligg område i forlenginga av Valborgkleiva C. Nordaust krysser føreslått areal skogsvegen til Leirstøylen.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Krav til utslepp må sikrast gjennom regulering. Klimaberekning: Opptak utan endring: -152,3 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 2262,6 t CO2-e. Sentrumsnært, men vil for dei fleste utløyse bilbruk.
	Støy	0	Utanfor raud og gul sone til E39
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	5 daa barskog med særs høg bonitet i, 22,3 daa barskog med høg bonitet, 40,4 daa barskog impediment og 1,5 daa myr.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området (sjå tilrådd del av området lenger opp i dokumentet).
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Grensar mot mykje brukt turområde. Utbygging må ta omsyn til turstiar/ skogsveg.
SAMFUNN	Transportbehov	1	Godt over 15 minutter gange til skule
	Teknisk infrastruktur	0	Ligg i forlenginga av eksisterande bustadområde med infrastruktur(mot søraust)
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Vidare utbygging av feltet vil truleg forsterke behovet for utviding av Sandane skule.
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Ytterlegare utviding av feltet mot aust/søraust fører ikkje til redusert klimautslepp og bilbruk (pkt. 1 og 2 i arealstrategi for bustadutvikling).
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred
	Flaum	0	Ligg utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	1	Området stetter ikkje kravet om brannhydrant for kvar 50 m. og er difor avhengig av tankvogn.
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Vil gje auka gjennomgangstrafikk i bustadområdet, og bør utløyse fortau.

TILRÅDING

Samla vurdering:
Aktuell del av området er avsett i gjeldande plan. Ei ytterlegare utviding mot nordaust kjem i konflikt med den populære tur- og skogsvegen mot Leirstøylen.

Konklusjon: Delvis tilrådd i pkt 4.1.8

4.1.10 Valborgkleiva - utviding av eksisterande bustadfelt

SKILDRING

G.nr.: 77 **B.nr.:** 1
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Bustad

Storleik: 28,5 daa
Forslagstillar:
Knut Myklebust (grunneigar)

Skildring:
Område består av grunnlendt barskog. Delar av område på sør og vestsida av skogsvegen til Leirstøylen, ligg alt inne i gjeldande arealplan. Nordleg del av føreslått areal ligg i tilknytting til vegen Øvre Valborgkleiva.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav til utslepp må sikrast gjennom regulering. Klimaberekning: Opptak utan endring: -13,6 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 858,0 t CO2-e. Relativt sentrumsnært, men vil for dei fleste utløyse bilbruk.
	Støy	0	Utanfor raud og gul sone aust for E39. Støykrav må sikrast ved regulering.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	28 daa barskog impediment.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området (sjå tilrådd del av området lenger opp i dokumentet).
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Grensar mot mykje brukt turområde. Utbygging må ta omsyn til turstiar/skogsveg.
SAMFUNN	Transportbehov	1	Utanfor 15 minutter gange til skule og sentrum
	Teknisk infrastruktur	0	Ligger i tilknytning til eksisterande bustadområde med infrastruktur.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Vidare utbygging av feltet vil truleg forsterke behovet for utviding av Sandane skule.
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Ytterlegare utviding av feltet mot aust/søraust fører ikkje til redusert klimautslepp og bilbruk (pkt. 1 og 2 i arealstrategi for bustadutvikling).
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Innanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred
	Flaum	0	Lokale bekker må sikrast
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	1	Området stetter ikkje kravet om brannhydrant for kvar 50 m, og er avhengig av tankvogn.
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Vil gje auka gjennomgangstrafikk i bustadområdet, og bør utløyse fortau.

TILRÅDING

Samla vurdering:
Store delar av området ligg alt inne i gjeldande arealplan. Område nord/aust for skogsvegen er eit mykje brukt turområde.

Konklusjon: Delvis tilrådd i pkt 4.1.8

4.1.11 Område nord for omsorgssenteret - lite fortetta bustadfelt

SKILDRING

G.nr.: 74 **B.nr.:** 1
Dagens formål:
Offentleg bygg - framtidig
Foreslått formål: Bustad

Storleik: ca. 11 daa
Forslagstillar: Planforum

Skildring:
Foreslått område ligg nord for omsorgssenteret, langs ein åsrygg. Område består i dag av produktiv barskog. Arealet er sentrumsnært og ligg i tilknyting til gang- og sykkelveg og tilkomstvegen til Sandane sentrum.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav til utslepp må sikrast gjennom regulering. Klimaberekning: Opptak utan endring: -37,3 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 393,9 t CO2-e. Sentrumsnært område som legg til rette for auka aktiv transport.
	Støy	1	Område ligg innafor gul sone langs FV615. Støykrav må sikrast gjennom regulering.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	10,25 daa barskog særs høg bonitet.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar.	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området, men det må vurderast på nytt i samband med regulering.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Det er ingen kjente registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Åsryggen vert nytta som treningsløype for pasientar og bebuarar på Gloppen omsorgssenter. Området liggi funksjonell vassdragssone. Det er lagt inn byggegrense mot vassdraget.
SAMFUNN	Transportbehov	0	I reell gang og sykkelavstand til barnehage, skule og sentrum.
	Teknisk infrastruktur	0	Krev direkte avkøyring frå FV615. VA i fylkesvegen.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Nær barnehage, skule, buss-stopp, omsorgssenter og omsorgsbustader. Kan bidra til ei aldersvennleg utvikling (på tvers av aldersgrupper) i området rundt omsorgssenteret.
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Er i tråd med retningslinene for lokalisering av bustadfelt i bustadpolitisk handlingsplan, og strategiar i samfunnsdelen.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Under marin grense
	Flaum	1	Ligg innafor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	Lett tilkomst, tilgang til vatn i elv/ tankbil
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Ligg nær FV 615 med ÅDT på 3150, ved innfartåra til Sandane sentrum frå sør. Gang å sykkelveg til sentrum, men må krysse FV615.

TILRÅDING

Samla vurdering:
+ Solrikt område med flott utsikt. Arealet ligg nært omsorgssenteret, og med kort veg til barnehage, viktige nærmiljøanlegg, fleire større arbeidsplassar i Mona, og skulane og sentrum av Sandane.
- Området krev ny tilkomstveg og større terrengendringar for at arealet skal kunne utnyttast best mogleg. Arealet gir få tomter i forhold til kostnad ved opparbeiding, og bør difor avsettast til konsentrert utbygging. Bør sjåast i samanheng med område «Mardal blikkenslager». Delar av område vert i dag nytta til treningsløype for rehabiliteringspasientar ved omsorgssenteret.

Konklusjon: Tilrådd avsett til bustadformål

4.1.12 Holvik gard – bustadfelt for konsentrert utbygging

SKILDRING		
G.nr.: 74 **B.nr.:** 1 **Dagens formål:** LNF **Foreslått formål:** Bustad	**Storleik:** ca. 62 daa **Forslagstillar:** Svein Ottar Sandal	
Skildring: Avgrensa landbruksområde nært sentrum. Arealet ligg tett på eksisterande gang- og sykkelveg mellom sentrum og Kleivedammen. Det er ikkje fastbuande på garden, men det dyrkast jordbær på øvre del, og resten vert slått. Det er foreslått eit stort bustadfelt med konsentrert utbygging.		

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Krav til utslepp må sikrast ved regulering. Klimaberekning: Opptak utan endring: -158,0 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 1252,9 t CO2-e. Sentrumsnært område som legg til rette for auka aktiv transport.
	Støy	0	Delar av område ligg innanfor gul støysone til E39 og FV615. Støykrav må sikrast ved regulering.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	2	37,1 daa fulldyrka jord, 6,2 daa barskog med høg bonitet, 18,8 daa barskog med særs høg bonitet og 0,4 daa blandingsskog impediment. Stort inngrep i eit verdifullt kulturlandskap. Deler av skogsarealet er dyrkbart.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området, men dette må vurderast ved ei eventuell detaljregulering. Ligg registrert som grusressurs.
	Kulturminne og kulturmiljø	1	Alle bygningar er Sefrak reg. og omtalt i kulturminneplanen som eit verdifullt kulturmiljø. Tunet inneheld ei gammelstove (røykstova) frå 1846 og stabbur frå rundt 1760.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ligg i gangavstand til Trivselsskogen og kunstgrassbana i Mona.
SAMFUNN	Transportbehov	0	I reell gang og sykkelavstand til barnehage, skule og sentrum. Tett på barnehage- og skule, gang og sykkelveg, buss-stopp og Trivselsskogen.
	Teknisk infrastruktur	1	Utfordranda å løyse adkomst til området. Det må opparbeidast veg frå avkjøringa frå FV. Krev ein større utbygging for å forsvarast økonomisk.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ligg innafor 0,5 km sirkel med utg.p. i Sandane barneskule.
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Er i tråd med retningslinene for lokalisering av bustadfelt i bustadpolitisk handlingsplan, og strategiar i samfunnsdelen.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Området ligg utanfor aksemdsområde for jord og flaumskred og for snø- og steinsprang. Under marin grense.
	Flaum	0	Ligg utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	Tilgang til vatn i elv/ tankbil
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Ligg nær FV 615 med ÅDT på 3150, ved innfartåra til Sandane sentrum frå sør. Gang å sykkelveg til sentrum

TILRÅDING	
	Samla vurdering: Vurdert som område for fortetta bustader med parsellhagar og fellesareal – ikkje einebustadtomter. **+** Flott og solrikt sentrumsnært areal i reell gang- og sykkelavstand til både barnehage og arbeidsplassar i Mona, og skule og arbeidsplassar i og omkring sentrum. Tett på buss-stopp på FV 615. Vil bidra til reduksjon i klimagassutslepp. - Utfordrande å løyse adkomst til området. Det må opparbeidast veg frå avkjøring FV 615 i aust. Krevjar ein større utbygging for å kunne forsvarast økonomisk. Det er nyleg gjennomført ei kvikkleirekartlegging i område, som vi ikkje kjenner resultatet av enda. **Konklusjon:** Vurdert som svært verdifullt bustadareal, men tilrår **ikkje** at det vert avsett i denne rulleringa. Dette pga. andre, ferdigregulerte sentrumsnære bustadområde som ein ønskjer realisert først.

4.1.13 Sandane - Utviding av Høgenausen bustadfeltet mot Leirbrekka

SKILDRING

G.nr.: 69 ***B.nr.:*** *1, 2, 9, 12, 39 og 160*
Dagens formål: LNF og Bustad
Foreslått formål: Bustad

Storleik: 38 daa
Forslagstillar:
Olav Hjelmeset AS

Skildring: Utbyggar av Høgenausen ønskjer at feltet skal utvidast mot Leirbrekka (mot NV) - eit område på ca. 20 daa. Tomtene i eksisterande felt er solgt, og bustadfeltet nærmar seg ferdigstilling.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vann	1	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -145,1 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 1299,7 CO2-e.
	Støy	1	Området opp mot E39 er innanfor støysone
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	4 daa produktiv barskog høg bonitet. Ikkje dyrkbart.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	1	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området, men dette må greiast ut ved regulering. Vil medføre godt synlege landskapsendringer.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Det går ein sti gjennom området, frå Høgenausen til Leirbrekka. Seks registreringar i barnetråkk 2022, som forsterkar det: Fin utsikt, fin tursti og fin skog å leike i. Det er viktig at denne stien vert vidareført.
SAMFUNN	Transportbehov	1	Nordvestre del av området er utanfor gangavstand til sentrum og skulane, som truleg vil vil truleg medføre bilbruk og gjennomkøyring på grunn av mye stigning/bratt terreng.
	Teknisk infrastruktur	2	Tilkopling til eksisterande veg, vatn, avløp. Det går mykje overvatn i terrenget. Etablert infrastruktur på nedsida er sårbar for endringar i overvatn.
	Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	I tråd med vedteken arealstrategi som sentrumsnært område, men er ikkje aldersvennleg.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Heile arealet ligg i aktsemdsområde for snø og steinsprang. Det meste av arealet ligg innanfor marin grense. Nordleg del mot Leirbrekka ligg i aktsemdsområde for jord og flaumskred.
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	0	Utgreie krav om slokkevatn
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ikkje forureina grunn.
	Trafikk	0	Ligg i enden av kommunal veg, med lite trafikk. GS-veg til skule langs fylkesvegen.

TILRÅDING

Vurdering:
Eit relativt lite område i forlenging av eksisterande bustadfelt som kan nyttast til konsentrert bustadutbygging. Utfordring med handtering av overvatn.

Konklusjon:
Ikkje tilrådd - Vedteke lagt inn i formannskapet 20.10.21, og utvida mot Leirbrekka i møtet 8/6-22.

4.1.14 Øyrane – bustad/reiseliv

SKILDRING

G.nr.: 69 **B.nr.:** 49
Dagens formål:
Regulert, fleire formål
Foreslått formål:
Bustad /reiseliv

Storleik: 15 daa
Forslagstillarar: Fleire; Erling Sande, Øystein og Ellen K. Skinlo, Kristian Skaaden og Jenny Hysing.

Skildring:
Arealet ligg mellom småbåthamna og Bano (område avsett til næringsformål) i vest og område avsett til museumsformål aust for utstillings-plassen og stallane. Bygningane som ligg i område er vedteke å rive. Utbygging av arealet krev ei heilskapleg tilnærming.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	Ikkje vurdert.	Krav til utslepp må sikrast gjennom detaljregulering. Området er allereie i dag bebygd og regulert, slik at det ikkje vert gjort noko klimaberekning. Sentrumsnært område som legg til rette for auka aktiv transport.
	Støy	1	Industri i utkanten av området – krev støyskjerming. Støykrav må sikrast gjennom regulering.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	Ikkje relevant.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar.	1	Artsobservasjon av fleire fugleartar som er nær trua eller sårbare ved småbåtkaia i utkanten av område, elles ingen registreringar i naturbase. Området er alereie bebygd i dag, og ber preg av forfall.
	Kulturminne og kulturmiljø	1	Holvikejekta ligg aust for området og tilkomst til område må sikrast i ei eventuell utbygging. Elles ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Småbåthavn i utkanten av område mot vest. Holvikjekta som nasjonalt kulturminne. Ingen registreringer i barnetråkk i aktuell del av område.
SAMFUNN	Transportbehov	0	I reell gang og sykkelavstand til Nordstranda skule og sentrum.
	Teknisk infrastruktur	0	Kan nytte offentleg veg og VA, og eksisterande gang og sykkelveg mot skule.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Område har nærleik til viktige sentrumsfunksjonar og offentlege helsetenester
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Område ligg i reell gang og sykkelavstand til både skule og sentrum, og bidrar til redusert transportbehov og klimagassutslepp.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred og aktsemdsområde for snø- og steinsprang. Under marin grense.
	Flaum	1	Ligg innanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	1	Ligg innanfor aktsemdsområde for havnivåstigning
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	Brannkomme i område og tilgang på elv og sjø.
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Ligg ved FV 5731 med ÅDT 2200. Gang- og sykkelveg til skule (trafikkfarleg kryssing), men ikkje gang- og sykkelveg mot sentrum.

TILRÅDING

Samla vurdering:
+ Området er verdifullt med nærleik til sjø, sentrum, museumsområde m/Holvikjekta, og har gang- og sykkelveg til Nordstranda skule. Området bør nyttast til konsentrert bustadareal og/ eller reiseliv, som let seg kombinere med småbåthavn og museum. Ei eventuell utvikling av området krev riving av eksisterande bygg.
-Noe støy frå næringar i tilgrensande område som krev avbøtande tiltak.

Konklusjon: Området vert tilrådd avsett til bustad/reiseliv - Vedtok i formannskapet 20.10.21 og ta ut av planen/ vidareføre gjeldande reguleringsplan og avvente visningsbygg til Holvikejekta.

4.1.15 Austrheim - Mindre bustadfelt i strandsona

SKILDRING

G.nr.: 69 **B.nr.:** 9
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Bustad

Storleik: 3 daa
Forslagstillar:
Erlend Hamre (grunneigar)

Skildring:
Området ligg mellom Nordstrandsvegen og sjøen. Heile arealet er registrert som fulldyrka jord og innanfor 100-metersbelte. Det er forslått til einebustadtomter.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav til utslepp må sikrast ved regulering. Klimaberekning: Opptak utan endring: -4,1 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 19,9 t CO2-e. Sentrumsnært område som legg til rette for auka aktiv transport.
	Støy	1	Område ligg rett ved fylkesveg 700. Det er ikkje gjennomført støykartlegging langs vegen. Støykrav må sikrast ved regulering.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	2,6 daa fulldyrka jord, 0,4 daa anna markslag - avgrensa av veg og sjø.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området, men det må vurderast i samband med ei eventuell regulering.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	2	Ligg i strandsona, med naust i vestre del av området. Ei eventuell utbygging må legge til rette for allmenn ferdsel i strandsona.
SAMFUNN	Transportbehov	0	I gangavstand til skule via sti/snarveg. Sykkelavstand til skule via kommunal veg og fylkesveg med gang og sykkelfelt. Innan reell sykkelavstand til sentrum.
	Teknisk infrastruktur	1	Ligg rett ved fylkesveg, men terrenget er for bratt til å legg avkjørsla direkte frå fylkesvegen. Ei evt. utbygging krev at ein nyttar avkøyrsla lenger vest, med adkomst på nedsida av bustadene.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Bidreg i liten grad til ei bustadutvikling med varierte bustad i same felt.
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Ikkje i tråd med strategi for nye bustadareal, vern av dyrka mark og strandsone.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Området ligg utanfor aksemdsområde for jord og flaumskred og snø- og steinsprang. Område ligg under marin grense, i strandsona.
	Flaum	0	Ein liten del vest på område ligg innanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	1	Grenser mot sjø
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	Vatn i sjø
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Relativt lite trafikk

TILRÅDING

Samla vurdering:
+ Eit attraktivt og solrikt areal for bustader ved sjø. Arealet er lite og ligg i sin heilskap i strandsona, og vil kun gje plass til ca. 3 einebustadar.
- Arealet ligg i eit område med aktivt landbruk (først og fremst fruktdyrking), som i hovudsak er lokalisert på nordsida av vegen, men det ligg ein einebustad vest for feltet. Det er ikkje opparbeida gang- og sykkelveg mot sentrum, men det er relativt lite trafikk gjennom område.
-Området er bratt og tilkomst frå fylkesvegen vil krevje store delar av arealet.

Konklusjon: Ikkje tilrådd - Vedteke lagt inn i formannskapet 20.10.21, men vart teken ut av planen igjen 8/6-22.

4.1.16 Gamletunet på Austrheim - Nytt bustadfelt sør for skulen

SKILDRING

G.nr.: 69 **B.nr.:** 4,
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Bustad

Storleik: 13 daa
Forslagstillar:
Marianne Ryssdal

Skildring:
Område ligg rett sør for Nordstranda skule, og er avgrensa av ei elv i nordvest, Øvre Nordstranda i sør og Austerheimsbakken i aust. Området består i dag av eit bebudd og eit ubebudd gardstun. Det er opparbeida gang- og sykkelveg langs Austerheimsbakken mot sentrum.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vann	0	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -25,6 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 199,8 t CO2-e. Sentrumsnært område som legg til rette for auka aktiv transport.
	Støy	0	Ligg utanfor raud og gul sone til E39. Det er ikkje gjennomført støykartlegging forbi skulen. Støykrav må sikrast gjennom regulering.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	1	Arealet har 8,2 daa dyrka mark, 0,4 daa barskog av særs høg bonitet, 3 daa blandingsskog med middels bonitet, 2 daa lauvskog impediment og 6,1 daa anna utmark. Pr. i dag ikkje buplikt.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Lokalitet: Gråtrost aust for driftsbygning i tunet Det er elles ingen registrerte naturmangfaldsverdiar i området.
	Kulturminne og kulturmiljø	1	Nærleik til kulturminne i tunet lenger sør - Hellehaugen og Austreim kyrkjestad. Fleire SEFRAK-registrerte bygninger i varierande stand. Delar av kulturmiljøet bør takast vare på og vidareførast i reguleringsplanen. Ei unik og verneverdig smie sørvest for området er omtalt i kulturminneplan.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ingen registrerte barnetråkk i området
SAMFUNN	Transportbehov	0	Ligg i tilknytting til eksisterande skuleområde, og i reell sykkelavstand til sentrum (1,9 km)
	Teknisk infrastruktur	0	Utviding kan nytte eksisterande infrastruktur.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Tett på skule og nærmiljø og i reell gang og sykkel avstand til sentrum.
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Er i tråd med retningslinene for lokalisering av bustadfelt i bustadpolitisk handlingsplan, og strategiar i samfunnsdelen.
	Tema ROS	**RISIKO**	**KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE**
ROS	Skred	1	Området ligg under marin grense. Området ligg utanfor aksemdsområde for jord og flaumskred og aktsemdsområde for snø- og steinsprang.
	Flaum	1	Ligg utanfor aktsemdsområde for flaum, med unntak av område nordvest for tunet.
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	Brannkomme i område og tilgang på vatn i elv
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Gang og sykkelveg halvvegs til sentrum, til skule og evt.ny barnehage under planlegging i nærområde.

TILRÅDING

Samla vurdering:
+ Område ligg i tilknytting til Nordstranda skule og eksisterande infrastruktur, og i reell gang- og sykkelavstand til sentrum. Arealet er relativt flatt og lett å opparbeide. Størsteparten av område er opa fastmark (impediment) og består av ~~to~~ eit ubebudd gardtun. ~~, der kun det eine er bebudd.~~ Arealet ligg i eit avgrensa LNF – område, der kun ein liten del er dyrkbar jord. Dette kan t.d. nyttast til parsellhagar.

Konklusjon: Tilrådd omgjort til bustadformål og med prioritet 1 for bustadfelt på Nordstranda. Arealet vart redusert av formannskapet 8/6-22.

4.1.17 Austrheim - Utviding av nytt bustadareal på Austrheim aust for vegen.

SKILDRING	***G.nr.:*** 69 ***B.nr.:*** *4* ***Dagens formål:*** LNF ***Foreslått formål:*** Bustad	***Storleik:*** 23,7 daa ***Forslagstillar:*** Adha AS v/ Geirmund Kvamme	
	Skildring: Grunneigar ønskjer å legge inn området til bustadformål. Området ligg tett på Nordstranda skule, Grendahuset Gimle og framtidig plassering av Austrheim barnehage. Utbyggar ser føre seg ei heilskapleg utvikling av området med variert busetting, der ein kan flytte internt innan området gjennom ulike livsfaser og behov. Ser på området som eit mogleg prosjekt for å "Leve heile livet".		

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vann	0	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak i dag: -36,5 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging, utslepp: 180,8 t CO2-e.
	Støy	1	Utanfor registrerte støysoner. Det er ikkje gjort registrering av støy langs kommunal veg i Austrheimsbakken.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	2	Arealet består av 23,7 daa fulldyrka jord, og ligg innafor kjerneområde landbruk. Det har over tid vore leigd ut til jordbærdyrking.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området. Vil endre landskapet vesentleg.
	Kulturminne og kulturmiljø	1	Ingen registrerte kulturminne i foreslått område, men området ligger ved kjent kulturmiljø i Austrheimstunet.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ingen registreringer i barnetråkk i aktuell del av område. Utanfor strandsona.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Gang og sykkelveg til barneskule og kort avstand til sentrum. Det er kun delvis trygg gang- og sykkelløysing til sentrum. Ligg tett på kollektiv trasê gjennom Sandane.
	Teknisk infrastruktur	0	TIlkobling til eksisterande
	Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Plassering nær skule, framtidig bustadområde og barnehage, og møteplassar med gang og sykkelavstand til sentrum.
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Delvis i tråd med vedteken arealstrategi for bustadutv. Pkt. 1,2, 5 og 6 og pkt. 2 og 4 i arealstrategi for infrastruktur, men i konflikt med kjerneområde landbruk (frukt- og bærdyrking).
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Deler av området er innanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred. Stor moglegheit for marin leire
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	0	Krav om slokkevatn
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ikkje forureina grunn.
	Trafikk	0	Ligg ved kommunal veg med moderat trafikk. Gang- og sykkelveg til barneskule.

TILRÅDING	**Samla vurdering:** Området kan bli eit attraktivt bustadområde ved skule og barnehage. Det er god infrastruktur og sykkelavstand til sentrum. Det er regulert fortau til sentrum. Forventa bustadbehov på Sandane er i hovudsak mindre fortette bueiningar og det er stort potensial for fortetting i eksisterande bustad og sentrumsområde. Området er registrert kjerneområde landbruk og vert nytta til dyrking av jordbær. Område med god landbruksjord bør ikkje utbyggast før potensialet til fortetting er utnytta. **Konklusjon:** Ikkje tilrådd

4.1.18 Askefeltet – vest – utviding av eksisterande bustadfelt

SKILDRING

G.nr.: 69 **B.nr.:** 4
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Bustad

Storleik: ca. 14 daa
Forslagstillar: Planforum

Skildring:
Området ligg i gangavstand frå Nordstranda skule, og som ei utviding vest for eksisterande bustadfelt. Arealet ligg i ein skråning med variert skog med ikkje dyrkbar jord. I vest er område avgrensa av ei elvegrov. Ein del av arealet går vekk til skjæringar for å få til ein god tilkomstveg. Arealet vil gje plass til ca. 8 tomter.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav til utslepp må sikrast ved regulering. Klimaberekning: Opptak utan endring: -50,7 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 535,1 t CO2-e. Område ligg nær skule og kollektivstoppestad, men eit stykke frå sentrum, og vil for dei fleste utløyse bilbruk.
	Støy	1	Nedre del av feltet er innanfor gul sone frå E39. Støykrav må sikrast ved regulering.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	13,9 daa barskog med særs høg bonitet og 0,1 daa innmarksbeite.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Etablert sti frå kryss E39 og Fjellbygdevegen mot fjellet
SAMFUNN	Transportbehov	0	Gangavstand til skule, utanfor gangavstand til sentrum. Arealbruken vil ikkje gje reduksjon i klimagassutslepp p.g.a.avhengigheit av bil til sentrum.
	Teknisk infrastruktur	1	Utfordrande stigningsforhold, ved adkomst frå krysset m/ E39. Alternativ adkomstveg gjennom eksisterande bustadfelt
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Gangavstand til skule, men utanfor reel gang og sykkelavstand til sentrum.
	Tema ROS	**RISIKO**	**KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE**
ROS	Skred	1	Innanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred
	Flaum	1	Lokale bekker må sikrast
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	1	Området stetter ikkje kravet om brannhydrant for kvar 50 m., og er difor avhendig av tankvogn.
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	

TILRÅDING

Samla vurdering:
+ Område er solrikt med flott utsikt. Området har frå nedre del av feltet trygg gang- og sykkelveg til Nordstranda skule. Det føreligg ein opsjonsavtale med grunneigarar. Ved regulering av området vil det bli lagt til rette for ein gangveg frå krysset ved E 39 og opp til krysset mellom indre og ytre Fjellbygda.
- Området er bratt. Avhengig av løysing vil området krevje mye areal til infrastruktur. P.g.a. sterk stigning i terrenget, vil ikkje arealet gje reduksjon i klimagassutslepp p.g.a.avhengigheit av bil til sentrum.

Konklusjon: Ikkje tilrådd

4.1.19 Askefeltet - nordaust - utviding av eksisterande bustadfelt

SKILDRING

G.nr.: 69 **B.nr.:** 2, 4, 12 og 106
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Bustad

Storleik: Ca. 66 daa
Forslagstillar:
Solveig Lien Gusdal

Skildring:
Det er foreslått eit stort bustadfelt nordaust for Askefeltet.
Området består av produktiv blandingsskog.
Feltet er avgrensa av Fjellbygdvegen i sør og Ytre Fjellbygda i vest.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Krav til utslepp må sikrast ved regulering. Klimaberekning: Opptak utan endring -267,0 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 2417,6 t CO2-e. Området ligg nær skule og kollektivstoppestad, men eit stykke frå sentrum, og vil for dei fleste utløyse bilbruk.
	Støy	0	Utanfor gul sone langs E39
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	66 daa produktiv blandingsskog med høg bonitet. Ikkje dyrkbar.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området, men dette må greiast ut ved regulering.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ingen registrerte barnetråkk i området.
SAMFUNN	Transportbehov	1	I utkanten av gangavstand til skule, utanfor reell sykkelavstand frå sentrum/ bratt og smal veg. Arealet vil ikkje gje reduksjon i klimagassutslepp p.g.a.avhengigheit av bil til sentrum.
	Teknisk infrastruktur	1	Utløysar behov for 2-felts veg frå E39 og gangveg/fortau. VA er ok.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje i tråd med ønska utvikling av nye bustadområde.
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Ikkje i tråd med statlege planretningsliner om samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Utfordrande plassering i forhold til krav om reduksjon i klimagassutslepp.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Innanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred
	Flaum	1	Lokale bekker må sikrast
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	1	Området stetter ikkje kravet om brannhydrant for kvar 50 m, og er difor avhendig av tankvogn.
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	1	Fjellbygdevegen er smal og trafikkfarleg. Egnar seg ikkje for syklande og gåande.

TILRÅDING

Samla vurdering:
+ Stort område med plass til mange solrike tomter med utsikt.
- Området ligger langt frå sentrum og utanfor reell sykkelavstand til skule p.g.a. stor høgdeforskjell og smal og trafikkfarleg veg. Ei evt. utbygging krev etablering av ein gangveg gjennom eksisterande bustadfelt og planlagt utviding mot vest, og oppgradering av tilkomstvegen frå E39 (Fjellbygdevegen). P.g.a. sterk stigning i terrenget, vil ikkje arealet gje reduksjon i klimagassutslepp p.g.a.avhengigheit av bil til sentrum.

Konklusjon: Ikkje tilrådd – Vedteke lagt inn i formannskapet 20.10.21

4.1.20 Gloppestad – utviding av eksistertande bustadområde

SKILDRING

G.nr.: 66 **B.nr.:** 4
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Bustad

Storleik: ca. 4,7 daa
Forslagstillar:
Astrid og Olav Søreide

Skildring: Grunneigar av g.br.nr. 66/4 ønskjer at område vert endra frå LNF-område til bustadformål. Det føreligg ingen konkrete planar som beskriv korleis område skal nyttast i det skriftlege innspelet. Arealet ligg i tilknyting til avsett utbyggingsområde langs Øvre Nordstranda, der det er opna for utbygging utan reguleringsplan for tomter med direkte tilgang frå gjennomfartvegen.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -18,8 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 167,7 t CO2-e. Området ligg midt mellom barnehage og skule, men eit stykke frå sentrum, og vil for dei fleste utløyse mye bilbruk.
	Støy	0	Nordaustre del av området ligg innanfor gul sone i støykart for E 39
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	4,5 daa blandingsskog med særs høg bonitet og 0,2 daa beite.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i område.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ligg i område med fleire bustader. Skogsveg og undergang under E39 i nærområde. Ingen barnetråkk-registreringer i område.
SAMFUNN	Transportbehov	1	Ligg ikkje innanfor reell gangavstand til skule og barnehage på Nordstranda, men ligg i reell sykkelavstand. Arealet vil ikkje gje reduksjon i klimagassutslepp p.g.a.avhengigheit av bil til sentrum.
	Teknisk infrastruktur	0	Direkte adkomst frå Øvre Nordstranda
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	1,5 - 2,0 km frå skule
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	I tråd med arealstrategi for bustadutvikling i vedteke planprogram. Ligg i tilknytting til eit mindre og utbygd bustadfelt på Gloppestad.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Delar av område ligg innanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred.
	Flaum	0	Lokale bekker må sikrast
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	1	Ligg langs vannledningen på Nordstranda. Krev fleire brannhydrantar.
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Manglar gang- og sykkeltilbod til skule – avhengig av skuleskyss .

TILRÅDING

Samla vurdering: Området ligg i tilknyting til areal avsett til bustadformål i gjeldande arealdel, som har vore vurdert som mogleg område for kommunalt bustadfelt på Nordstranda. Dette arbeidet vart avslutta etter vedtak i sak 38/17 i formannskapet. I vedtaket fråviker dei kravet om detaljregulering for tomtene med direkte tilkomst frå Øvre Nordstranda. Grunneigarane i området ønskjer at arealet held fram med å vere avsett til bustadformål i sin heilskap.

Konklusjon:
Vi tilrår difor arealet avsett til bustadformål, og sjåast i samanheng med tilgrensande bustadområde. Ligg i 3. planutgåve inne som del av bustadarealet 4.1.21 Slagstad/ Gloppestad vest.

4.1.21 Slagstad/Gloppestad vest – nytt bustadfelt

SKILDRING

G.nr.: 65 **B.nr.:** 1 og 2,
G.nr.: 66 B**.nr.:** 2, 4, 7 og 21
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Bustad

Storleik: 50 daa
Forslagstillar: Grunneigarar

Skildring:
Arealet ligg i bratt terreng med dei flataste partia opp imot E 39. Største del av området består av anna markslag som ikkje er dyrkbar. Resten er innmarksbeite og skog.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Krav til utslepp må sikrast ved regulering. Klimaberekning: Opptak utan endring: -108,3 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 1379,0 t CO2-e. Området ligg midt mellom barnehage og skule, men eit stykke frå sentrum, og vil for dei fleste utløyse mye bilbruk.
	Støy	0	Det meste av området ligg utafor gul sone i støykart for E 39, men dei beste flatene ligg opp imot E 39. Støykrav må sikrast ved regulering.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	1,6 fulldyrka jord, 2,7 daa innmarksbeite, 10,2 daa barskog impediment og 4,5 daa open fastmark impediment.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området, men dette må greiast ut ved ei eventuell detaljregulering. Utbygging vil føre til ei vesentleg endring av landskapet pga. vegskjeringar.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne i område.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ligg i område med fleire nye bustader. Bør ta omsyn til skogsveg og undergang til turområde over E39. Ingen barnetråkk-registreringer i område.
SAMFUNN	Transportbehov	1	Ligg ikkje innanfor reell gangavstand til skule og barnehage på Nordstranda, men ligg i reell sykkelavstand. Avhengig av bil til sentrumsfunksjonar.
	Teknisk infrastruktur	2	Området er for bratt til å etablere veg til bustadområdet. Eksisterande traktorveg i austkanten av område.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	2,5 km til skule
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Fleire nyare bustadhus i området. Kan løysast gjennom å definere område til sprett busetnad i LNF
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Innanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred.
	Flaum	1	Bekk gjennom område/ delvis i rør.
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	1	Ligg langs vannledningen på Nordstranda. Krev fleire brannhydrantar.
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	1	Ligg tett på gjennomfartsveg - E39

TILRÅDING

Samla vurdering:
+ Arealet ligg sørvendt med flott utsikt i eit område med fleire private bustader. Grunneigar er positiv til ei utbygging.
- Tilkomst til området vil bli bratt og krevje mykje ny veg i sidebratt terreng. Store deler av arealet vil gå med til veg og infrastruktur. Det kan verte plass til mellom 4 og 8 tomter. Kostnaden for opparbeiding vert høg per tomt.

Konklusjon: Ikkje tilrådd - vedteke lagt inn i formannskapet 20.10.21. Det nye arealet erstattar pkt. 4.1.20 Gloppestad-utviding av eksisterande bustadområde og pkt. 4.1.41 Gloppestad vest LNF spreidd bustad.

4.1.22 Vereide – Bustad/fritidsbustad langs Nesavegen

SKILDRING	**G.nr.:** 59 **B.nr.:** 21 **Dagens formål:** LNF **Foreslått formål:** Bustad/fritidsbustad	**Storleik:** Teigen er totalt 9 daa **Forslagstillar:** Per Rune Vereide	
	Skildring frå forslagstillar: Arealet har tidlegare vore nytta til fruktdyrking og beite. Har tidlegare fått løyve til å dele ifrå to tomter. Tilkomst er ei problemstilling, men er tenkt løyst ifrå Øvre Nordstranda. Området er svært bratt, rundt 50%.		

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vann	0	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -43,8 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging, utslepp: 309,7 t CO2-e.
	Støy	0	Utanfor registrerte støysoner
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	Jorddekt areal. 8,2 daa produktiv lauvskog av særs høg bonitet. Ikkje dyrkbar.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området. Ingen store landskapsendringar, ein naturleg del av eksisterande bebyggelse. Ligg registrert som grusressurs.
	Kulturminne og kulturmiljø	1	Ingen registrerte kulturminne i området, men i omkringliggande område.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ingen registreringer i barnetråkk i aktuell del av område. Utanfor funksjonell strandssone.
SAMFUNN	Transportbehov	1	Ikkje reel gangavstand til skule og sentrum
	Teknisk infrastruktur	1	Nesavegen er svært bratt og har utfordring med utvasking.
	Befolkningsutvikling og tenestebehov	1	Utfordrende å levere tenestar pga. bratt veg.
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Fortetting av etablert bebyggelse på nedre Vereide
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Deler av området er innanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred. Middels moglegheit for marin leire
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	1	Utfordrande tilkomst
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ikkje forureina grunn.
	Trafikk	0	Svært lite trafikk på Nesavegen fram til skuleskyss

TILRÅDING	**Vurdering:** Utbygging vil krevje mykje terrengopparbeiding. Skråningane på teigen er like bratte som kvilevinkelen, som vil sei at det ikkje er mogleg å lage skjeringar og fyllingar utan å forsterke grunnen. Arealet vil bli dårleg utnytta og opparbeiding vil være kostbart. **Konklusjon:** Ikkje tilrådd – Vedteke lagt inn i formannskapet 20.10.21. Teken ut etter mekling 23.05.23

4.1.23 Andenes – utviding av bustadfelt

SKILDRING

G.nr.: 55 **B.nr.:** 3, 43
Dagens formål: LNF/bustad
Foreslått formål: Bustad

Storleik: 25 daa
Forslagstillar: Vidareføring frå tidlegare plan. Revidert av planforum.

Skildring:
Utviding av eksisterande bustadmiljø med 5 tomter aust for området. Området ligger nært kryss på E39. Området ligger mellom Apalset bustadfelt og Andenes.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav til utslepp må sikrast ved regulering. Klimaberekning: Opptak utan endring: -104,9 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 848,3 t CO2-e. Vil for dei fleste utløyse mye bilbruk.
	Støy	1	Nordaustleg del av området ligg innanfor gul sone i støykart for E 39, og støy frå steinbrudd/pukkverk nordaust for E39. Krev støyskjermingstiltak.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	20 daa barskog med høg bonitet, 3 daa barskog impediment og 2 anna utmark.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området, men det må vurderast i reguleringsplanarbeidet.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ligg i område med fleire nye bustader. Ingen barnetråkk-registreringer i område.
SAMFUNN	Transportbehov	1	Området ligg 7 km frå sentrum, ligg ikkje i gang- og sykkelavstand til barnehage (3 km) og skule (5,5 km) på Nordstranda, men nær flyplass og fergekai. Arealet vil ikkje bidra til reduksjon i klimagassutslepp p.g.a.avhengigheit av bil til dei fleste aktivitetar i kvardagen.
	Teknisk infrastruktur	0	Utbygging krev ei samla utbygging av infrastruktur.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	5,5 km frå skule
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Ikkje i tråd med statlege planretningsliner om samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, men ligg i tilknytting til eksisterande bebyggelse.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Store delar av område ligg innanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred.
	Flaum	0	Lokale bekker må sikrast
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	1	Ligg langs vannledningen på Nordstranda. Krev fleire brannhydrantar.
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	1	Nært E39. Lite trafikk, men noe gjennomgangstrafikk på kommunal veg.

TILRÅDING

Samla vurdering:
Utviding av eksisterande bumiljø på Andenes. Området er avgrensa av veg både over og under. Kort avstand til sjø og skog.
- Området er langt frå sentrum, barnehage og skule.
+ kort avstand til kryss på E39, kollektivline, flyplass og fergekai Anda-Lote.

Konklusjon: Tilrådd

4.1.24 Søreide - utviding bustadområde "Søreide Skule"

SKILDRING	**G.nr.:** 2 **B.nr.:** 42 og 73 **Dagens formål:** Friområde/ offentleg bygg **Foreslått formål:** Bustad	**Storleik:** 10 daa **Forslagstillar:** Leo4 AS v/Ola Sundt Ravnestad	
	Skildring: Forslagstillar ønskjer å omdisponere plan-området til bustad med ein fortetta bustadmasse. Tanken er å styrke og suplere med eit neste byggetrinn på dette arealet. Målet er mellom anna å kunne tilby bustader for ulike kjøpargrupper. Arealet er godt eigna til formålet, og ein kan få til gode uteopphaldsareal og leikeområde.		

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vann)	0	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -27,3 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging, utslepp: 288,2 t CO2-e.
	Støy	2	Innanfor støysone frå skytabana i Bukta
	Sikring av jordressurs (jordvern)	1	7,5 daa produktiv barskog særs høg bonitet. Store deler av arealet er dyrkbart.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området. Arealet ligg i eit større område registrert som grusressurs.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne i området
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ingen registreringer i barnetråkk i aktuell del av område. Utanfor strandsona. Potensiel bruk til leik for nabolaget
SAMFUNN	Transportbehov	1	Utanfor reel gangavstand til sentrum.
	Teknisk infrastruktur	2	Kan påkoblast eksisterande infrastruktur. Fv5733 har dårleg kapasitet.
	Befolkningsutvikling og tenestebehov		
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	I tråd med arealstrategi pkt. 6: Det skal leggast til rette for ei variert utbygging ved etablering av nye bustadfelt.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for skred
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	0	
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ikkje forureina grunn.
	Trafikk	1	Manglar gang- og sykkeltilbod til skule og sentrum.

TILRÅDING	**Vurdering:** Utfordringar med støy frå skytebana, manglande løysing for gang- og sykkel og dårleg kapasitet på FV 5733 gjer at vidare utbygging i området vil være kostbart og utfordrande. Før eventuell utbygging må det gjerast trafikkanalyse for fylkesvegen og stillast rekkefølgjekrav om opprusting av vegen. **Konklusjon:** Ikkje tilrådd – Vedteke lagt inn av formannskapet 20.10.21

4.1.25 Søreide - mindre bustadområde på nordsida av Jardøla

SKILDRING	**G.nr.:** 2 **B.nr.:** 1 **Dagens formål:** LNF **Foreslått formål:** Bustad	**Storleik:** 6 daa **Forslagstillar:** Kurt Fossheim	
	Skildring: Arealet ligg langs med elva Jardøla sør for det tidlegare høgskuleområdet på Søreide. Grunneigar ser føre seg at det er areal til 2-3 bustadtomter.		

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vann)	0	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -21,8 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 230,6 t CO2-e.
	Støy	2	Innanfor støysone frå skytabana i Bukta
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	6 daa barskog særs høg bonitet. Ikkje dyrkbart.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området. Arealet ligg i eit større område registrert som grusressurs.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne i området
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ingen registreringer i barnetråkk i aktuell del av område. Utanfor strandsona.
SAMFUNN	Transportbehov	1	Utanfor reell gangavstand til sentrum.
	Teknisk infrastruktur	2	Kan påkoblast eksisterande infrastruktur. Fv5733 har dårleg kapasitet.
	Befolkningsutvikling og tenestebehov		
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Ikkje i tråd med vedteken arealstrategi for bustadområde.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for skred
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	0	
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ikkje forureina grunn.
	Trafikk	1	Manglar gang- og sykkeltilbod til skule og sentrum.

TILRÅDING	**Vurdering:** Utfordringar med støy frå skytebana, manglande løysing for gang- og sykkel og dårleg kapasitet på FV 5733 gjer at vidare utbygging i området vil være kostbart og utfordrande. **Konklusjon:** Ikkje tilrådd – Vedteke lagt inn av formannskapet 20.10.21, og teke ut av planen igjen 8/6-22.

4.1.26 Søreide - mindre bustadområde sør for skuleområdet på Søreide

SKILDRING	**G.nr.:** 2 **B.nr.:** 1 **Dagens formål:** Friområde / offentleg bygg **Foreslått formål:** Bustad	**Storleik:** 5 daa **Forslagstillar:** Kurt Fossheim	
	Skildring: Foreslått areal ligg rett vest for fotballbana og det tidlegare høgskuleområde på Søreide. Grunneigar ønskjer samtidig å legge inn eit næringsareal vest for foreslått bustadareal, som ein buffer mot nærliggande landbruksareal og støy frå skytebana.		

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -18,2 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 192,2 t CO2-e.
	Støy	2	Innanfor støysone frå skytabana i Bukta
	Sikring av jordressurs (jordvern)	1	5 daa barskog særs høg bonitet. Dyrkbart.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området. Arealet ligg i eit større område registrert som grusressurs.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne i området
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ingen registreringer i barnetråkk i aktuell del av område. Utanfor strandsona til elva Jardøla.
SAMFUNN	Transportbehov	1	Utanfor reel gangavstand til sentrum.
	Teknisk infrastruktur	2	Kan påkoblast eksisterande infrastruktur. Fv5733 har dårleg kapasitet
	Befolkningsutvikling og tenestebehov		
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Ikkje i tråd med vedteken arealstrategi for bustadområde.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for skred
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	0	
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ikkje forureina grunn.
	Trafikk	1	Manglar gang- og sykkeltilbod til skule og sentrum.

TILRÅDING	**Vurdering:** Utfordringar med støy frå skytebana, manglande løysing for gang- og sykkel og dårleg kapasitet på FV 5733 gjer at vidare utbygging i området vil være kostbart og utfordrande. **Konklusjon:** Ikkje tilrådd – Vedteke lagt inn av formannskapet 20.10.21

4.1.27 Fitje - nytt bustadareal i tilknytting til delvis bebygd område

SKILDRING	***G.nr.:*** *6* ***B.nr.:*** *5* ***Dagens formål:*** LNF ***Foreslått formål:*** Bustad	***Storleik:*** 4 daa ***Forslagstillar:*** Olav Andre Gjengedal Lotsberg
	Skildring: Grunneigar ønskjer at arealet vert vurdert avsett til bustadformål, og ser føre seg 4 tomter på om lag 1 daa kvar. Området ligg i tilknytting til eit mindre bustadområde innerst på Sørstranda.	



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vann	0	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -9,9 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 48,9 t CO2-e.
	Støy	2	Store deler av området er i gul støysone frå fylkesvegen. Terrengtilhøva gjer at det vil vere krevjande å oppfylle støykrav på uteområde.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	1	Ligg i kjerneområde landbruk, men avgrensa av veg og bebyggelse. 2,1 daa fulldyrka jord, 3,4 daa innmarksbeite og 0,5 daa anna markslag – der deler er dyrkbart.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	1	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området, men området ligg tett på Bukta fuglefredingsområde.
	Kulturminne og kulturmiljø	1	Ingen registrerte kulturminne på teigen. 50 meter aust for området ligg eit automatisk freda busetningområde, Ytre Fitje med fl.funn.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Utanfor funksjonell strandsone
SAMFUNN	Transportbehov	1	Gang- og sykkelveg til skule og sentrum er under planlegging. Bør realiserast heilt fram til bustadane
	Teknisk infrastruktur	2	Høgspent (66kv) kryssar området
	Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Ikkje i tråd med arealstrategi i vedteke planprogram, og truleg i konflikt med fleire lover (m.a. Jordlova, Naturmangfaldslova).
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Utanfor aktsemdsområde for skred i bratt terreng. Området ligg i område stor sannsynligheit for marin leire.
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	0	
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ikkje forureina grunn.
	Trafikk	1	Ligg ved FV615 med ÅDT 850. Manglar gang- og sykkeltilbod til skule.

TILRÅDING	**Vurdering:** Tiltaktet vil truleg ikkje kunne realiserast på grunn av utfordringar med støy og høgspent. **Konklusjon:** Ikkje tilrådd

4.1.28 Nedre Arnestad – lite bustadareal

SKILDRING

G.br.nr.: 7/4 og 8/9
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Bustad

Storleik: 5 daa
Forslagstillar:
Ole Marius Gloppestad og Kari Arnestad (Grunneigarar)

Skildring:
Grunneigar ønskjer at dei to areala som i dag ligg som LNF område i gjeldande arealdel vert endra til bustadformål. Begge områda ligg i strandsona. Gr.eigar ønskjer på eit seinare tidspunkt å kunne frådele tomter til eigne barn. Arealet ligg i eit område med fleire bustadhus.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav til utslepp må sikrast ved regulering. Klimaberekning: Opptak utan endring: -5,8 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 46,9 t CO2-e.
	Støy	1	Delar av område ligg innafor gul sone langs FV615.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	1,7 daa lauvskog impediment, fulldyrka jord 3,1 daa og 1,1 daa lauvskog med særs høg bonitet. Ligg ikkje inne i kjerneområde landbruk (oppdatert versjon).
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	1	Ålegress-felt avmerka i sjø rett utanfor. Elles ingen registreringer. Ei utbygging på nedsida av vegen vil truleg påverke naturmangfald i og langs sjøen. Utbygging på oppsida av FV 615 vil ikkje medføre store landskapsinngrep pga. eksisterande busetting omkring.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Begge områda ligg innafor strandsona. Utbygging i strandsona mellom FV og sjøen vil forsterke ei ikkje ønska privatisering av strandsona.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Område ligg rett utafor reell sykkelavstand til skule (15 min), men utan ei trygg løysing for gåande og syklande.
	Teknisk infrastruktur	0	Område ligg på begge sidar av FV 615. Område på oppsida av fylkesvegen har allereie busetnad og tilkomstvegar.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Fleire frådelte einebustadar i området.
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Ved ny gang- og sykkelveg mot Sandane sentrum ligg området i reell sykkelavstand.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred og aktsemdsområde for snø- og steinsprang. Område ligg under marin grense i strandsona.
	Flaum	0	Område mellom FV 615 og strandlina ligg innanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ein liten del vest på område ligg innanfor aktsemdsområde for havnivåstigning
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	Tilgang på sjø/ tankbil
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Ligg nær FV 615 med ÅDT på 850. Det er regulert gang og sykkelveg til sentrum frå vegkrysset på ytre Fitje.

TILRÅDING

Samla vurdering: Område er vurdert med tanke på spredd bustadsetting i LNF.
+ Arealet ligg rett ved FV 615, i eit område med fleire einebustadar og eksisterande tilkomstveg. Område ligg rett utafor reell sykkelavstand til skule.
- Store delar av arealet ligg innanfor 100 – metersbeltet og er registrert som fulldyrka jord. Utbygging på nedsida av FV-en er ikkje ønskeleg pga. privatisering av strandsona.

Konklusjon: Ikkje tilrådd - Vedteke lagt inn i formannskapet 20.10.21, men redusert 8/6-22 til kun oppsida av FV615!

4.1.29 Sande – Bustadareal i tilknytting til eksisterande bustadområde/ veg

SKILDRING	**G.nr.:** 15 **B.nr.:** 9 **Dagens formål:** LNF **Foreslått formål:** Bustad	**Storleik:** 6,1 daa **Forslagstillar:** Styret i Runnevang v/ Marit Elisabeth Larssen
	Skildring: Forslagstillarar ønskjer å få lagt inn eit mindre areal til bustadformål i tilknytting til eksisterande busetting på ytre Sande. Foreslått areal utgjer ca. 2 daa i vestre del av jordbruksarealet.	

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -9,4 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 46,5 t CO2-e.
	Støy	0	Området nærast vegen er innanfor gul støysone
Foreslått areal ligg midt mellom gardstuna på Rønnekleiv og Mjellem. Aust for området er det allereie frådelt to tomter. Området ligg avgrensa av skogsvegen i retning Rombergvatnet i vest, Mjellemvegen mot nord og tidlegare frådelte tomter mot aust.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav til utslepp må sikrast ved regulering. Klimaberekning: Opptak utan endring: -20,2 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 119,4 t CO2-e. Området ligg langt frå bygdesentrumet, og vil utløyse auka bilbruk, men i lite omfang.
	Støy	0	Ingen kjent støyproblematikk
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	6,5 daa innmarksbeite og 1,5 daa barskog med høg bonitet. Delvis inne i kjerneområde landbruk.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Ingen registrerte verneverdige naturområde eller arter i området.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne, SEFRAK-registrerte eller verna bygg.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Det er ikkje gjennomført barnetråkk ved Hyen skule. Ingen kjent friluftslivsverdi.
SAMFUNN	Transportbehov	1	11 km frå sentrum av Hyen og 9 km frå fylkesveg 615. Avhengig av bil og skulesyss.
	Teknisk infrastruktur	1	Ligg rett ved kommunal veg til Mjellem, med eksisterande skogsveg vest for området. Krever private VA-anlegg
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	1	Langt frå kommunale tenestetilbod
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Fleire gardstun i nærleiken med aktiv drift og unge familiar (nærmiljø).
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Ligg utanfor aktsemdsone for snø og steinsprang og jord- og flaumskred
	Flaum	0	Ligg utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	2	Redusert beredskap, avstand og manglande omkøyringsveg.
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Smal gjennomgangsveg, men med lite trafikk.

KONKLUSJON

Samla vurdering:
+ Område ligg i nærleiken av to andre frådelte bustadtomter som er utbygd og fleire gardstun med aktiv drift og unge familiar (nærmiljø). Området er i dag registrert som innmarksbeite. Ligg rett ved kommunal veg til Mjellem, men krev privat VA-anlegg.
- Ligg 11 km frå sentrum av Hyen og 9 frå fylkesveg 615. Avhengig av bil og skulebuss.

Konklusjon: Tilrådd langt inn som spreidd busetnad i LNF – 2 bueiningar

4.1.46 Solheim - Spreidd busetting i LNF

SKILDRING

G.nr.: 25 **B.nr.:** 2 / 5
Dagens formål: LNF
Foreslått formål:
LNF – spreidd bustad

Storleik: 16 daa
Forslagstillar:
Solheim/ Hjorteset grunneigarlag



Skildring:
Det føreslegne område ligg mellom fylkesveg 615 og Storefjorden. Solheim ligg gunstig plassert med vel 40 km avstand til Sunnfjordbyane Førde og Florø. Dette gjev tilgang til ein variert arbeidsmarknad i Førde, Naustdal, Eikefjord og Florø.

Planavdelinga har justert område der ein ønskjer å opne for spreidd busetting (utviding mot vest), men området er trukke noe vekk frå vatnet. Området har stort potensiale og det bør krevjast reguleringsplan for å optimalisere utnyttinga.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -50,1 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging, utslepp: 389,8 t CO2-e.
	Støy	0	Grenser mot fylkesveg 615 med lite trafikk
	Sikring av jordressurs (jordvern)		7,9 daa grunnlendt barskog av middels bonitet, 1,7 daa lauvskog, 4,3 daa innmarksbeite og 3 daa anna utmark. Ikkje dyrkbart.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Det er ikkje gjennomført barnetråkk i Hyen. Ei begrensa utbygging vil bidra til eit positivt oppvekstmiljø på Solheim. Ligg I strandsona til Storfjorden, og utbygginga må legge til rette for allmenn ferdsel.
SAMFUNN	Transportbehov	1	Det er dårleg kollektivtilbod og behov for biltransport til dei fleste tenestar.
	Teknisk infrastruktur	0	Det må opparbeidast lokal VA-løysing
	Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Vil kunne bidra til ei svak auke i elevtalet ved Hyen skule, men vil i særs liten grad gje fleire barn til Hyen barnehage pga. mye pendling sørover til Sunnfjord & Kinn.
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	I tråd med vedteke planprogram og sentrale retningsliner der det vert lagt vekt på at nye bustader vert lagt i tilknytting til eksisterande busetting og infrastruktur.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for skred
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	1	Langs utrykkningstid og utfordrande å skaffe nok vatn
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ikkje forureina grunn.
	Trafikk	0	Ligg ved FV615 med ÅDT 350.

TILRÅDING

Vurdering:
Arealet har tidlegare vore tenkt som framtidige bustadtomtar i grenda. Sett i forhold til andre tradisjonelle jordbruksbygder i Hyen, har det på Solheim vore ein større del busetting utan direkte tilknyting til gardsdrift. Yngre folk og familiar har flytta tilbake til krinsen. Ei begrensa utbygging vil bidra til eit positivt oppvekstmiljø på Solheim.

Konklusjon: Tilrådd langt inn som spreidd busetnad i LNF – 6 bueiningar

4.1.47 Bruheim - Ommedal - Spreidd busetnad i LNF

SKILDRING

G.nr.: 18 **B.nr.:** 14 **Dagens formål:** LNF **Foreslått formål**: Spreidd bustad i LNF	**Storleik:** ca.6 daa **Forslagstiller:** Marit Straume, Jon M. Rønnekleiv m.fl.

Skildring:
Foreslått areal ligg aust for gardstunklynga i Ommedalen, på andre sida av Gjengedalselva. Området ligg delvis på elvesletta, og skrår oppover mot eit brattare skogsområde. Det går ein veg gjennom område, som i dag vert nytta som innmarksbeite.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav til utslepp må sikrast ved regulering. Klimaberekning: Opptak utan endring: -17,2 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 106,0 t CO2-e.
	Støy	0	Ingen kjent støyproblematikk
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	1,2 daa overflatedyrka jord, 3 daa innmarksbeite og 1,8 daa lauvskog med særs høg bonitet. Kjerneområde landbruk.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Ingen registrerte verneverdige naturområde eller arter i område.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Det er ingen registrerte kulturminne i området
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Det er ikkje gjennomført barnetråkk ved Hyen skule. Ingen kjent friluftslivsverdi.
SAMFUNN	Transportbehov	1	7 km frå sentrum av Hyen og 5 km frå fylkesveg 615. Avhengig av bil og skuleskyss.
	Teknisk infrastruktur	1	Ligg rett ved kommunal veg til Gjengedalen, med eksisterande veg gjennom området. Krever private VA-anlegg
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	1	
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Fleire gardstun i område med aktiv drift og unge familiar.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Ligg innanfor aktsemdsone for jord- og flaumskred, delvis i aktsemdsområde for snø og steinsprang og ligg under marin grense.
	Flaum	1	Innanfor aktsemdsone for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	2	Redusert beredskap, avstand og manglande omkøyringsveg
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Smal gjennomgangsveg, men med lite trafikk.

KONKLUSJON

Samla vurdering:
+ Område ligg i nærleiken av fleire gardtun med aktiv drift og barnefamiliar (nærmiljø).
- Ligg innanfor aktsemndsone for jord- og flaumskred, delvis innanfor snø- og steinsprang og innanfor aktsemdsone for flaum(potensiell fare).

Konklusjon: Ikkje tilrådd

4.1.48 Bustadfelt Langisane

SKILDRING		
	G.nr.: 77 **B.nr.:** 1, 14, 19 **Dagens formål:** Regulert friluftsområde, LNF og friområde **Foreslått formål:** Bustad	**Storleik:** 24 daa **Forslagstillar:** Formannskapet
	Skildring: Stort samanhengande skogområde på fjellgrunn. Vart vurdert og forkasta som nytt bustadområde for Sandane før første byggetrinn i Valborgkleiva.	



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -11,6 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 731,6 t CO2-e.
	Støy	0	Utanfor raud og gul sone. Utviding av næringsareal nord for området kan føre til støy i området.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	24 daa barskog impediment. Grunt på fjell.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen viktige registreringar i området, men det må gjerast nye vurderingar ved detaljregulering.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø innafor området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	2	Området har etablert stinett og er mykje brukt til friluftsliv. Området er kartlagt som viktig nærturområde og har 13 merknader i barnetråkk, både til bustadareal og generelt til området. Utbygging må ta omsyn til turstiar.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Gangavstand til skule og idrettsanlegg, frå ein knapp kilometer og oppover. Stort sett akseptabel gang- og sykkelløysing.
	Teknisk infrastruktur	1	Det er delvis teke høgde for mogleg utbygging ved dimensjonering av overordna VA-nett. Overvatn kan vere utfordrande.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Bustadfeltet vil kunne auke behovet for utbygging av Sandane skule.
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Lokaliseringa er i samsvar med vedtekne arealstrategiar i Bustadpolitisk handlingsplan.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred og sne- og steinsprang
	Flaum	0	Ligg utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	OK
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Vil gi auka trafikk i Åsavegen, og styrke behovet for å få på plass manglande fortau

TILRÅDING	
	Samla vurdering: Bustadområdet er utfordrande med tanke på friluftslivverdiar, men gjennom god regulering kan ein til ein viss grad ivareta dette. Det kan vere viktige naturverdiar som ikkje er kartlagde. Dersom konklusjonen av kommuneplanarbeidet blir at det skal leggast inn eit nytt, stort bustadfelt på Sandane, kan dette likevel vere eit godt val. Tilrådinga er knytt til vedtekne rammer for planarbeidet, analysen av bustadbehov og tidlegare vedteken bustadpolitisk handlingsplan. Eksisterande regulert areal må takast i bruk og eventuelt fortettast før nye natur- og friluftsområde blir tekne i bruk. **Tilråding:** Ikkje tilrådd – Vedlagt lagt inn i formannskapet 2.02.22. Redusert med ca. 10 daa i austre del i formannskapet 8/6-22.

4.1.49 Bustadområde mellom Åsaberget og Sandane – Vest

SKILDRING

G.nr.: 77 **B.nr.:** 14,453
Dagens formål: Friluftsområde
Foreslått formål: Bustad

Storleik: 11 daa
Forslagstillar: Formannskapet

Skildring:
Det er 6 mål relativt flatt område nord for Åsaberget som er enkelt å opparbeide. Det er mulig å vurdere utviding mot aust frå det regulerte området som ikkje er utbygd. Ved utbygging må det eventuelt sikrast tilkomst frå Åsavegen over regulert tomt 77/672. Realisering av regulert område bør prioriterast.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -30,9 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 373,9 t CO2-e.
	Støy	0	Utanfor raud og gul sone
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	6 daa barskog høg bonitet.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området, men det må gjerast nye vurderingar ved detaljregulering av området.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i område.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Området er noko brukt til uorganisert aktivitet/leik, men truleg mindre enn tidlegare, men har fire registreringar i barnetråkk – fin område og fin utsikt. Eventuell reguleringsplan må sikre stiar og og ferdsel, og ta omsyn til nærturaktivitet.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Gangavstand til skule, idrettsanlegg og sentrum
	Teknisk infrastruktur	0	Kan enkelt knytast til eksisterande VA-anlegg. Tunge terrenginngrep på grunn av at det er bratt.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	OK
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Lokaliseringa er i samsvar med vedtekne arealstrategiar i Bustadpolitisk handlingsplan.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred
	Flaum	0	Ligg utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	Krav til utrykkingstid med meir kan oppfyllast
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Moderat auke på lokale vegar

TILRÅDING

Samla vurdering:
Realisering av regulert område bør prioriterast. Tomtene i regulert område er store og regulert til frittliggande einebustader. Høgare arealutnytting og meir differensiert utbygging bør vurderast før utviding.

Konklusjon: Tilrådd og lagt inn av formannskapet 2.2.22. Vedteke å redusere sørleg del mellom Nordåsen og Åsaberget av formannskapet 8/6-22.

4.1.50 Utviding Hetlebakkane mot sørvest - Reed

SKILDRING

Gbnr.: 99/4
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Bustad

Storleik: ca. 11 daa
Forslagstillar: Grunneigar

Skildring:
Området ligg inne i gjeldande arealplan, men mangla konsekvensvurdering.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -29,0 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 176,4 t CO2-e.
	Støy	0	Sørleg del av arealet ligg innafor gul støysone til E39.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	1	18 daa fulldyrka jord, 1,3 daa lauvskog impediment. Ligg i kjerneområde landbruk i tilknytting til fleire bustadområde.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	
	Kulturminne og kulturmiljø	0	*«Området er tidlegare registrert og kulturminneområdet er frigjeve for utgraving. Fylkeskommunen tilrår at arealet vert brukt til bustadbygging i staden for jordbruksareal!»* Fråsegn frå kulturavdelinga ved 1.høyring.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ikkje nytta som turområde eller nærmiljøanlegg. Ikkje kartlagde verdiar for friluftsliv.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Gangavstand til barnehage og lokale servicetilbod på Reed.
	Teknisk infrastruktur	0	Kan knytast til utbygd infrastruktur i Hetlebakkane bustadfelt.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	OK
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Lokaliseringa er i samsvar med vedtekne arealstrategiar i Bustadpolitisk handlingsplan.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred og snø og steinsprang
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Over marin grense/tidlegare havdekt område
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	OK
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	OK

TILRÅDING

Samla vurdering:
Sentrumsnært område nær Hetlebakkane bustadfelt. Fylkeskommunen si kulturavdeling tilrår at arealet vert brukt til bustadbygging i staden for jordbruksareal!

Konklusjon: tilrådd

4.1.51 Bustadfelt på Toskehogjen

SKILDRING

Gbnr.: 99/3 og 100/28
Dagens formål: LNF, Naturområde
Foreslått formål: Bustad

Storleik: 17 daa
Forslagstillar: Formannskapet

Skildring:
Randmorene ovapå Reed bustadfelt. Dels dyrka mark og dels skog/beite. Delar av området er så bratt at det er ueigna til utbygging utan omfattande planering.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -26,3 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 282,2 t CO2-e.
	Støy	0	Utanfor raud og gul sone
	Sikring av jordressurs (jordvern)	1	5 daa innmarksbeite, 7 daa fulldyrka jord, 6,5 daa lauvskog sæs høg bonitet. Ligg innafor kjerneområde matproduksjon og kulturlandskap, prioritet 2.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	2	Registrert som viktig landskapselement (randmorene) i gjeldande kommuneplan, basert på sentral registrering. Har vore foreslått verna.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i område.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ikkje nytta som turområde eller nærmiljøanlegg. Ikkje kartlagde verdiar for friluftsliv.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Gangavstand til lokale servicetilbod på Reed
	Teknisk infrastruktur	0	Kan knytast til utbygd infrastruktur i Reed bustadfelt.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	OK
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Lokaliseringa er om lag i samsvar med vedtekne arealstrategiar i Bustadpolitisk handlingsplan.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Delvis innafor aktsemdsområde for jord og flaumskred
	Flaum	1	Delvis innafor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	OK
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	OK

TILRÅDING

Samla vurdering:
Solrikt og fint område nær Reed sentrum. Ein vesentleg del av området er svært bratt og ueigna til utbygging utan omfattande bakkeplanering, resten er dyrka mark. I lag med vurderinga av området som eit viktig landskapselement er det vanskeleg å finne overbevisande argument for å legge arealet inn som bustadområde.

Konklusjon: Ikkje tilrådd

4.1.52 Utviding av Hovden bustadfelt

SKILDRING

G.nr.: 99 **B.nr.:** 3 og 15
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Bustad

Storleik: 18 daa
Forslagstillar:
Formannskapet

Skildring:
Forslag frå Senterpartiet ved Magni Aa Berge.
Sørvendt skogsområde i tilknyting til eksisterande bustadfelt. Nedste delen, om lag 15 dekar, ligg inne som framtidig bustadareal i gjeldande kommuneplan.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -71,5 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 689,5 t CO2-e.
	Støy	0	Utanfor raud og gul sone
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	0,7 daa lauvskog særs høg bonitet, 6,8 daa barskog høg bonitet, 37,5 daa barskog særs høg bonitet.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området, men det må gjerast nye vurderingar ved detaljregulering av området.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i område.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Området er registrert som nærturområde. Området er avgrensa mot vest for å unngå konflikt med dei mest brukte stiane. Mange registreringar i barnetråkk som beskriv det som eit flott tur- og leikeområde tett på bustadfeltet/ i trasèen Hetlestøylen opp.
SAMFUNN	Transportbehov	1	Gangavstand til barnehage, idrettsanlegg og etablert rute for skuleskyss. Det er nokon manglar på gang- og sykkelløysing til Reed.
	Teknisk infrastruktur	0	Kan knyttast på etablert infrastruktur
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Vidare utviding av etablert bumiljø
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Arealet er langt unna skule. Dei fleste vil nok også tenkje behov for å køyre til barnehagen.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for snø og steinsprang og jord- og flaumskred.
	Flaum	0	Ligg utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje utfordrande
	Brann	0	Kan knytast på eksisterande infrastruktur
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	1	Regulert fortau i Hovden er ikkje utbygd.

TILRÅDING

Samla vurdering:
Utviding av eksisterande bumiljø med relativt lavt konfliktnivå. Nærturområde med stiforbinding mellom Hovden og Høygardsvegen bør sikrast i reguleringsplan.

Konklusjon: Tilrådd Vedteke å halvere arealet av formannskapet 8.06.2022.

4.1.53 Bustadfelt på Aksla på Holmestrand

SKILDRING

G.nr.: 16 **B.nr.:** 3
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Bustad

Storleik: 13 daa
Forslagstillar:
Formannskapet

Skildring:
Ei relativt flatt område på toppen av aksla, men med ein svært krevjande vegtilkomst.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -62,8 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 466,3 t CO2-e (kun sjølve bustadarealet).
	Støy	0	Utanfor raud og gul sone
	Sikring av jordressurs (jordvern)	1	2,2 daa fulldyrka jord (veg), 0,6 daa innmarksbeite (veg), 3 daa lauvskog høg bonitet, 9 daa lauvskog særs høg bonitet. Skissert vegløysing vil dele opp det dyrka arealet og gjere dette dårlegare arronderingsmessig og gjere arealet mindre attraktivt.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	1	Utbygging vil krevje store landskapsendringar. Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området, men det må gjerast vurderingar ved detaljregulering av området.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i område.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Utkant og inngangsport til friluftsområdet i Gjengedalen. Etablert sti til Holmestøylen må takast omsyn til.
SAMFUNN	Transportbehov	1	3 km til skule langs veg som ikkje oppfyller krav til trygg skuleveg. Behov for skuleskyss.
	Teknisk infrastruktur	2	Vatn og avløp må løysast lokalt. Området er svært bratt og utbygging vil krevje svært lang tilkomstveg.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	1	Det er ikkje gang- og sykkelveg til skule, barnehage eller sentrum
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Oppfyller ikkje vedteken strategi i bustadpolitisk handlingsplan
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Vegen ligg i rasfarleg område
	Flaum	0	Ligg utanfor aktsemdsområde for flaum. Overvann må likevel utgreiast.
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	Området stetter ikkje kravet om brannhydrant for kvar 50 m. og er difor avhengig av tankvogn.
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Relativt lite trafikk i området

TILRÅDING

Samla vurdering:
Området er svært bratt. Det er lite sannsynleg at tiltaket er realiserbart fordi det har svært vanskeleg tilkomst. Det er store tekniske utfordringer. Vegen og nedste delen av bustadfeltet ligger i rasfarlig område. Området på toppen av Aksla ligg truleg trygt for ras, men tilkomst til dette område er enda vanskeligare. Utbygging er vurdert som teknisk krevjande og økonomisk urealistisk, då den vil krevje store sikringstiltak mot skred.

Konklusjon: Ikkje tilrådd – vedteke lagt inn i formannskapet 2.02.22. Teken ut under mekling 23.06.23.

4.2 Fritidsbustadformål

4.2.1 Utvikfjellet – utviding av Nuken hyttefelt mot nord

SKILDRING		
G.nr.: 86,87,88 og 89 **B.nr.:** Fleire **Dagens formål:** LNF **Foreslått formål:** Fritidsbustad	**Arealstorleik:** 115 daa (ca. 60 daa - kun delar av området som ikkje er myr) **Forslagstillar:** Breimsfjellsameige sone II	
Skildring: Forslagstiller oppgir at Breimsfjellsameiga sone II ynskjer å setta av eit areal mellom Nuken hyttefelt og parkeringsplassen vest for Fv. 60 på Utvikfjellet til hyttefelt.Innteikna areal er på ca 115 da, men over halvparten av arealet er oppgitt myr som er tenkt bevart. Omlag 50 dekar er fast grunn.		

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining og klima (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -40,2 t CO2-e. Klimaeffekt ved endring: 72,8 t CO2-e.
	Støy	0	Ein liten del av arealet (aust) ligg innanfor gul støysone til FV 60.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	1	Arealet har 114 daa anna utmark, 1 daa blandingsskog på høg bonitet. Beiteområde.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	2	Området ligg innanfor Svartebotn villreinområde. Ei større utbygging av arealet vil i stor grad påverke leveområde for villrein og dens kryssing av FV 60.
	Kulturminne og kulturmiljø	1	Den trondhjemske postveg går aust i området, langs fylkesvegen
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Stort turområde med tilrettelegging. Viktig friluftsområde. Ingen markeringar i barnetråkk i det aktuelle arealet, men fleire har merka av skianlegget i nærleiken.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Arealet ligg tett på FV60 og eksisterande busstrasè mot Sunnfjord/ indre Nordfjord/Møre.
	Teknisk infrastruktur	1	Krev etablering av nytt eller tilknytning til vatn og avløpsystem. Det er dårleg tilgang på vatn i område.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Ikkje i tråd med politiske føringar. Nye større hyttefelt skal leggast mellom/ i tilknytting til opparbeida hytteområde i Breimslia/Nuken, med infrastruktur som veg/vatn/avløp.
	Tema ROS	**RISIKO**	**KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE**
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for skred. Over marin grense
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	1	Området er utsatt for vind, men det kan handterast ved bygging
	Brann	2	Utfordrande med slukkevatn
	Forureining	0	Ikkje kjent forureining i grunn
	Trafikk	1	FV60 har ÅDT 1350 med 19% andel lange kjøretøy

KONKLUSJON	
	Samla vurdering: + Området ligg i tilknyting til populært utfartsområde og FV60. - Utbygging i området vil i stor grad påvirke området som beiteområde og villreinområde, og vil beslaglegge resten av arealet mellom eksisterande hyttefelt på Nuken (sør for området) og parkeringsområdet nord for foreslått hyttareal. - Det er framleis god kapasitet i det opparbeida hyttefeltet i Breimslia, som har naudsynt infrastruktur på plass (vatn/avløp/tilkomstvegar). **Konklusjon:** Ikkje tilrådd – Vedteke lagt inn i formannskapet 20.10.21, men vedteke å ta ut igjen 8/6-22.

4.2.2 Utvikfjellet – utviding av hyttefelt på austsida av FV60

SKILDRING	**G.nr.:** 91 og 92 **B.nr.:** Fleire **Dagens formål:** LNF **Foreslått formål:** Fritidsbustad	**Arealstorleik:** 213 daa **Forslagstillar:** Runar Stensaker Kleppe
	Skildring: *Forslagstillar:* Hyttefelt som ligg i arealdelplanen må vidareførast med ei lita utviding ift det som ligg inne, då dette er eit område med stor etterspørsel på tomter. Det vil og utløyse betydlege ringverknadar for utfartsområdet på Utvikfjellet. (Breimsbygda Skisenter/ Utvikfjellet løypelag)	



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: - 619,9 tonn CO2-e. Klimaeffekt ved endring: 3564 t CO2-e.
	Støy	0	
	Sikring av jordressurs (jordvern)	1	63 daa lauvskog på høg bonitet, 30 daa blandingsskog på høg bonitet og 120 daa anna utmark. Viktig beiteområde.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	2	Arealet ligg delvis innanfor Svartebotn villreinområde. Ei større utbygging av arealet vil truleg påverke leveområde for villrein og dens kryssing av FV 60. Artsobservasjon av lyngtorvmose med særleg stor forvaltningsinteresse.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	I utkanten av svært viktig friluftsområde, områdetype utfartsområde. Ingen markeringar i barnetråkk i det aktuelle arealet, men fleire har merka av skianlegget i nærleiken.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Arealet ligg tett på FV60 og eksisterande busstrasè mot Sunnfjord/indre Nordfjord/Møre.
	Teknisk infrastruktur	1	Krev etablering av nytt eller tilknytning til vatn og avløpsystem. Det er dårleg tilgang på vatn i området.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Ikkje i tråd med politiske føringar. Nye større hyttefelt skal leggast mellom/ i tilknytting til opparbeida hytteområde i Breimslia/Nuken, med infrastruktur som veg/vatn/avløp.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for skred. Over marin grense
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Området er utsatt for vind, men det kan handterast ved bygging
	Brann	2	Utfordrande med slukkevatn
	Forureining	0	Ikkje kjent forureining i grunn
	Trafikk	1	FV60 har ÅDT 1350 med 19% andel lange kjøretøy

KONKLUSJON	**Samla vurdering:** + Området ligg nær skitrekket på Utvikfjellet, på «rett side av vegen». - Snøfattige vintre over tid og dårleg tilgang på vatn, gjer hyttefeltet mindre attraktivt og er truleg ikkje økonomisk berekraftig. Det er framleis god kapasitet i det opparbeida hyttefeltet i Breimslia, som har naudsynt infrastruktur på plass (vatn/avløp/tilkomstvegar). - Området ligg delvis inne i villreinområde. - Det er framleis god kapasitet i det opparbeida hyttefeltet i Breimslia, som har naudsynt infrastruktur på plass (vatn/avløp/tilkomstvegar). **Konklusjon:** Ikkje tilrådd (Verken det som ligg i gjeldande plan eller utvidingsforslaget)

4.2.3 Breimslia aust – utviding av hyttefelt

SKILDRING

G.nr.: 88/7, 89/2, 90/1, 90/4
B.nr.: Fleire
Dagens formål: Fritidsbustad
Foreslått formål: Fritidsbustad

Storleik: 172 daa
Forslagstiller: Videreføring frå tidlegare plan

Skildring:
Området er utviding av eksisterande hyttefelt mot vest. Området er stort og krev helhetleg planlegging. Området er sørvendt og attraktivt med direkte tilgang til fjellet med sti- og løypenett. Området har plass til 50 til 100 hyttetomter.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -1260,9 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 4762,9 t CO2-e.
	Støy	0	Utanfor støysone.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	99,8 daa blandingsskog, 33 daa med open jorddekt og noko grunnnlendt fastmark 39,2 daa myr/vatn.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området, men området ligg rett sør for villreinen sitt leveområde. Større myrområde sør for feltet. Vidare utbygging må ta omsyn til dette.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Området er relativt lite brukt til friluftsliv.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Direkte tilkomst til sti- og løypenett. Ikkje veg til område i dag.
	Teknisk infrastruktur	1	Det er utfordrande og kostbart å lage driftssikker løysing for vassforsyning. Avløp kan påkoblast eksisterande løysing på Byrkjelo.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	I tråd med politiske føringar. Nye større hyttefelt skal leggast mellom/ i tilknytting til opparbeida hytteområde i Breimslia/Nuken, med infrastruktur som veg/vatn/avløp.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Aktsemdsområde for jord- og flaumskred ved bekken i midten av feltet. Utanfor aktsemdsområde for snø- og steinsprang. Over marin grense.
	Flaum	1	Aktsemdsområde for flaum ved bekken i midten av feltet
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Kan vere utsatt for vind, men handterbart for hyttefelt
	Brann	1	Utfordrande vassforsyning
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsomhet. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	1	Fylkesveg over Utvikfjellet har grei standard og god kapasitet når E39 får ny tunnel.

KONKLUSJON

Samla vurdering:
+ Området er naturleg utviding av eksisterande hyttefelt som knytter eksisterande felt til skisenteret. Området bygger opp om heilårs tur- og fjellområde på Utvikfjellet. Attraktivt og solrikt.

Konklusjon: Tilrådd tatt ut av planen i 3. planversjon. Formannskapet vedtok 1.02.2023 å ta arealet ut av planen.

4.2.4 Breimslia vest – utviding av hyttefelt

SKILDRING		
G.nr.: 89 ***B.nr.:*** 3, 4 og 88/1, 88/3, 88/4 ***Dagens formål:*** Fritidsbustad ***Foreslått formål:*** Fritidsbustad	***Storleik:*** 529 daa ***Forslagstiller:*** Vidareførøring frå tidlegare plan	
Skildring: Området er utviding av eksisterande hyttefelt mot vest. Området er stort og krev helhetleg planlegging og bør byggjast ut i byggetrinn. Området er sørvendt og attraktivt med direkte tilgang til fjellet med sti- og løypenett. Området har plass til 100 til 200 hyttetomter.		

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	2	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -1116,1 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging 10586,5 t CO2-e.
	Støy	0	Utanfor støysone.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	290 daa myr, 45 daa barskog særs høg bonitet, 185 daa barskog høg bonitet.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	1	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området, men dette må greiast ut ved ei eventuell detalj regulering. Området ligg rett sør for villreinen sitt leveområde. Vidare utbygging må ta omsyn til dette.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Området er relativt lite brukt til friluftsliv.
SAMFUNN	Transportbehov	1	Avhengig av bil for å nå sentrumsfunksjonar. Direkte tilkomst til sti- og løypenett, men det er avhengig av bil til skisenteret.
	Teknisk infrastruktur	1	Det er utfordrande og kostbart å lage driftssikker løysing for vassforsyning. Avløp kan påkoblast eksisterande løysing på Byrkjelo.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	I tråd med politiske føringar. Nye større hyttefelt skal leggast mellom/ i tilknytting til opparbeida hytteområde i Breimslia/Nuken, med infrastruktur som veg/vatn/avløp.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred og snø- og steinsprang. Over marin grense.
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Kan vere utsatt for vind, men handterbart for hyttefelt
	Brann	1	Utfordrande vassforsyning
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsomhet. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	1	Fylkesveg over Utvikfjellet har grei standard og god kapasitet når E39 får ny tunnel.

kul	
	Samla vurdering: + Området er naturleg utviding av eksisterande hyttefelt. Området bygger opp om skiområdet med langrenn og alpint på Utvikfjellet. Attraktivt og solrikt. **Konklusjon:** Tilrådd

4.2.5 Øvreset – nytt hyttefelt

SKILDRING

G.nr.: 86 **B.nr.:** 2
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Fritidsbebyggelse

Arealstorleik: 60 daa
Forslagstillar:
Anders Øvreseth (grunneigar)

Skildring:
Grunneigar ønskjer å legge til rette for eit nytt hyttefelt nord for Bygdavegen, rett vest for Øvresetkrysset. Arealet er eit sørvendt utmarksområde, som strekker seg frå fylkesvegen opp mot høgspentline og tregrensa.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Utslipp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -115,6 t CO2-e. Klimaeffekt ved endring: 577,5 t CO2-e.
	Støy	0	Sørleg del av området ligg innanfor gul støysone til FV.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	1	60 daa samanhengande og viktig område for innmarksbeite i drift (leige). Det meste av området ligg innanfor kjerneområde landbruk (prioritet 2). Nedre del av område er potensielt dyrkbar jord.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	1	Medfører store landskapsendringar. Ingen registrerte viktige naturområde eller artar, men lokal kunnskap spel inn at området har kalksteinsholer med revehi, årfast hekking av kattugle, hekking av spurvehauk og gode førekomstar av nordfjordasal. Treng nyare vurdering i samband med ei eventuell regulering.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i foreslått området. Gravminne sør for fylkesvegen.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Støylsråsa til Øvresetstøylen går gjennom området. Ingen registreringer i barnetråkk i det aktuelle området.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Ligg i tilknytting til busstrasè.
	Teknisk infrastruktur	1	Krev etablering av nytt eller tilknytning til vatn og avløpsystem. Uklar tilgang på vatn. Område er langt, smalt og bratt - nye tilkomstvegar vil ta mye av arealet.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Ikkje i tråd med politiske føringar. Nye større hyttefelt skal leggast mellom/ i tilknytting til opparbeida hytteområde i Breimslia/Nuken, med infrastruktur som veg/vatn/avløp.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for skred. Over marin grense
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	1	Utgreie krav til slokkevatn
	Forureining	0	Ikkje kjent forureinging i grunn
	Trafikk	0	FV60 har ÅDT 1350 med 19% andel lange kjøretøy

KONKLUSJON

Samla vurdering:
+Tett på FV60 og Veg nr. 5736 (Bygdavegen) - solrikt og med flott utsikt.
- Området er smalt, og bryt opp eit større samanhengande og aktivt beiteområde. Utbygging av feltet vil krevje mange vegskjeringar og vil totalt gje få tomter. Ligg nær viktige kulturlandskap og delar av område er potensielt dyrkbart. Aktivt jordbruk i området rundt. Lokal kunnskap peikar på viktige naturmangfaldskvalitetar.

Konklusjon: Ikkje tilrådd

4.2.6 Årdal – nytt hyttefelt

SKILDRING

G.nr.: 117 **B.nr.:** 4
Dagens formål: Fritidsbustad
Foreslått formål: Fritidsbustad

Storleik: 34 daa
Forslagstiller: Justering frå tidlegare kommuneplan

Skildring:
Foreslått område er ein justering av formål avsatt i tidlegare kommuneplan. Området ligger fint til i skogsområdet ved fylkesveg. Området heller mot vest og har fin utsikt til fjell og Breimsvatnet.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -154,8 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 1346,9 t CO2-e.
	Støy	0	Utanfor støysoner
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	17,5 daa barskog høg bonitet, 17,8 daa barskog særs høg bonitet.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne i område
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Nærleik til stinett til støylar og fine turområder i fjellet. Området er lite brukt til friluftsliv.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Avhengig av bil for å nå sentrumsfunksjonar. Vegen er smal
	Teknisk infrastruktur	0	Krev separat løysing for VA
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Delvis i tråd med arealstrategi for fritidsbustad.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred og snø- og steinsprang. Over marin grense.
	Flaum	0	Ligg utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	1	Området stetter ikkje kravet om brannhydrant for kvar 50 m, og er avhengig av tankvogn.
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsomhet. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Lite trafikk på fylkesveg 5734. ÅDT 100

KONKLUSJON

Samla vurdering:
Området vart vidareført frå tidligare plan, men det er ikkje gitt uttrykk for at det ønskje om realisering.

Konklusjon: Ikkje Tilrådd

4.2.7 Valborgkleiva – nytt hyttefelt

SKILDRING

G.nr.: 76 **B.nr.:** 4 og 6
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Fritidsbustad

Storleik: 100 daa
Forslagstiller: Næringssjefen

Skildring:
Foreslått område ligg i forlenging av eksisterande og planlagt bustadfelt. Arealet er grunnlendt og ikkje dyrkbart.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -111,7 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbyggig 3029,0 t CO2-e.
	Støy	0	Utanfor støysone frå E39. Vil gje noe auka trafikkstøy i bustadområdet.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	14 dekar produktiv barskog høg bonitet, 83 dekar barskog impediment.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området, men dette må greiast ut ved ei eventuell detaljregulering.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Nærleikt til stinett til støylane og Veten. Området har etablert og merket stinett og har moderat bruk til friluftsliv. Området har stort potensiale som nærturområde.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Avhengig av bil for å nå sentrumsfunksjonar.
	Teknisk infrastruktur	0	Enkel tilknytting til eksisterande bustadfelt.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Delvis i tråd med arealstrategi for fritidsbustad – sentrumsnære hytteområde, men kan vere i konflikt med eksisterande bustad - og nærturområde.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred og snø- og steinsprang. Over marin grense.
	Flaum	0	Ligg utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	1	Området stetter ikkje kravet om brannhydrant for kvar 50 m, og er avhengig av tankvogn.
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsomhet. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	1	Vil måtte utløyse fortau eller andre trafikktryggingstiltak gjennom bustadområdet.

KONKLUSJON

Samla vurdering:
Området er realtivt nært Sandane, men for langt unna til å tillrås som bustadfelt. Utbygging har relativt få konsekvenser. Samanblanding av bustad og fritidsbustad kan gi uheldige konsekvensar og infrastruktur for gåande og syklande i Valborgkleiva er for dårleg til å takle auke i trafikkmengda. Behovet for fritidsbustad rundt Gloppefjorden er dekt gjennom andre innspel.
Konklusjon: Ikkje tilrådd

4.2.8 Holvikfossen – nytt hyttefelt

SKILDRING

G.nr.: 69 **B.nr.:** 5
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Fritidsbustad

Storleik: 25 daa
Forslagstiller: Sjur Atle Austrheim (grunneigar) /Roar Jakobsen

Skildring: Arealet ligg aust for Holvikfossen og Trivselsskogen i eit attraktivt turområde. Flott utsikt over Sørstrandsfjella og Gloppefjorden. Solrikt. Grunneigar ser for seg eit hyttefelt utan atkomstvegar. Planlagt bebyggelse 40 hytter i ein etasje, eit felleshus og renseanlegg for kloakk.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Avløpsløysing må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Arealet har i dag 12 daa barskog på høg bonitet. Opptak utan endring: 61,8 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 454,5 t CO2-e.
	Støy	0	Utbygging vil gi økt bruk og støy til viktig friluftsområdet Holvikfossen.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	Delar av område ligg på fjell, ellers består området av jorddekt barskog.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente, registrerte naturmangfaldsverdiar i området, men dette må greiast ut i samband med regulering. Ligg nært til Holvikfossen som er godt synleg i landskapet, men det vert lagt opp til ei skånsom utbygging utan vegtilkomst til hyttefeltet. Byggegrense er satt 50 meter frå Holvikfossen og 20 meter frå vassdraget forøvrig.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne i område. Ruiner etter krutfabrikk vest for området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Arealet grenser til Trivselsskogen, og ligg nær på skiløypenettet i område Kleivane. Registreringar i barnetråkk i nærområdet er knytt til Trivselsskogen og utkikkspunktet ved Holvikfossen.
SAMFUNN	Transportbehov	1	Tilkomst via eksistrerande veg forbi Utsikten. Eksisterande traktorveg må rustast opp, og det må lagast ny bru over Holvikelva. Område ligg i rimeleg gangavstand frå sentrum (tursti gjennom Trivselsskogen). Parkeringsplass og tilkomst for hyttebrukarar er planlagt nord for Holvikelva, med adkomst via gangvegar.
	Teknisk infrastruktur	1	VA anlegg må løysast lokalt.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	I tråd med vedteken arealstrategi i planprogrammet, om å legge til rette for sentrumsnære område for fritidsbustader.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Arealet ligg utanfor aktsemdsområde for jord- og flomskred og snø og steinsprang.
	Flaum	1	Vestre del av område langs elva ligg innanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	Tilgang til vatn i elv/ tankbil
	Forureining	0	Lav radon-aktsomhet. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	1	Vil auke belastninga på smal kommunal veg forbi utsikten.

KONKLUSJON

Samla vurdering:
+ Utvikling av området legg vekt på berekraftige løysingar (små hytter), og er sett i samanheng med Trivselsskogen og fjellområda omkring. Tursti til og frå sentrum.
- Potensiell konflikt med friluftsliv og turisme i Trivselsskogen. Utbygging må ta omsyn til dette.

Konklusjon: Tilrådd, med skånsom utbygging.

4.2.9 Bergstøylen – utviding av eksisterande område med hytter

SKILDRING		
	G.nr.: 73 **B.nr.:** 2 **Dagens formål:** LNF **Foreslått formål:** Fritidsbebyggelse	**Arealstorleik:** ca.78 daa **Forslagstillar:** Jan Roger Engeset (grunneigar)
	Skildring: Forslagstillar ønskjer å legge til rette for hyttetomter i tilknytting til Bergstøylen. *«Eit veldig flott område rett over tregrensa som er mykje nytta til turar både sommar og vinter. Om vinteren er det oppkøyrt løype rett igjennom feltet. Området har i dag 5 hytter».*	

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Utslipp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -39,1 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 150,6 t CO2-e.
	Støy	0	Vi medføre noe støy frå trafikk i sommarhalvåret.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	Arealet har i dag 12 daa beite, 66 daa anna utmark, 3 daa vatn og myr. Ikkje dyrkbart.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	1	Området ligg tett opptil Svartebotn villreinområde. Ingen registrerte viktige naturområde eller artar, men det må vurderast ved ei eventuell detaljregulering av området.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området. Hyttene i område fremstår ikkje som eit støylsmiljø.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	2	Svært viktig friluftsområde, områdetype utfartsområde. Ingen registreringer i barnetråkk innanfor det aktuelle arealet, men fleire markeringar og kommentarer knytt til skianlegget og løypa til Haugsvarden.
SAMFUNN	Transportbehov	1	Vil i sommarhalvåret føre til auka motorferdsel på skogsveg gjennom turområdet.
	Teknisk infrastruktur	0	Krev etablering av nytt vatn og avløpsystem
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Ikkje i tråd med vedteken arealstrategi for fritidsbustader, og vil vere i konflikt med/bryte opp eit større samanhengande beite- og friluftslivsområde.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Området er utanfor aktsemdsområde for skred. Over marin grense
	Flaum	1	Eit lite område ned mot vatnet er innanfor aktsemdsområde
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Området er utsatt for vind
	Brann	0	Tilgang på vatn i elv. Lang utrykkingstid.
	Forureining	0	Ikkje kjent forureining i grunn
	Trafikk	0	Medfører auka trafikk langs smal tilkomstveg til Kleivane eller via vegen forbi Utsikten.

KONKLUSJON	
	Samla vurdering: + Området ligg tett på eksisterande løypetrasèar mot høgfjellet, solvendte og med god utsikt. - Utbygging av eit hyttefelt i område vil medføre store inngrep i eit flott og mye brukt turområde, og stykke opp eit viktig beiteområde for både husdyr og villrein. Område ligg langt frå offentleg veg, og har dårleg tilkomstveg som vil krevje ei storstilt utbygging for å kunne finansiere ei utbetre. **Konklusjon:** Ikkje tilrådd - Vedteke lagt inn til formål fritidsbustad i formannskapet 20.10.21, men vedteke å ta ut igjen 8/6-22.

4.2.10 Ytre Fjellbygda – hyttefelt

SKILDRING

G.nr.: 60 **B.nr.:** 1
Dagens formål: LNF
Foreslått formål:
Bustad/ fritidsbustad

Storleik: ca. 8,4 daa
Forslagstillar:
Runar Kleppe (Grunneigar)

Skildring:
Utviding av eksisterande areal avsett til fritidsbustad. Arealet kjem i tillegg til 19 daa på sørvestsida av vegen avsett til fritidsbustader i gjeldande plan. Grunneigar ønskjer å etabler hytter for utleige. Grunneigar ønskjer å frådele ein bustadtomt nærast vegen.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -95,0 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 635,7 t CO2-e.
	Støy	0	Ingen kjent støyproblematikk.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	1	3,1 dekar overflatedyrka, 10 dekar lauvskog av særs høg bonitet, 2,5 dekar barskog særs høg bonite og 13,9 dekar innmarksbeite.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det føreligg ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området, men dette må greiast ut ved ei detaljregulering.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	SEFRAK-registrert tufte etter smie i norddelen av område.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ingen registrerte barnetråkk i området
SAMFUNN	Transportbehov	0	Området ligg 6 km.frå sentrum. Heilt avhengig av bil. Vil auke belastninga på smal og svingete kommunal veg.
	Teknisk infrastruktur	0	Tilknytta kommunal veg.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	I tråd med mål om auka overnattingskapasitet. Området kan gje sykkelturistar og friluftslivsturistar tilgang til utleigehytter nær populær utfartsstad.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Innanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred
	Flaum	1	Lokale bekker må sikrast
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	1	Området stetter ikkje kravet om brannhydrant for kvar 50 m. Er avhendig av tankvogn. Ikkje tilgang på vatn ved tørke.
	Forureining	0	Lav radon-aktsomhet. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	1	Vil auke belastninga på smal kommunal veg til ytre Fjellbygda.

TILRÅDING

Samla vurdering:
+ Allereie opparbeidd veg gjennom feltet på nordsida av vegen. Delar av området er tenkt nytt til hyttefelt, kombinert med utleigehytter i tilknytting attraktive sykkelløyper og anna friluftsliv i nærliggande fjellområde.
-Vil auke belastninga på smal og svingete kommunal veg.

Konklusjon: Tilrådd lagt inn til fritidsbustad

4.2.11 Tystadfjøra – fritidsbustader i strandsona

SKILDRING		
G.nr.: 64 B.nr.: 1 **Dagens formål:** LNF **Foreslått formål:** Reiseliv	**Storleik:** 3,2 daa **Forslagstiller:** Øystein Fjellestad/ Per Inge Hole	
Skildring: Fylling i gruntområde for fritidsbustader. Område på nedsida av fylkesvegen.		

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	Ikkje vurdert.	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Ikkje råd å berekne klimautslepp på denne arealkategorien.
	Støy	0	Tett på veg, men liten gjennomgangstrafikk.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	1,7 daa anna utmark impediment.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	2	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i strandsone og sjø, men dette må greiast ut ved ei eventuell regulering. Ei utbygging krev utfylling av gruntområdet som er generelt viktig for biologisk mangfald i og ved sjøen.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	SEFRAK-registrert ruin etter eit naust mellom sjøen og Nordstrandsvegen vest for driftsbygningen. Elles ingen registrerte kulturminne i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Ingen registrerte barnetråkk i området. Lite areal mellom vegen og sjøen som er lite tilgjengeleg slik det ligg i dag. Innanfor funksjonell strandsone. Hindrar fri ferdsel i strandsona.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Området er ikkje i gangavstand til sentrum, men Nordstrandsvegen føl strandlina og det er mogleg å sykle til sentrum.
	Teknisk infrastruktur	0	Krev ny infrastruktur i form av tilkomstveg, vatn og avløp og parkering.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Delvis i tråd med arealstrategiar for reiseliv og fritidsbustader, dersom strandsona vert gjort tilgjengeleg for fri ferdsel, men i konflikt med naturmangfaldslova.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Store delar av arealet ligg innanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred.
	Flaum	0	Delar av område ligg innanfor aksemdsområde for flaum.
	Havnivåstigning/ stormflo	1	Midtre del av område er utsett for havnivåstigning. Området må hevast.
	Vind	0	Utsatt for vind
	Brann	0	Tilgang til vatn i sjø
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsomhet. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Fylkesveg med lite trafikk. ÅDT: 100

KONKLUSJON	
	Samla vurdering: - Utbygging krev utfylling i gruntområdet i sjø. Forslaget vil hindre fri ferdsel i strandsone, men området er ikkje mykje brukt til friluftsliv i dag. Vil truleg påverke leveforholda for fisk og fuglar i området. **Konklusjon:** Ikkje tilrådd

4.2.12 Anda – nytt hyttefelt på Åsane/Kiursnakken

SKILDRING

G.nr.: 54 **B.nr.:** 1
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Idrettsanlegg/fritids- og turistformål/fritidsbustad

Arealstorleik: 300 daa
Forslagstillar:
Olav Hjelmeset (grunneigar)

Skildring:
Området ligg midt mellom fergekaia på Anda og flyplassen, med avkjørsle frå eksisterande E39. Grunneigar ser føre seg ei utbygging av området med hytter med innlagt straum, veg, vatn og avløp. Det er høgdeforskjell på rundt 100 meter frå vegen til toppen av Kiursnakken. Det er foreslått kombinasjon av rulleskiløype med skiskyteranlegg, fritidsbustader og moglegheit for utleige/overnatting.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	2	Utslipp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -838 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 7865 t CO2-e.
	Støy	0	Ein mindre del av området er innanfor støysone langs E39
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	2 daa barskog på impedent jord, 63 daa barskog på høg bonitet og 141 daa barskog særs høg bonitet. Ikkje dyrkbart.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	1	Medfører store landskapsendringar. Ingen registrerte viktige naturområde eller artar. Dette må vurderast i reguleringsplanarbeidet.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ingen registreringer i barnetråkk i det aktuelle området.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Området ligg tett på E39 og fergekaia på Anda, og gjennomgåande busstrasè mellom Ålesund og Bergen.
	Teknisk infrastruktur	2	Store høgdeforskjellar gjer at det vil være svært krevjande å opparbeide bilveg i området
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	I tråd med viktige føringar i samfunnsdelen. Sjønære hyttetomter som vil bygge opp rundt fjordlandsbyen Sandane.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for skred. Liten moglegheit for marin leire
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	0	Krav til slokkevatn
	Forureining	0	Ikkje kjent forureinging i grunn
	Trafikk	0	

KONKLUSJON

Samla vurdering:
Viss man klarer å løyse tilkomst til området har området stort potensiale som kombinasjon av idrettsarena og fritidsbustader. Området har relativt få kjente konflikter med KU-temaer.

Konklusjon:
Tilrådd til kombinert formål

4.2.13 Arnestad – hyttefelt sør for Arnestadstøylen

SKILDRING

G.nr.: 7 og 8 **B.nr.:** Fleire
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Fritidsbustad

Arealstorleik: 10 daa
Forslagstillar: Arnestad grunneigarlag v/ Edvin Hugvik



Skildring:
Arealet ligg innanfor landskapsvernområdet Naustdal-Gjengedal. Grunneigarane fekk i 2019 godkjent eit hytteområde med plassering av åtte tomter søraust for Arnestadstøylen, og ber om at dei vert lagt inn i arealplanen.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Utslipp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -2,0 t CO2-e. Klimaeffekt ved endring: 12,2 t CO2-e.
	Støy	0	Ei gradvis utbygging av området vil i liten grad medføre støy.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	Beitebruksområde. Arealet har i dag 0,4 daa anna utmark.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	2	Ingen registrerte viktige naturområde eller artar, men dette må vurderast på nytt ved ei eventuell regulering. Innanfor N.&GJ.verneområde og nedbørsfeltet til den verna Ryggelva.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne i området, men støylen fremstår som eit tilnærma autentisk støylsområde.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Det er ingen registreringer i barnetråkk i det aktuelle området, men .
SAMFUNN	Transportbehov	0	Adkomst via båt, eller sti frå Fitje vårstøyl og Langedalsosen.
	Teknisk infrastruktur	2	Det er ingen teknisk infrastruktur
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Ikkje i tråd med vedteken arealstrategi i planprogrammet, og vil truleg påverke naturmangfald og dyreliv i området.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for skred. Over marin grense
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	1	Området ligg langt frå veg
	Forureining	0	Ikkje kjent forureining i grunn
	Trafikk	0	Ingen trafikk i området.

KONKLUSJON

Samla vurdering:
Området rundt Langedalsvatnet er mye brukt til friluftsliv både på og langs store delar av vatnet. Plasseringa av hyttetomtene er med på å beslaglegge store urørte område sør for Arnestadstøylen. Ei utbygging som av erfaring vil strekke seg ut i tid, vil også mest truleg påverke naturmangfold og dyreliv i området. Område har ingen infrastruktur.

Konklusjon:
Ikkje tilrådd - vedteke lagt inn i formannskapet 20.10.21. Vedtak oppretthalde i FOR 8/6-22

4.2.14 Gimmestad – utviding av hyttefelt nedst i Langedalsvegen

SKILDRING

G.nr.: 9 **B.nr.:** 1
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Fritidsbustad

Arealstorleik: 35 daa
Forslagstillar: Janne og Lars Endre Gimmestad (grunneigarar)



Skildring:
Området er nordvestvendt ved foten av Arnestadnakken. Området er stort sett hogstfelt.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Utslipp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klilmaberekning: Opptak utan endring: -140,9 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 1340,1 t CO2-e.
	Støy	0	Ikkje relevant
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	26 daa barskog på særs høg bonitet, 9 daa barskog på høg bonitet. Ikkje dyrkbart.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Medfører store landskapsendringar. Ingen registrerte viktige naturområde eller artar, men det må greiast ut i ei eventuell detaljregulering. Området er relativt nylig hogd.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ingen registreringer i barnetråkk i det aktuelle området.
SAMFUNN	Transportbehov	0	
	Teknisk infrastruktur	0	Krev etablering av nytt vatn og avløpsystem.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Ikkje i tråd med føringar i samfunnsdelen/ planprogram.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	2	Området er innanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred og snø- og steinsprang. Over marin grense
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	1	Utfordrande å skaffe slokkevatn
	Forureining	0	Ikkje kjent forureining i grunn
	Trafikk	0	Privat grusveg til støylsområde, med lite trafikk.

KONKLUSJON

Samla vurdering:
Store deler av området er innanfor aktsemdsområde for skred i bratt terreng. Det er lite sannsynleg at det er mogleg å tilfredstille krav til sikker byggegrunn.

Konklusjon:
Ikkje tilrådd

4.2.15 Gimmestad – justering av hyttefelt ved Gimmestadstøylen

SKILDRING

G.nr.: 9 **B.nr.:** 8
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Fritidsbustad

Arealstorleik: 22 daa
Forslagstillar: Gimmestad/ Moen sameige v/Asbjørn Gimmestad

Skildring:
Hyttefeltet lå inne i gjeldande arealdel, men vart ikkje automatisk vidareført ved 1. høyring. I etterkant av gjeldande arealplan, har Breidalselva kraftverk blitt bygd ut med traktorveg til uttaket og ut til Høgerinden (Liagardsvegen). Det er også etablert ein parkeringsplass vest for støylen. Gimmestad/Moen sameige ønskjer at feltet vert teken inn igjen i planen, men med justeringar som følgje av tilpassingar til vegane.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Utslipp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -85 t CO2-e. Klimaeffekt ved endring: 865,4 t CO2-e.
	Støy	0	
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	25 daa lauvskog høg bonitet. Beitebruk. Ikkje dyrkbart.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	2	Medfører store landskapsendringar. Feltet aust for traktorvegen vil vere godt synleg frå støylen. Ingen registrerte viktige naturområde eller artar, men det må greiast ut i ei eventuell detaljregulering. Ligg i randssona til verneområdet. Innafor sona for vern av Ryggelva (i nedbørsfeltet).
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Ingen registreringer i barnetråkk for det aktuelle arealet. Støylen er merka av som turmål for nærturar, og parkeringa NV for støylen er mye brukt som utfartsområde til Breidalen og fjella omkring.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Avhengig av privat bil og vinterbrøyting av vegen, dersom det skal vere attraktivt som hytteområde.
	Teknisk infrastruktur	1	Bratt tilkomstveg. Krev etablering av nytt vatn og avløpsystem.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje direkte relevant.
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Delvis i tråd med vedteken arealstrategi i planprogrammet, og gjeldande retningsliner for støylar i Gloppen.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for skred. Over marin grense
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	1	Området har tilgang på vatn. Tilkomstvegen er bratt.
	Forureining	0	Ikkje kjent forureining i grunn
	Trafikk	0	Medfører noko auka belastning på bratt tilkomstveg.

KONKLUSJON

Samla vurdering:
Området ligger i tregrensa og har utsikt mot nord. Området er i randssona til landskapsvernområdet og er ein viktig inngangsport sommar og vinter. Det er vinterbrøyta veg opp til inntaket til kraftverket, men vegen er svært bratt både her og lenger nede. Ei utbygging vil i stor grad påverke naturmangfald, landskap og friluftsliv.

Konklusjon:
Ikkje tilrådd - vedteke lagt inn til fritidsbustad i formannskapet 20.10.21. Vedteke å redusere sørleg del som ligg inne i vernesona i FOR 8/6-22. Teken ut etter mekling 23.06.23.

4.2.16 Sande – nytt hyttefelt sør for Sandsstøylen

SKILDRING

G.nr.: 15 **B.nr.:** 1,2,3,4,5,9 og 10
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Fritidsbustad

Arealstorleik: 65 daa
Forslagstillar: Bjarne Rygg pva. grunneigarane

Skildring:
Grunneigarane ønskjer å sette av eit hyttefelt syd for Sandsstøylen i område kalt Meisegadden. Flatt og solrikt område. Arealet er lett tilgjengeleg og høver for ei skånsam hyttebygging. Den gamle støylsvegen går gjennom området, men den vil verte bevart og forsterka ved ei eventuell utbygging. Det ligg allereie ei hytte i området.
Fint turområde både sommar og vinter.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Utslipp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -334,7 t CO2-e. Klimaeffekt ved endring: 2463,8 t CO2-e.
	Støy	0	Utbygging i område vil ikkje medføre merkbart meir støy, då Hestedalen allereie er mykje brukt som utfartsstad for friluftsliv .
	Sikring av jordressurs (jordvern)	1	0,3 daa vatn/myr, 65 daa barskog på høg bonitet. Godt og vel halvparten av arealet er dyrkbart.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Ingen registrerte viktige naturområde eller artar, men det må greiast ut i ei eventuell detaljregulering.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området. Den gamle støylsråsa går gjennom området, og skal takast vare på.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	I utkanten av viktig friluftsområde. Områdekategori - *stort turområde utan tilrettelegging*. Det er ingen registreringer i barnetråkk i det aktuelle arealet.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Avhengig av bil
	Teknisk infrastruktur	1	Krev etablering av nytt vatn og avløpsystem. Utforming av tomtene vil krevje fleire avkjørsler for skogsvegen.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Ikkje i tråd med vedteken arealstrategi i planprogrammet.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for skred. Over marin grense
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	1	Ikkje vinterbrøyta veg
	Forureining	0	Ikkje kjent forureining i grunn
	Trafikk	0	Lite trafikk gjennom området.

KONKLUSJON

Samla vurdering:
Området ligg i skogen godt unna eksisterande støyl. Området er i randssona til landskapsvernområdet og er ein viktig inngangsport sommar og vinter. Det er veg opp til støylen. Området vert tilrådd fordi det har eksisterande veg, men det er fleire tema som til dømes naturmangfald og friluftsliv må belysast i reguleringsarbeidet.

Konklusjon: Tilrådd

4.2.17 Sande - 2 nye nausttomter i tilknytting til naustområde på Sande

SKILDRING

G.nr.:15 B.nr.: *9*
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Naust

Storleik: 0,6 daa
Forslagstillar:
Styret i Runnevang v/
Marit Elisabeth Larssen

Skildring:
Utviding av eksisterande naustområde mot sør.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vann	0	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak i dag: -0,1 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 0,1 t CO2-e.
	Støy	0	Utanfor registrerte støysoner
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	0,6 daa open jorddekt fastmark impediment. Ikkje dyrkbart.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området, og medfører ingen store landskapsendringar.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne i området
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Utbygging fører til privatisering av strandsona i tilknytning bustadområder.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Fører ikkje til betydeleg auke i transport.
	Teknisk infrastruktur	0	Kan tilknyttast eksisterande tilkomst til nærliggande naust
	Befolkningsutvikling og tenestebehov	1	Det er regulerte nausttomter på Rygg som ikkje er realisert.
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Truleg ikkje i konflikt med interesser i strandsona.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Stor moglegheit for marin leire
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Utbygging må dimensjonerast for stormflo
	Vind	1	Handterbare vindforhold
	Brann		
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ikkje forureina grunn.
	Trafikk	0	Avkjøring frå FV615

TILRÅDING

Vurdering:
Det er regulert nausttomter ved Rygg som dekker behovet i planperioden.

Konklusjon:
Ikkje tilrådd Vedteken lagt inn av formannskapet 8/6-22. Teken ut til dette formål i mekling 23.06.23.

4.2.18 Gjengedal – nytt hyttefelt vest for Aastøylen

SKILDRING

G.nr.: 19 ***B.nr.:*** 4 og 11
Dagens formål: Fritidsbustad
Foreslått formål: Fritidsbustad

Storleik: 25 daa
Forslagstiller: Justering frå tidlegare kommuneplan

Skildring:
Foreslått område er ein justering av formål avsatt i tidlegare kommuneplan. Området ligg i skogsområdet ved vegen til Åstøylen. Området er småkupert og skogkledd.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -58,3 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 781,4 t CO2-e.
	Støy	0	Utanfor støysoner
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	2,1 daa myr, 12,5 daa barskog impediment, 1,1 daa barskog middels bonitet, 9,3 barskog høg bonitet.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Nærleik til stinett til støylar og fine turområder i fjellet. Området er lite brukt til friluftsliv.
SAMFUNN	Transportbehov	1	Avhengig av bil for å nå sentrumsfunksjonar. Tilkomst frå privat veg.
	Teknisk infrastruktur	1	Krev separat løysing for VA
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Berre delvis i tråd med arealstrategi for fritidsbustad
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred og snø- og steinsprang. Over marin grense.
	Flaum	0	Ligg utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	1	Området stetter ikkje kravet om brannhydrant for kvar 50 m, og er avhengig av tankvogn.
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsomhet. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Vil auke belastninga på smal kommunal veg til Gjengedalsstøylen. Ikkje vinterbrøyta veg.

KONKLUSJON

Samla vurdering:
Lite konflikt med KU-tema. Området er langt frå sentrumsområde har smal veg og lite infrastruktur.

Konklusjon:
Ikkje tilrådd - Vedteke lagt inn som fritidsbustad i formannskapet 20.10.21

4.2.19 Gjengedalsstøylen – nye hyttefelt sør og søraust for støylen

SKILDRING

G.nr.: 19 **B.nr.:** 61
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Fritidsbustad

Arealstorleik: 250 daa
Forslagstillar:
Gjengedal Utmarkslag v/ Nils Magne Gjengedal



Skildring:
Forslagstillar ønskjer å få lagt inn desse to områda til hyttebygging. På Neset er det hytter frå før, og området i Osalia sør for støylen og vest for vegen ligg skjerma til utan å vere i nokon konflikt med støylen og drifta av den.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	2	Utslipp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -173,3 t CO2-e. Klimaeffekt ved endring: 5887 t CO2-e.
	Støy	1	Vil truleg medføre støy over tid , avhengig av omfang og utbyggingtempo.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	29 daa lauvskog på høg bonitet, 67 daa vatn og myr, 140 daa barskog og 8 daa lauvskog på impediment jord. Ikkje dyrkbart areal.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	2	Medfører store landskapsendringar. Ligg i leveområde og sommarbeiteområde for villrein. Område ligg registrert som kystmyr, særs viktige naturtype (lokal verdi) for biologisk mangfald. Nyare utgreiing av naturmangfald må gjerast i ei eventuell detaljregulering.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	2	Kartlagt som svært viktig utfartsområde. Nordaustleg del av området ligg i sin heilskap i strandsona. Det er ikkje gjennomført barnetråkk i Hyen.
SAMFUNN	Transportbehov	1	Lang og dårleg tilkomstveg, som kun er open i sommarhalvåret.
	Teknisk infrastruktur	0	Krev etablering av nytt vatn og avløpsystem
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	2	Ikkje i tråd med arealstrategi i planprogrammet, og nyare politiske føringar. I konflikt med naturmangfaldslova.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for skred. Over marin grense
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	0	God tilgang på vatn
	Forureining	0	Ikkje kjent forureinging i grunn
	Trafikk	0	

KONKLUSJON

Samla vurdering:
+ Området ligg i eit flott tur og friluftsområde ved Storevatnet, nær eksisterande tilkomstveg.
- Ikkje attraktivt som eit større hyttefelt med moderne krav om god tilkomstveg, straum og vatn og avløp. Ei storstilt utbygging i området vil i stor grad påverke området sin verdi som uberørt naturvernområde, naturmangfald og villreinen sitt sommarbeite og leveområde.

Konklusjon: Ikkje tilrådd- vedteke lagt inn til formål fritidsbustad i formannskapet 20.10.21, men vedteke å ta ut igjen 8.06.2022.

4.2.20 Skilbreivatnet – frådeling av hyttetomter

SKILDRING

G.nr.: 27 **B.nr.:** 3
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Fritidsbebyggelse

Arealstorleik: daa
Forslagstillar: Gro Eimhjellen Sæten og Tore Sæten (grunneigarar)



Skildring:
Grunneigar ønskjer å skille ut 3 tomter til spreidde fritidsbustader ved Skilbreivatnet. Tomtene er tenkt til tre søsken. Området er nord-vestvendt og heller mot vatnet. Fylkesvegen går gjennom området.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Utslipp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -48,9 t CO2-e. Klimaeffekt ved endring: 399,6 t CO2-e.
	Støy	0	Ikkje relevant problematikk for ei så avgrensa utbygging.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	3,4 daa barskog særs høg og 7,1 daa barskog høg bonitet. Hyttetomtene er lagt utanfor dyrkbart areal.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	2	Medfører store landskapsendringar. Ingen registrerte viktige naturområde eller artar, men tomtene vil mest truleg påverke naturmangfald og dyreliv langs vatnet.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	2	Innanfor strandsona. Privatisering av store område. Det er ikkje gjennomført barnetråkk i Hyen, men området rundt vatnet er eit populært friluftslivsområde.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Ligg nær FV 615.
	Teknisk infrastruktur	0	Krev etablering av nytt vatn og avløpsystem
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Truleg i konflikt med vassressurslova og naturmangfaldslova.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Deler av området er innanfor aktsemdsområde for skred i bratt terreng. Over marin grense
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	0	Vatn i Skilbreivatnet
	Forureining	0	Ikkje kjent forureinging i grunn
	Trafikk	0	FV615 har ÅDT 200, 10% lange kjøretøy

KONKLUSJON

Samla vurdering:
Plasseringa av hyttetomter i strandsona til Skilbreivatnet, vil bidra til privatisering av eit populært fiske- og friluftslivsområde. Delar av området på oppsida av vegen ligg i aktsemdsområde for ulike typer skred.
Konklusjon:
Ikkje tilrådd med føreslegne hyttetomter i strandsona. Ei eventuell plassering av nye tomter må skje sør for eksisterande utbygging aust for FV 615.

4.2.21 Eimhjellen – nytt hyttefelt i Eimhjellestranda

SKILDRING

G.nr.: 24 **B.nr.:** 5
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Kombinert formål Bustad/ Fritidsbustad

Arealstorleik: ca. 40 daa (utan arealet sør vest for vegen)
Forslagstillar:
Elias Eimhjellen og Anne Kristin Risøy Eimhjellen (grunneigarar)

Skildring:
Forslagstiller: Arealet er skogkledd, grunnlendt og ikkje eigna til dyrking. Det ligg fint og solrikt til med utsikt utover Eimhjellevatnet. I området, og også lenger nordover langs Eimhjellevegen er det allereie sett opp hytter. Om området vert avsett til hytter vil dette kunne vere eit positivt inntektspotensiale både med tanke på sal av tomtar og oppføring av hytter til utleige. Slik vil det kunne bidra til økonomien i den tradisjonelle drifta på garden.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Utslipp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -161,3 CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 1667,5 t CO2-e.
	Støy	0	Utbygginga vil i liten grad medføre støy.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	7 daa barskog på særs høg bonitet, 15 daa barskog på impedent jord, 25 daa barskog på høg bonitet. Ikkje dyrkbart.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Medfører store landskapsendringar. Ingen registrerte viktige naturområde eller artar, men det må greiast ut i ei eventuell detaljregulering.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Delar av området ligg i strandsona. Det er ikkje gjennomført barnetråkk i Hyen.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Heilt avhengig av bil for å kome til området
	Teknisk infrastruktur	1	Krev etablering av nytt vatn og avløpsystem, ny avkjørsle og bratt tilkomstveg.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Ikkje i tråd med arealstrategi for nye område avsett til formål fritidsbustad
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	2	Området ligg i sin heilskap innanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred og snø- og steinsprang. Over marin grense
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum, med unntak av strandsona
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	0	Sikre tilgang til storfjorden med brannpumpe
	Forureining	0	Ikkje kjent forureining i grunn
	Trafikk	0	Lite trafikk. Ligg i tilknytting til kommunal veg til Eimhjellen.

KONKLUSJON

Samla vurdering:
+ Solrikt område med flott utsikt. Tett på kommunal veg.
- Bratt terreng der mye areal går med til vegar og skjæringar. Arealet ligg i sin heilskap i aktsemndsområde for jord- og flaumskred og snø- og steinsprang. Arealet nedafor vegen ligg i strandsona.

Konklusjon: Ikkje tilrådd Vedteke lagt inn med kombinert formål bustad/ fritidsbustad i formannskapet 20.10.21, men endra og redusert i møtet 8/6-22 til kun å gjelde G.br.nr.24/5. Samanfallande med pkt. 4.1.38 Eimhjellestranda bustadfelt.

4.2.22 Solheim – nytt hyttefelt i Kjerevika

SKILDRING

G.nr.: 25 **B.nr.:** 19
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Fritidsbustad

Arealstorleik: ca. 10 daa
Forslagstillar:
Nickolai Willis (grunneigar?)

Skildring:
Området vart spelt inn som hytteområde ved planoppstart, men vart ikkje teken med. Det føreligg ingen beskriving av omfang og storleik på området. Området ligg i nordleg del av gardseigedomen tett på FV615 på Solheim.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Utslipp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -14,4 CO2-e. Klimaeffekt nedbygging: 67,5 t CO2-e.
	Støy	0	Utbygginga vil i liten grad medføre støy.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	6,9 daa innmarksbeite og 4,4 daa anna utmark (open fastmark).
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	1	Medfører store landskapsendringar. Ingen registrerte viktige naturområde eller artar, men dette må vurderast i ei eventuell detaljregulering. Ei elv renn midt gjennom området og må takast omsyn til.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Arealet ligg i sin heilskap i strandsona til Storfjorden, og ei eventuell utbygging må legge til rette for allmenn ferdsel i strandsona. Det er ikkje gjennomført barnetråkk i Hyen.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Ligg i tilknytting til FV 615
	Teknisk infrastruktur	0	Krev opparbeiding av ny tilkomstveg, vatn og avløp.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Ikkje i tråd med vedteken arealstrategi for nye område avsett til formålet fritidsbustad.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Området ligg utanfor aktsemdsområde for snø og steinsprang og jord og flaumskred.
	Flaum	1	Store delar av området nordaust for skogsveg (tilkomstveg) ligg innanfor aktsemdsområde for flaum.
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	0	God tilgang til vatn i Storfjorden
	Forureining	0	Ikkje kjent forureining i grunn
	Trafikk	0	FV615 har ÅDT 350, 7% lange kjøretøy

KONKLUSJON

Samla vurdering:
Området er bratt og lite egna til utbygging av fritidsbustader. Området er innanfor funksjonell strandsone og i aktsemdsområde for flaum.

Konklusjon:
Ikkje tilrådd

4.2.23 Solheim – nytt hyttefelt ved Krokstadvatnet

G.nr.: 25 **B.nr.:** 3 og 5 **Dagens formål:** LNF **Foreslått formål:** Fritidsbustad	**Arealstorleik:** ca. 32,5 daa **Forslagstillar:** Dan Sondre Solheim og Ola Kjell Solheim (grunneigarar)	

SKILDRING

Skildring *(forslagsstillar)*: I området ved nordsida av Krokstadvatnet finst det i dag allereie ein god del hytter, både i Gloppen og Kinn kommune. Nokre ligg litt spreidde i terrenget og andre i regulære hyttefelt. Området er spesielt populært for folk frå Florø, Førde og Naustdal. Interessa for hytter her viser seg både ved sal av tidlegare oppførte hytter, og direkte spørsmål om tomtar. Sidan denne delen av vår utmark alt er prega av mange fritidsbustadar, ser vi det som ein fordel å få til eit fortetta hyttefelt som samlar vidare utbygging i eit regulert område. Dette feltet er eit samarbeid mellom to grunneigarar, og vil såleis gje eit større areal som stettar behovet for tomtar over ein lengre periode.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Utslipp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -112,7 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 1091,6 t CO2-e.
	Støy	0	Nordlig del av område ligg innanfor gul støysone til FV 615
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	7 daa barskog impedent, 17 daa barskog høg bonitet, 6 daa barskog særs høg bonitet (alle inkl.myr), 1 daa vatn/myr. Ikkje dyrkbart.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	1	Medfører store landskapsendringar. Ingen registrerte viktige naturområde eller artar, men det må greiast ut i ei eventuell detaljregulering.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Området ligg i strandsona til Krokstadvatnet, og ei eventuell utbygging må legge til rette for allmenn ferdsel i strandsona. Ikkje gjennomført barnetråkk.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Ligg i tilknytting til FV 615
	Teknisk infrastruktur	0	Austleg del av området har avkjørsle frå hovudveg i dag, og veg ned til to hytter i strandsona. Krev etablering av nye tilkomstvegar i feltet og nytt vatn og avløpsystem.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje direkte relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	I tråd med politiske føringar. Område ligg tett på FV 615 i attraktivt hytteområde ved Krogstadvatnet. Relativ kort avstand til butikk/ drivstoff i Eikefjorden.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Eit lite område ved fylkesvegen er innanfor aktsemdsområde for snø og steinsprang. Over marin grense
	Flaum	1	Eit lite område ned mot vatnet er innanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	0	Tilgang på vatn
	Forureining	0	Ikkje kjent forureining i grunn
	Trafikk	0	FV615 har ÅDT 350, 7% lange kjøretøy

KONKLUSJON

Samla vurdering: Arealet ligg i eit attraktivt område ved Krokstadvatnet, nær FV 615 og eit eldre hyttefelt (ferdig utbygd) ved grensa mot Kinn kommune. Området er i forslaget trukket noe tilbake frå strandlina, og opnar med det for allmenn ferdsel. Området si utforming legg til rette for ei god utnytting av arealet. Tilkomstvegar til hyttene kan etablerast utifrå eksisterande avkjørsle ned til vatnet.

Konklusjon: Tilrådd

4.2.24 Langenesvika – utviding av eksisterande naustområde mot sør

SKILDRING

G.nr.: 32 **B.nr.:** 5
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Spreidd fritidsbebyggelse

Arealstorleik: 1,2 daa
Forslagstillar:
Ørjan Hestenes

Skildring:
Utviding av eksisterande naustrekke mot sør.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Utslipp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: - ?? t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: ?? t CO2-e.
	Støy	0	
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	1	Ingen registrerte viktige naturområde eller artar, men det må greiast ut i ei eventuell detaljregulering.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ei eventuell utbygging må legge til rette for allmenn ferdsel i strandsona. Ikkje gjennomført barnetråkk.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Ligg i tilknytting til FV 615
	Teknisk infrastruktur	0	
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje direkte relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	2	Faresone skred i bratt terreng og områdeskred. Må utgreiiast.
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde.
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Plassering av naust må vurderast opp mot fremtidig havnivåstigning.
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	0	God tilgang på vatn
	Forureining	0	Ikkje kjent forureining i grunn
	Trafikk	0	

KONKLUSJON

Samla vurdering:
Det er ønskje om å samle framtidig naustbygging til eksisterande naustrekker. Skredfare må utgreiast.

Konklusjon:
Tilrådd. Teken ut til dette formål under mekling 23.06.23.

4.3 Sentrumsformål

4.3.1 Hopsvatnet – utfylling til nytt sentrumsareal

SKILDRING

G.nr.: 28 **B.nr.:** 17
Dagens føremål: Naturområde i sjø
Foreslått føremål: Sentrumsformål

Storleik: 6 daa
Forslagstiller: Gruppekontakt Magni Aa Berge

Skildring:
Foreslått arealendring gjeld utfylling i vatn langs FV 615 på Straumsholmen. Området ligg på vestsida av vegen sør for Straume bru. Realisering av arealet krev overskotsmasse frå tunellarbeid. Aktuelt for konsentrert utbygging til sentrumsformål.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE TILRÅDINGAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	Ikkje vurdert.	Potensielt utslipp frå utfyllingsmasse. Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn.
	Støy	0	Ligg innafor gul støysone til FV615
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	Ikkje relevant
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	1	Utfylling i vatnet vil truleg påvirke elvane. Ingen registrerte verneverdige naturområde, men det er registrert forekomster av fiskemåke og oter. Arealet ligg i område registrert som grusressurs.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Det er ingen registrerte kulturminne i området
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Eventuell næring må ikkje gi auka trafikk, støy, fare som kjem i konflikt med skule og skuleveg. Innanfor funksjonell strandsone, men arealet er i dag lite tilgjengeleg på grunn av fylkesvegen.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Ligg nær sentrum og FV 615
	Teknisk infrastruktur	0	Kan tilkoblast eksisterande VA
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Kan bidra til fleire bustader i sentrum
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	
	Tema ROS	**RISIKO**	**KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE**
ROS	Skred	1	Ligg godt utanfor aktsemdsone for snø og steinsprang og jord- og flaumskred. Under marin grense.
	Flaum	1	Fylling må ikkje avgrense tilstrømming i elvane. Fyllinga må dimensjonerast etter flaumvasstand.
	Havnivåstigning/ stormflo	0	
	Vind	0	Utsatt for vind over Hopsvatnet.
	Brann	0	Tilgang på vatn i Hopsvatnet og kort utrykningstid.
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsomhet. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Moderat trafikkmengde på fylkesveg 615 ÅDT: 400

TILRÅDING

Samla vurdering:
+ Arealet ligg i eit av dei få områda som ikkje er rasutsett i sentrum av Hyen, med gode solforhold.
- Utfylling i sjø krevjer grundig utgreiing av konsekvensar for natur og miljø i reguleringsplan. Vil ikkje løyse behovet for einebustadtomter.
Området bør utnyttast effektivt med bygg i fleire etasjar næring og bustader. Sjøfronten bør vere allment tilgjengeleg.

Konklusjon: Tilrådd som sentrumsformål. Teken ut av planen av formannskapet 8/6-22.

4.4 Næringsformål

4.4.1 Teita – utviding av tidlegare vurdert næringsareal ny justert KU

SKILDRING			
	G.nr.: 110/ 109 **B.nr.:** 3 / 1,2 og 5 **Dagens formål:** LNF **Foreslått formål:** Næring/ massedeponi	**Arealstorleik:** ca. 240 daa **Forslagstillar:** Nordplan- pva. fleire næringsaktørar i Breim	
	Skildring: Myrområde ved Teita/ «Skuggesida», om lag 240 daa, som er del av gnr/ bnr 110/ 1 og 3 og 109/ 1, 2 og 5, (sjå utklipp under). Tilkomst er tenkt via Teita bru. Området vil fyrst og fremst vere aktuelt ved tilgang på overskotsmasse t.d. ved bygging av E39 og tunnel i Våtedalen.		

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	2	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslepp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Utslepp utan endring: 2745,8 t CO2-e. Utslepp ved nedbygging: 10339,0 t CO2-e.
	Støy	0	Området langs elva ligg innafor gul støysone knytt til E39. Må vurderast nærare i ei evt. Regulering/ og ev støyvurdering for lyd ut frå planområdet.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	1	109,7 daa myr/vatn, 65 daa innmarksbeite, 13,5 fulldyrka jord, 4,5 daa overflatedyrka jord, 40 daa lauvskog særs høg bonitet, 8 daa barskog særs høg bonitet. Alt arealet er dyrkbart. Ligg i kjerneområde for landbruk, prioritet 2.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	1	Hovuddelen av arealet ligg registrert som myr omkransa av skog. Myrområdet ligg inne som kandidat for supplerande vern, etter vurdering frå Statsforvalteren i Vestland. Gjennom reguleringsarbeidet må planframlegget vurderast opp i mot naturmangfaldlova. Ut over dette er det ingen registreringar i området i dag.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Det er registrert to Sefrak-bygg i veste del området i dag og relativt mange registreringar langs vestleg grense. Dette kan vere indikasjonar for at kulturavdelinga vil ynskje nærare undersøkjingar for deler av området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	2	Området ligg langs Storelva. Området har ingen markeringar i digitalt barnetråkk.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Tilkomst via Teita bru
	Teknisk infrastruktur	0	Kan tilkoplast VA-anlegg på Byrkjelo
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	I tråd med arealstrategi for næringsareal i planprogrammet og kort veg til planlagt kryss på E39.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	2	Store deler av ligg innanfor aktsemdsone for skred. Skredfare må avklarast i reguleringsplan. Heile området ligg på lausmasse, over marin grense.
	Flaum	2	Delar av området ligg innanfor aktsemndsone for flaum, og krev nærare utgreiing og avbøtande tiltak. Tilføring av masse er ein føresetnad for utvikling av området.
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	0	Tilkomst ved utrykking er akseptabel og tilgang på slukkevatn
	Forureining	0	Ikkje kjent forureining i grunn. Radon er ikkje relevant.
	Trafikk	0	Tilgang via fylkesveg med lite trafikk og etablert kryss på E39.

KONKLUSJON

Samla vurdering: Området ligg i passe avstand til Byrkjelo. Det er sykkelavstand for arbeidsreisande, men lite konflikt med sentrumsområdet. Området ligg i strandsona til Storelva og det er myr sør for området. Opparbeiding krev tilkjøring av stein for å sikre mot flaum. Dette er det best egna området i Breim for etablering av nytt næringsareal i kategori C, med tilstrekkeleg storleik.

Konklusjon: Tilrådd med avgrensing av omfang. Området er i strandsona til Storelva. Utvikling av området vil krevje sikring mot naturfare. Utfylling av myrområdet vil gi store klimagassutslepp og det forutsettast at dette vert teke omsyn til i reguleringsplan.

4.4.2 Fløtre – nytt næringsareal

SKILDRING

G.nr.: 103 **B.nr.:** 3
Dagens føremål: LNF
Foreslått føremål: Næring

Storleik: 50 daa
Forslagstillar:
Vidar Sandal

Skildring:
Foreslått næringsareal ligg mellom Storelva (Breims-) og E39 på Fløtre, med mogleg utvidingsareal på dyrka mark (50 daa). Aust for tidlegare slamlager Jon Bjørn Fløtre. Arealet har tidlegare vore nytta som grus/sandtak, men er nå skogkledd. Delvis beite/ dyrka mark avgrensa mot elv.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE TILRÅDINGAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -141,3 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 1469,5 CO2-e.
	Støy	0	Delar av område ligg innafor gul støysone
	Sikring av jordressurs (jordvern)	1	38 daa barskog med særs høg bonitet som er dyrkbart, 6,5 daa open fastmark (impediment), og 1 daa fulldyrka jord.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Ingen registrerte verneverdige naturområde eller artar i område, men det er reg. fleire truga fugleartar ved elvekanten sørvest for område. Dette må greiast ut ved ei eventuell regulering. Arealet ligg i område registrert som grusressurs med masseuttak.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Det er ingen registrerte kulturminne i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Det er ingen barnetråkk- registreringer i område.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Direkte avkjøring frå dagens E39, men vil leie trafikk frå sør gjennom sentrumsområdet.
	Teknisk infrastruktur	0	Krev ny avkjørsle og opparbeiding av VA-anlegg.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	I tråd med arealstrategi for næringsareal i planprogrammet, dersom ny E-39-trasè kjem på vestsida av Byrkjelo.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred eller snøskred og steinsprang
	Flaum	1	Sørvestre del av område ligg innafor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	
	Forureining	0	Radon ikkje relevant for formålet. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Vil truleg medføre auka trafikk gjennom Byrkjelo sentrum.

TILRÅDING

Samla vurdering:
+ Område ligg tett på eksisterande E 39 og er eit flatt område som er enkelt å tilrettelegge og opparbeide. Ikkje lenger eit godt område for næringsutvikling, då ny vegtrasê er vedteke lagt på austsida av Byrkjelo.
- Ligg mellom to område med dyrka mark og området er registrert som dyrkbart.

Konklusjon: Ikkje tilrådd

4.4.3 Fløtre – potensielt næringsareal til biogassanlegg/ anna næring

SKILDRING		
	G.nr.: 103 **B.nr.:** 4 **Dagens formål:** LNF **Foreslått formål:** Næring	**Arealstorleik:** ca. 62 daa **Forslagstillar:** NoMil v/ Inge Bent Arnestad
	Skildring: NoMil er kontakta av grunneigar Jon Bjørn Fløtre som eig landbruksarealet mellom E39 og kommunen sitt reinseanlegg på Byrkjelo. Han meinte at arealet ved reinseanlegget kan vere eigna til etablering av eit framtidig biogassanlegg, og er positiv til å forhandle om framtidig bruk av arealet.	



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -95,5 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 472,9 CO2-e.
	Støy	1	Nært på skule og idrettsplass. Det må settast grenser for støy i reguleringsplanen.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	2	62 daa fulldyrka jord. Flatt og lettdreve og innafor kjerneområde landbruk pri. 1.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	1	Artsobservasjon av storspove i 2018 (sårbar) og vipe (sterkt truet).
	Kulturminne og kulturmiljø		Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Nedre del av området ligg i strandssona til Storelva. Nært på skule og idrettsområdet. Området har ingen markeringar i digitalt barnetråkk.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Transport til området frå ny E39 vil måtte kjøre gjennom Byrkjelo sentrum.
	Teknisk infrastruktur	0	Kan koblast på eksisterande VA
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Ikkje i tråd med arealstrategi i vedteke planprogram. Området ligg midt i eit større samanhengande område med fulldyrka jord, ikkje ved eksisterande næring.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for skred i bratt terreng. Over marin grense
	Flaum	2	Området er innafor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	0	God tilgang på slukkevatn
	Forureining	0	Ingen kjent forureining.
	Trafikk	0	Området har direkte avkjøring frå E39

KONKLUSJON	
	Samla vurdering: Området ligg på fulldyrka mark, midt i samanhengande landbruksområde av høg verdi. Område ligg langt frå etablert næring. Trafikk til området frå ny E39, må køyre gjennom Byrkjelo sentrum. **Konklusjon:** Ikkje tilrådd

4.4.4 Byrkjelo – sentrumsnært næringsareal aust for Byrkjelo

SKILDRING

G.nr.: 104 **B.nr.:** 1 og 2
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Næring

Arealstorleik: 50 daa
Forslagstillar: Planforum



Skildring:
Landbruksområde ved Meierivegen. Området er bandlagt av fremtidig E39. Attraktive publikumsretta næringsareal i området rundt fremtidig E39 kryss. Det er bare deler av området som vil være tilgjengeleg for utvikling.

Det er lagt inn føresegn om at avsett næringsareal aust for meierivegen berre kan omdisponerast frå matjord dersom nytt kryss og veg på E39 Byrkjelo – Grodås vert realisert.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp t luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -77,0 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 381,4 t CO2-e.
	Støy	1	Området vil være utsatt for støy frå ny E39
	Sikring av jordressurs (jordvern)	2	14,5 daa overflatedyrka jord, 35,5 daa fulldyrka jord. Arealet ligg i utkanten av eit stort og samanhengande jordbruksområde med fulldyrka jord.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	1	Registrering av vipe i området, utover det ingen kjente registreringer.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ikkje registrert som friluftsområde. Nabo til eksisterande bustader og sentrumsområdet. Området har ingen markeringar i digitalt barnetråkk.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Forlenging av Byrkjelo sentrum
	Teknisk infrastruktur	0	Krev utbygging av infrastruktur for VA
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Nye næringsareal i område Byrkjelo i tilknytting til ny E 39-trasê er i tråd med vedteken arealstrategi.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for skred i bratt terreng. Over marin grense.
	Flaum	1	Området er delvis innafor aktsemdsområde for flaum, men må sikrast saman med E39 utbygginga.
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Lite vind
	Brann	0	Det må etablerast infrastruktur for slukkevatn.
	Forureining	0	Ingen kjent forureining. Radonfare er ikkje aktuelt.
	Trafikk	1	Det må lagast heilskapleg løysing for bil-, buss og persontrafikk i reguleringsplan.

KONKLUSJON

Samla vurdering:
Området rundt nytt E39 kryss er attraktivt for fleire typer næring. Spesielt transportretta næring bør ligge i umiddelbar nærleik til stamvegnettet. Deler av området vil bli avskåret frå samanhengande landbruksareal av vegnett og bør nyttast til næring. Næringsbebyggelse vil være med å skjerme bustader for støy frå ny veg.

Konklusjon: Tilrådd. Formannskapet vedtok ei tekstleg endring/ SVV tilleggsuttale knytt til bandlegging.

4.4.5 Byrkjelo – endre til kombinert formål

SKILDRING

G.nr.: 104 **B.nr.:** 1 og 95
Dagens formål: Fritids- og turistformål
Foreslått formål: Fritids- og turistformål/ Næring

Arealstorleik: ca. 34 daa
Forslagstiller:
Kristin og Anders Bjørkelo (grunneigarar) / Gloppen næringsorganisasjon (GN).

Skildring: Delar av gbnr 104/1 og 104/95 Byrkjelo Camping, er pr i dag bandlagt pga. ny E-39 trase.
Om det syner seg at det, på grunn av trasèvalet og kryssløysingar, vert vanskeleg å drive overnattingsverksemnd i nærleiken, ynskjer eigarane å ha mogelegheit til å stå friare i bruken av arealet. Det er difor eit ønske at arealet vert teke med i arealdelen som camping/næring. Dette føreset sjølvsagt at bandlegginga vert oppheva og den nye E39-traseen i liten eller ingen grad berører arealet.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Utslipp til luft, jord og vatn må sikrast ved eventuell omregulering av området til anna næring. Klimaberekning: Opptak i dag: -47,4 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 307,3 t CO2-e.
	Støy	0	Område ligg tett på E39, og ligg i vest innanfor gul støysone.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	1	8,6 daa fulldyrka jord, 6,4 daa lauvskog særs høg bonitet. Skogarealet er dyrkbart.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er i 2019 registrert observasjonar av vipe med særs stor forvaltningsinteresse i det bånnlagte arealet aust for E39.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne og kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Er i drift som campingplass i dag. Badebasseng mye brukt av lokal befolkninga. Området har ingen markeringar i digitalt barnetråkk.
SAMFUNN	Transportbehov	0	God plassering i kort gangavstand til Byrkjelo sentrum og kollektivtrasè.
	Teknisk infrastruktur	0	Campingplassen er opparbeida og i drift, og ligg nær E39 og Byrkjelo sentrum. Tilkobla eksisterande VA.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Arealet ligg tett på ny tilkomstveg til ny E39.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for skred i bratt terreng. Over marin grense
	Flaum	2	Innanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	0	Tilgang på slukkevatn. Kort utrykkningstid
	Forureining	0	Ikkje forureina grunn. Lav til moderat radonaktsemd
	Trafikk	1	Ved eksisterande og framtidig E39. 50 km/t men tidvis høgt fartsnivå. Gang- og sykkelveg til Byrkjelo, men må krysse E39.

KONKLUSJON

Samla vurdering:
Dersom det ny E39 hindrer bruk av arealet til campingplass vil området fungere godt til næring. Utvikling av området krev fysiske tiltak mot flaum, men dette vil kunne løysast med masse frå tunnelarbeid.

Konklusjon:
Tilrådd

4.4.6 Byrkjelo – næringsareal vest for Jomfrusvingen

SKILDRING		
G.nr.: 92 **B.nr.:** 31 **Dagens formål:** LNF **Foreslått formål:** Næring	**Arealstorleik:** totalt 10 daa **Forslagstillar:** Gloppen næringsorganisasjon (GN) og Nordplan - p.v.a. fleire næringsaktørar i Breim.	
Skildring: Landbruksområde på vestsida av eksisterande næringsområde. En bekk skiller området frå eksisterande næring. For å sikre eksisterande næringsliv ønskjer GN at området vert avsett til næringsformål, slik at eksisterande bedrifter i området kan sikre og utvide si verksemnd.		

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Potensiel avrenning til vassdrag må sikrast. Klimaberekning: Opptak utan endring: -47,4 t CO2-e. Klimaberekning: Opptak utan endring: -15,4 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 76,3 CO2-e.
	Støy	1	Området er relativt nært bustadområde og Byrkjelo sentrum. Det må settast grensar for støy og arbeid i reguleringsplanen.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	2	Arealet er fulldyrka og ligg inneklemt i utkanten av eit større samanhengande landbruksareal som ligg registrert som kjerneområde matproduksjon og kulturlandskap pri. 1.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Ingen registrerte viktige naturområde eller artar, men dette må vurderast i samband med reguleringsplanarbeidet.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området, men det er registrert fleire funn lenger opp i lia.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Ikkje registrert som friluftsområde. Nært på mindre vassdrag. Det vil være nødvendig å krysse bekken med bru. Bekken bør ikkje leggjast i røyr. Området har ingen markeringar i digitalt barnetråkk.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Ligg tett på FV60 - eksisterande gjennomfartsveg mot indre Nordfjord.
	Teknisk infrastruktur	0	Påkoblast eksisterande VA-anlegg
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Ja, i tråd med strategien om å legge nye næringsareal i tilknytting til eksisterande areal, og i utkant av evt. fulldyrka jord dersom det må gjerast.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for skred. Over marin grense
	Flaum	1	Innanfor aktsemdsområde for flaum frå lite vassdrag
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Lite vind
	Brann	0	Nært Byrkjelo vassverk
	Forureining	0	Ingen kjent forureining. Radonfare er ikkje aktuelt
	Trafikk	0	Tilkomst frå fylkesveg med fartsgrense 50 km/t

KONKLUSJON	
	Samla vurdering: Ligg i utkanten av sammanhengande kjerneområde for landbruk og i strandsona til ein bekk. Området er ein naturleg forlenging av eksisterande næringsområde. Behovet for næringsarel på Byrkjelo er dekt gjennom nytt areal på Teita, areal mellom Byrkjelo og ny E39 og betre utnytting av eksisterande område. Eventuell næring må ta omsyn til eksisterande bustader og sentrumsområdet. Det må settast tydelige krav til støy og forureining i reguleringsplanen. **Konklusjon:** Ikkje tilrådd

4.4.7 Byrkjelo – sentrumsnært næringsareal vest for busshaldeplassen

SKILDRING

G.nr.: 92 **B.nr.:** 1,8,9,15 og 69
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Næring

Arealstorleik: totalt ca 16 daa
Forslagstillar: Gloppen næringsorganisasjon (GN) og Nordplan - p.v.a. fleire næringsaktørar i Breim

Skildring:
Flatt og sentrumsnært areal til eksisterande og nye verksemder. Området er delvis omkranset av sentrumsområdet.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp t luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -24,7 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 122,0 t CO2-e.
	Støy	1	Området er relativt nært bustadområde og Byrkjelo sentrum. Det må settast grenser for støy og arbeid i reguleringsplanen
	Sikring av jordressurs (jordvern)	2	16 daa fulldyrka jord. (Her er det også teke med lite areal innanfor avmerka område). Arealet ligg i utkanten av eit stort og samanhengande jordbruksområde med fulldyrka jord. I kjerneområde matproduksjon og kulturlandskap pri. 1.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Ingen kjente registreringer av naturmangfald i området.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminner eller kulturmiljø i området
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ikkje registrert som friluftsområde. Nabo til eksisterande bustader og sentrumsområdet. Området har ingen markeringar i digitalt barnetråkk.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Utviding av Byrkjelo sentrum
	Teknisk infrastruktur	0	Ønskjeleg med to tilkomstvegar - inn og ut av området. Kan påkoblast eksisterande infrastruktur.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Nye næringsareal i område Byrkjelo er i tråd med vedteken arealstrategi, men plasseringa er i sterk konflikt med kjerneområde landbruk prioritet 1.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for skred i bratt terreng. Over marin grense.
	Flaum	1	Området er utanfor aktsemdsområde for flaum, men har noe overvann i 200-års flaum frå E39 berekningar.
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Lite vind
	Brann	0	Det må etablerast infrastruktur for slukkevatn
	Forureining	0	Ingen kjent forureining. Radonfare er ikkje aktuelt
	Trafikk	1	Det må lagast heilskapleg løysing for bil-, buss og persontrafikk i reguleringsplan

KONKLUSJON

Samla vurdering:
Flatt landbruksområde som er klassifisert som kjerneområde prioritet 1. Samtidig er området en naturleg forlenging av eksisterande sentrum. Sentrumsområdet på Byrkjelo treng meir aktivitet rundt kjernen av sentrum. Næringsområde vil være i konflikt med sentrum og bustader.

Konklusjon:
Ikkje tilrådd

4.4.8 Byrkjelo – areal til næringsformål/ fortetta bustad vest for skulen

SKILDRING

G.nr.: 103 **B.nr.:** 3
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Næring/bustad

Arealstorleik: 204 daa
Forslagstillar: Gloppen næringsorganisasjon (GN)



Skildring:
GN foreslår at areala mellom gammal E-39 og elva blir sett av til næringsformål og fortetta bustadbygging rundt skule- og idrettsanlegget. Igjen kan ein utnytte eksisterande infrastruktur og legge til rette for fortetting og vekst, samt understøtte skule og anlegg.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -586,8 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 3689,4 CO2-e.
	Støy	0	Området er relativt nært skulen og Byrkjelo sentrum. Det må settast grensar for støy i reguleringsplanen.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	2	140,6 daa fulldyrka jord, 69,3 daa lauvskog særs høg bonitet. Kjerneområde matproduksjon og kulturlandskap pri. 1.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	1	Utbygging vil endre det landbrukspregete landskapet. Observasjon av sanglerke i 2018 og svartvier i 2017 er registrert som arter med særleg stor forvaltningsinteresse i området.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Området er omkransa av Storelva og Myklebustelva. Området har ingen markeringar i digitalt barnetråkk.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Området er utviding av Byrkjelo sentrum
	Teknisk infrastruktur	1	Ligg tett på eksisterande E39. Potensiell kjelde til grunnvatn kan gi restriksjonar.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Nye næringsareal i område Byrkjelo er i tråd med vedteken arealstrategi, men plasseringa er i sterk konflikt med kjerneområde landbruk prioritet 1. Vi påverke biologisk mangfald i og langs begge elvane.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemndsområde for snøskred og steinsprang (NGI)
	Flaum	2	Heile området ligg i aktsemndsområde for flaum mellom Myklebustdalselva og Storelva.
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	God tilgang på vatn i elva
	Forureining	0	Moderat til lav radonfare. Ingen kjent forureining.
	Trafikk	0	Kun nordlig del av området ligg langs med E39 med stor trafikk

KONKLUSJON

Samla vurdering:

Tek i bruk del av stort samanhengande landbruksareal klassifisert som landbruk prioritet 1. Utbygging vil skape konflikt med skule, idrettsområde og sentrum.

Konklusjon:
Ikkje tilrådd

4.4.9 Reed - utvidingsareal til Rebakken hagesenter

SKILDRING

G.nr.: 100 **B.nr.:** 4
Dagens formål:
Foretning/kontor
Foreslått formål:
Foretning

Arealstørrelse: ca. 5 daa
Forslagstiller:
Sigrunn Reed (grunneigar)

Skildring:
Eigar av Rebakken hagesenter har i lengre tid hatt planar om utviding på dette arealet, som ho nyleg har overført til neste generasjon. Ho beskriv eit behov for lager-lokale, utsalsstad/butikklokale, arbeidslokale til innpotting, personalrom, toalett og dusj. Det er vidare behov for planteskuledrift av frukttrær, prydbuskar, roser og stauder.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RE105SSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -12,6 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 77,3 t CO2-e.
	Støy	0	Delar av arealet ligg tett på E 39.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	3,7 daa fulldyrka jord, 1,3 dekar lauvskog særs høg bonitet. Planlagt nytta til utplanting.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	1	Det er registrert fleire funn av kanadagås og storspove i nyare tid (2016-18), og tidlegare registreringar av fleire fugleartar i området. Utbygging av arealet til ønskja formål vil ikkje medføre store endringar av landskapet, då område ligg inneklemt mellom bebyggelse i dag.
	Kulturminne og kulturmiljø	1	Det er ingen registrerte kulturminne i området, men det er fleire funn registrert i området Reed og difor sjanser for å gjere funn.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Området har ingen markeringar i digitalt barnetråkk.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Arealet ligg sentralt i sentrum av Reed.
	Teknisk infrastruktur	0	Arealet ligg i tilknytting til Rebakken hagesenter, og det er behov for ny avkøyrsle og fleire parkeringsplassar for heile området.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Ja, i tråd med strategien om å legge nye næringsareal i tilknytting til eksisterande areal og infrastruktur.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Ligg ikkje i aktsemdsone for snø og steinsprang. Det meste av område ligg over marin grense.
	Flaum	0	Ikkje innafor aktsemdsone for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	Tilgang på vatn/Kort utrykningstid
	Forureining	0	Ingen registrert forureining.
	Trafikk	1	Grensar mot E39. Potensielt trafikkfarleg kryss. Avkjørsle må kombinerast med ei av nabotomtane.

KONKLUSJON

Samla vurdering:
Eigar driv i dag eit gartneri aust for foreslått areal. I gjeldande arealdel ligg område avmerka med formål foretning/kontor, men ligg i dag som eit avgrensa område med fulldyrka jord.

Konklusjon: Tilrådd – Vedteke vidareført med same formål som eksisterande del (foretning) i formannskapet 20.10.21.

4.4.10 Reed - endre formål for nabotomta til montørbasen på Reed

SKILDRING

G.nr.: 99 **B.nr.:** 15
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Næring

Arealstørrelse: 5 daa
Forslagstiller: Sogn og Fjordane Energi AS

Skildring:
Utvidingsareal til eksisterande næringsområde ved montørbasen til SFE på Reed.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -26,7 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 188,8 t CO2-e.
	Støy	1	Nærleik til bustadområde. Det må settast begrensning på støy og arbeidstid i reguleringsplan.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	5 daa lauvskog særs høg bonitet.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Ingen registrerte naturmangfaldsarter. Området ligg lavt i terrenget.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ikkje registrert friluftsområdet, men potensielt nærområde for bustadane. Området har ingen markeringar i digitalt barnetråkk.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Gang- og sykkelavstand frå Reed sentrum
	Teknisk infrastruktur	0	Arealet ligg i tilknytting til eksisterande område og kommunal veg.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Ja, i tråd med strategien om å legge nye næringsareal i tilknytting til eksisterande areal og infrastruktur.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	2	Innafor aktsemdsområde for jord og flaumskred. Liten sannsynlighet for marin leire
	Flaum	1	Nedre del er innafor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Utanfor aktsemdsområde for stormflo
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	0	Tilgang til vatn i elv
	Forureining	0	Ikkje kjent forureining i grunn. Radon er ikkje relevant.
	Trafikk	1	Avkjøring frå fylkesveg. Litt utfordrande trafikkløysing for store kjøretøy

KONKLUSJON

Samla vurdering:
Lite område for utviding av eksisterande verksemd. Føresetnad av at skredfaren er handterbar. Barn og unge sin bruk av arealet som nærområde må kartleggast i regulering.

Konklusjon: Tilrådd

4.4.11 Hetle bru – nytt næringsareal til industriføremål

SKILDRING

G.nr.: 99 **B.nr.:** 9, 13
Dagens føremål: LNF
Foreslått føremål: Næring

Storleik: 4,6 daa
Forslagstiller:
Jørgen Veien

Skildring:
Foreslått areal ligg på sørsida av krysset mellom E-39 og FV-692 og opparbeida næringsareal avsett i gjeldande arealdel. Område ligg mellom kommunen sitt renseanlegg og eit gardsbruk som ikkje er bebudd og aktiv drift.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE TILRÅDINGAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -17,2 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 146 t CO2-e.
	Støy	1	Det meste av området ligg innafor gul støysone
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	2,7 daa fulldyrka jord, 3,6 daa lauvskog høg bonitet og 3,1 daa impediment.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Ingen registrerte verneverdige naturområde eller artar
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Det er ingen registrerte kulturminne i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Det er ingen barnetråkk- registreringer i område
SAMFUNN	Transportbehov	0	Ligg rett ved krysset E-39 og FV-692 og næringsareal avsett i gjeldande arealdel.
	Teknisk infrastruktur	1	Krev ny avkjørsel frå E39
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	I tråd med arealstrategi for næringsareal i planprogrammet.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Område ligg utanfor aktsemdsområde for jord- og flaumskred og snø- og steinsprang.
	Flaum	0	Ligg utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	Tilgang til vatn i elv
	Forureining	0	Radon ikkje relevant for formålet. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Det må etablerast avkjøring frå E39 i tråd med gjeldande normaler. Det er fartsgrense 50 km/t og oppheva 50 km/t i området.

TILRÅDING

Samla vurdering:
Naturleg utviding av industriområde på nordsiden av vegen. God tilkomst til E39 og nært Reed, men i avstand frå bustadområde.

Konklusjon: Frarådd ved 3. behandling - Vedteke å ta ut igjen av formannskapet 01.02.2023

4.4.12 Eidsmona - utviding av eksisterande næringsareal

SKILDRING		
	G.nr.: 76 **B.nr.:** 5,6 **Dagens formål:** LNF **Foreslått formål:** Næring	**Arealstorleik:** 135 daa **Forslagstillar:** Gloppen næringsorganisasjon (GN) og NoMil
	Skildring: GN: Arealet bør avsettast til næring og industri også i framtida. Dette er det einaste reine industriområdet som kan utvidast i området utan å komme tett innpå bustadområde. NoMil: Mogleg utviding av verksemda. Avfallsbransjen er i rask utvikling, kortreist og miljøvenleg handtering/bruk av avfall som ressurs er forventa å skape mange arbeidsplassar i framtida.	

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -164,8 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 1724,8 CO2-e. Nærleik til Sandane vassverk.
	Støy	0	Støy frå eksisterande næring
	Sikring av jordressurs (jordvern)	1	29,5 daa barskog særs høg bonitet, 19,5 daa fulldyrka jord, 86 daa fastmark jorddekt, 14 daa barskog impediment. Vel halvparten av arealet er dyrkbart. Inneklemt område registrert som fulldyrka jord. Kjerneområde matproduksjon og kulturlandskap 2. pri.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Området er preget av eksisterande næring og masseuttak. Heile arealet ligg registrert som grusressurs, med totalt 2 masseuttak og 1 pukkverk.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminner eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	I strandssona til Gloppeelva. Området er sterkt preget av næring og masseuttak. Området har ingen markeringar i digitalt barnetråkk.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Området ligger strategisk til langs E39, mellom Sandane og Breim
	Teknisk infrastruktur	0	Etablert kryss på E39. Påkobling til eksisterande vatn- og avløp. Behov for renseanlegg.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Ligg i tilknytting til eksisterande næringsareal og infrastruktur - tett på E39.
	Tema ROS	**RISIKO**	**KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE**
ROS	Skred	1	Middels fare for marin leire
	Flaum	2	I aktsemdsområde flaum. Det må gjerast fysiske tiltak før utbygging.
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	0	God slukkekapasitet
	Forureining	1	Tilgrenser Nordfjord miljøverk sitt anlegg
	Trafikk	1	Området ligg langs E39, innafor 50 meter frå senterlinja

KONKLUSJON	
	Samla vurdering: Naturleg vidareutvikling av eksisterande næringsområde. Det er ønskjeleg å bygge vidare på eksisterande næringsklynge. Området er preget av eksisterande næring. Området har god infrastruktur og ligg strategisk ved kryss på E39. Handterbar naturfare. **Konklusjon:** Tilrådd

4.4.13 Eidsmona - Nytt næringsareal

SKILDRING

G.nr.: 76 **B.nr.:** 5 og 6
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Næring

Arealstorleik: 65 daa
Forslagstillar: Lars Eide, Grethe Eide og Knut Andrè Bogstad Eide

Skildring: Området ligg på oppsida av E39 ved Eidsmona industriområde. Arealet er tenkt i 2 høgdenivå pga. fjell. Interessenter har plan om å knuse fjellet og tilrettelegge for industriområde.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -334,7 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 2461,9 CO2-e.
	Støy	0	Ligg tett på E39 i eit område som i dag er regulert til næring/industri.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	65 daa barskog høg bonitet.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	1	Medfører store landskapsendringar. Ingen registrerte viktige naturområde eller artar, men dette må greiast ut ved ei evt.regulering. Arealet ligg registrert som pukkressurs.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Det er en tursti frå Vassenden mot Veten. Området er randsone til det svært viktige turområde på Veten og Kolebakkane naturreservat. Området har ingen markeringar i digitalt barnetråkk.
SAMFUNN	Transportbehov	0	I tilknytning til eksisterande næringsområde. Sentralt plassert langs E39
	Teknisk infrastruktur	1	Krev ny avkøyring frå E39. Det må opparbeidast nytt vatn- og avløpsanlegg. Området er i veglovas byggeforbudssone og i potensiel konflikt med utbetring av E39.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov		Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	1	Området er i potensiell konflikt med ny E39. Innanfor veglovas byggegrense mot E39.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for skred i bratt terreng. Over marin grense
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Utanfor aktsemdsområde for stormflo
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	1	Krev ny vannledning med naudsynt slukkevasskapasitet
	Forureining	0	Ikkje kjent forureining i grunn. Radon er ikkje relevant.
	Trafikk	0	Ved E39.

KONKLUSJON

Samla vurdering:
Området ligg strategisk til ved E39 og eksisterande næringsareal i Eidsmona, men krev ny avkjøring frå E39. Området er bratt (40 meter høgdeforskjell) og svært vanskeleg å opparbeidde. Området er i veglovas byggeforbudssone og i potensiel konflikt med utbetring av E39. En eventuel utbygging må skje i samråd med utbetring på E39.

Konklusjon:
Ikkje tilrådd – vedteke lagt inn i formannskapet 20.10.21, og vidareført som næringsareal ved behandling 01.02.23.

4.4.14 Hjelmeset - Nytt næringsareal på Hjelmeset

SKILDRING

G.nr.: 54 **B.nr.:** 1 og 3
Dagens formål: LNF og Bustad
Foreslått formål: Næring

Arealstorleik: 130 daa
Forslagstillar:
Olav Hjelmeset AS

Skildring:
Området blir/ har vore brukt til å lagre stein frå utbygginga av ny ferjekai på Anda. Arealet kan avsettast til næringsformål. Ein tenkjer ny veg fram til E-39, som vist i kartet. Avkjørsla er laga og godkjent for storbil/vogntog.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	1	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -542,4 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 4513,4 CO2-e.
	Støy	0	Ligg utanfor støysone til flyplassen, og E39 med unntak av austleg del av området.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	70,2 daa barskog høg bonitet, 48,1 daa barskog særs høg bonitet og 25 daa opa fastmark impediment.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Ingen registrerte viktige naturområde eller artar. Landskapet er allereie delvis endra.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i arealet, men fleire kulturminner i nærliggande områd.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Området er lite brukt til friluftsliv. Ingen vass-førekomstar i området. Området har ingen markeringar i digitalt barnetråkk.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Ligg nær på eksisterande E39 sør for Anda fergekai.
	Teknisk infrastruktur	0	Behov for ny veg inn til området frå sør, der eksisterande avkjørsle er godkjent for stor bil/vogntog og kan nyttast.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Tett på eksisterande infrastruktur, sjø og fergekai.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for skred i bratt terreng. Liten sannsynlighet for marin leire i området.
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Utanfor aktsemdsområde for stormflo
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	1	Det må etablerast infrastruktur for slukkevatn
	Forureining	0	Ikkje kjent forureining i grunn. Radon er ikkje relevant.
	Trafikk	1	Ligg ved E39. Krev opparbeding av nytt kryss/avkjøring

KONKLUSJON

Samla vurdering:
Området ligg strategisk til ved E39 og Sandane lufthavn. Området er brukt til mellomlagring av masse og har ikkje naturleg preg. Det er relativt lite konflikt med andre interesser.

Konklusjon: Tilrådd

4.4.15 Mona - lite næringsareal

SKILDRING

G.nr.: 77 **B.nr.:** 21
Dagens føremål: Friområde/idrettsanlegg
Foreslått føremål: Næring

Storleik: 1 daa
Forslagstiller: Thomas Fjeldtvedt

Skildring:
Forslag stilt av grunneigar som har behov for mer lagerplass og lokale for butikk. Han ser på det avgrensa arealet som ei naturlig utviding av det eksisterende næringsområdet på austsida av Eidevegen.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE TILRÅDINGAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -3,9 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 38,4 t CO2-e.
	Støy	1	Det er kjende konflikter mellom næring, bustad, kulturminne og barnehage i området
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	1 daa barskog særs høg bonitet. Arealet er dyrkbart.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Ingen registrerte viktige naturområde eller artar, men dette må greiast ut ved ei evt.regulering. Ligg inneklemt. Arealet er ein del av eit større område registrert som grusforekomst.
	Kulturminne og kulturmiljø	1	Nærleik til kulturminneparken i Eidsmona
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	I utkanten av brukt friluftsområde
SAMFUNN	Transportbehov	1	Ikkje tilfredstillande tilkomstveg.
	Teknisk infrastruktur	1	Vegene i området er ikkje tilpassa tungbiltrafikk. Tomta mangler tilkomst frå veg.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Ikkje i tråd med arealstrategi for nye næringsareal.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred og snø og steinsprang.
	Flaum	0	Ligg utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	Kort veg frå ny brannstasjon.
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsomhet. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Auka næringstrafikk er ikkje ønskjeleg i område med mange mjuke trafikantar. Bustad, barnehage og fritidsaktivitet.

TILRÅDING

Samla vurdering:
+ Området ligg inneklemt men i nærleiken av eksisterande næringsareal på austsida av Eidevegen, er flatt og lett å opparbeide.
- Vestre del av arealet er eit viktig nærområde for friluftsliv for bustadområdene i Åsen, barnehage og skule. Område har etablert stinett, gapahukar og leikeareal og er mykje brukt til orientering, sykling og turgåing. Auka næringstrafikk langs Eidevegen er ikkje ønskjeleg i område med mange mjuke trafikantar.

Konklusjon: Ikkje tilrådd

4.4.16 Område "Mardal blikkenslagar" – nytt næringsareal

SKILDRING

G.nr.: 74 **B.nr.:** 1, 23, 83, 155
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Næring

Storleik: 3,5 daa
Forslagstillar: Planforum

Skildring:
Området ligg sentrumsnært på sørsida av Breimsvegen (FV 615) som er tilkomstveg til Sandane. Arealet har tidlegare vore nytta som verkstadområde, men vert no nytta som lager for Nordfjord folkemuseum.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak utan endring: -5,8 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 61,5 t CO2-e. Sentrumsnært område som legg til rette for auka aktiv transport.
	Støy	1	Område ligg delvis innafor gul sone langs FV615. Støykrav må sikrast ved regulering.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	1,6 daa barskog av særs høg bonitet. Resten er bebygd område.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området, men det må vurderast på nytt i samband med regulering. Store delar av arealet er bebygd.
	Kulturminne og kulturmiljø	1	Grenser til folkemuseet
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Avgrensa område med lite aktivitet. Området ligg i funksjonell vassdragssone. Det er lagt inn byggegrense mot vassdraget.
SAMFUNN	Transportbehov	0	I reell gang og sykkelavstand til barnehage, skule og sentrum.
	Teknisk infrastruktur	0	Krev direkte avkjøring frå FV615. VA i fylkesvegen.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Nær barehage og skule, buss-stopp og infrastruktur
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Er i tråd med retningslinene for lokalisering av bustadfelt i bustadpolitisk handlingsplan, og strategiar i samfunnsdelen.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
	Trafikk	0	Kommunal veg med lite trafikk, men ved gravferder og tilstellingar er trafikksikkerheita dårleg.

TILRÅDING	**Vurdering:** Gravplassen ved gamle Gimmestad kyrkje har ikkje ledig areal for nye kistegraver. Eksisterande gravplass har dårlege jordforhold, som gjer det umogleg å bruke opp igjen graver. Kyrkjeverjen planlegg å lage til ei urnelund. Ei utviding av kyrkjegarden medfører at ein må ta i bruk fulldyrka jord og fylle på med nye massar. Gravplassen manglar parkeringsplassar og tilkomstvegen til gravplassen er bratt. Utfordringar med plasseringa må vegast opp mot ønskje om lokal fullverdig gravplass. I tråd med dei teknisk og arealplanmessige utfordringane frårår kommunedirektøren utviding. **Konklusjon:** Ikkje tilrådd (ny ved 3. gangsbehandling av planen) - Vedteke å legge inn i FOR og KOM 1.02.23 og 8.02.23.

4.7 Formål – Samferdsle og teknisk infrastruktur

4.7.1 Kleberget - gjestehavn for fritidsbåter

SKILDRING

G.nr.: 54 **B.nr.:** 3
Dagens føremål: Naust
Foreslått føremål: Småbåthamn

Storleik: ?
Forslagstillar:
Jon Granheim

Skildring:
Forslag om å tilrettelegge for gjestehavn for fritidsbåtar i Kleberget (v/dagens kai). Utbetre dagens kai og landområde og få på plass betongbrygger. Arealet ligg i gangavstand frå flyplassen.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE TILRÅDINGAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Ligg utanfor gang- og sykkelavstand frå sentrum og bustadmiljø.
	Støy	1	Innanfor støysona til flyplassen. I tillegg vil auka båtaktivitet generer støy.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	Omkringliggande areal består av produktiv barskog med høg bonitet
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Ingen registrerte naturmangfaldsverdiar, men biologisk mangfald i sjø og strandsone må vurderast ved ei eventuell detaljregulering.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne i aktuelt område, men det er registrert fleire i nærliggande område og langs tilkomstveg, som kan komme i direkte konflikt med kulturminne.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Kaia er brukt til parkering til badeplassar og friluftsliv langs strandlina nord for området.
SAMFUNN	Transportbehov	1	I akseptabel gangavstand til flyplassen, men elles langt unna Sandane sentrum. Avhengig av bil og gjennomgåande kollektivtransport for å kome seg inn til sentrum.
	Teknisk infrastruktur	1	Vegen må utbetrast. Eksisterande kai ligg så vidt innanfor regulert område som innflygningssone.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	I tråd med arealstrategi om å knyte meir aktivitet mot fjorden, men lang avstand frå Sandane sentrum vil gje auka biltrafikk.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Innanfor aktsemdsområde for jord og flaumskred.
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Må takast omsyn til
	Vind	0	Må vurderast i reguleringsplan. Truleg relativt skjerma
	Brann	0	
	Forureining	0	Høy radon-aktsomhet. Ikkje relevant for formålet. Nærleik til Anda lufthamn. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	

TILRÅDING

Samla vurdering:
Området på land er innanfor reguleringsplan for Sandane lufthamn, Anda.

Konklusjon: Tilrådd

4.7.2 Evebø - Åsavegen - gang- og sykkelveg

SKILDRING		
	G.nr.: 77 **B.nr.:** 1, 15, 302, 577 og 576 **Dagens føremål:** LNF **Foreslått føremål:** Infrastruktur	**Storleik:** **Forslagstiller:** Beate Dybendahl Nordvik, Eli-Dorthe Eikenæs Hansen m.fl.
	Skildring: Det er foreslått eit nytt bustadareal mellom Åsavegen og Evebø. I samband med dette er det eit sterk ønskje om å få til ein gang- og sykkelveg gjennom området. Dette vil knyte bustad-områda på Søreide, Mardal og Fitje tettare saman med skulane i sentrum og fritidsområde på Myklebust-flata og Åsen, og gje ein tryggare veg for barn og unge.	

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning (jf. kap. 4.1.): Opptak utan endring: -278,3 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 1019,6 t CO2-e. Utbygging av område vil legge til rette for meir aktiv transport og bidra til reduksjon av klimagassutslipp frå persontransport.
	Støy	0	Ingen kjent støy i område.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	Teigane 77/320, 77/576 og 77/577 ligg i område med produktiv blandingsskog med høg bonitet. Ikkje dyrkbar jord.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området, men biologisk mangfald må vurderast opp mot Naturmangfaldlova i reguleringsplanarbeidet.
	Kulturminne og kulturmiljø	1	Fleire kulturminner i området
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Fremre kant av området er noe brukt. Det går en sti frå barnehagen og frå eit anna tun på Evebø opp gjennom område til Åsavegen. Området er lite nytt i dag, men har potensialet til å vere eit naturområde.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Ligg like utanfor 15 minutters gange frå skule. Utbygging kan utløyse snarveg frå sentrum og Åsen til Søreide.
	Teknisk infrastruktur	1	Bratt lende. Krevjar ny infrastruktur.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Utbygging kan utløyse ein trygg snarveg frå Søreide/Bukta til fritidsområde i Åsen, og redusere behovet for skuleskyss.
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Er i tråd med arealstrategi for infrastruktur i samfunnsdelen og planprogram for arealdelen.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Nedre del av område ligg innafor aktsemdsområde for snø- og steinsprang og jord- og flomskred. Ligg under marin grense.
	Flaum	0	Ligg utanfor aktsemdsområde for flom
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	
	Forureining	0	Radon ikkje relevant for formålet. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Vil bidra til tryggare veg for born/vaksne i Bukta til skule, barnehage og fritidsaktivitetar i Åsen.

TILRÅDING	
	Samla vurdering: + Ein gang- og sykkelveg gjennom foreslått bustadområde mellom Evebø og Åsavegen, vil knyte bustad-områda på Søreide, Mardal og Fitje tettare saman med skulane i sentrum og fritidsområde på Myklebust-flata og Åsen, og gje ein tryggare skuleveg for barn og unge. Vil flytte gang- og sykkeltrafikk vekk frå FV 615. **Konklusjon:** Tilrådd

4.7.3 Reed - Byrkjelo - Gang- og sykkelveg

SKILDRING		
G.nr.: B.nr.: **Dagens føremål**: LNF **Foreslått føremål:**	**Storleik:** **Forslagstiller:** Fleire	
Skildring: Gang- og sykkelveg langs eksisterande E39 mellom Reed og Byrkjelo. Løysinga er ikkje detaljert og må planleggjast i heilskap.		

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Opptak utan endring: -46,2 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging 228,8 CO2-e.Tiltaket vil vere positivt for å redusere klimagassutslipp frå persontransport
	Støy	0	Innanfor rød sone frå E39
	Sikring av jordressurs (jordvern)	2	30 daa fulldyrka jord (6 m breidde inkl. grøft/skjæring).
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området, men dette må greiast ut ved regulering.
	Kulturminne og kulturmiljø	1	«Kulturminne_og_kulturmiljø»
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Viktig for trygging av aktiv transport til skule og fritidsaktivitetar.
SAMFUNN	Transportbehov	0	P.g.a. avstand mellom Reed og Byrkjelo vil det framleis vere behov for skuleskyss frå bustadfelta i Hovden og Hetlebakkane.
	Teknisk infrastruktur	0	Relativt enkel utbygging. Utfordring med eksisterande avkjørsel og bratt lende. Det er ikkje gjort val av side, men mest aktuelt på nordsida. Det er naturleg å justere linjeføring på E39 på noen plasser. Enkelte kostnadskrevjande punkt.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Betre tilrettelegging for gåande og syklande bidreg positivt til folkehelse.
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	I tråd med mål om økt sykkel og gange
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Enkelte plasser krevjar enkel utgreiing.
	Flaum	0	Innafor aktsemdsone for flom
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	Ikkje relevant
	Forureining	0	Radon ikkje relevant for formålet.. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Vi bidra til tryggare trafikkforhold for gåande og syklande

TILRÅDING	
	Samla vurdering: Gang- og sykkelveg er postivt for lokalsamfunnet og knytter Reed og Byrkjelo tettare saman. - hovudutfordringane er kostnad og landbruksjord. **Konklusjon:** Tilrådd

4.7.4 Jordanger/Råd bru – Ny bru og kryssområdet mellom E39 og FV 5735

SKILDRING

G.nr.: 101 **B.nr.:** 1, 7
Dagens føremål:
Foreslått føremål: Teknisk infrastruktur

Storleik:
Forslagstiller:
Per-Jonny Moldestad

Skildring:
Krysset mellom E39 og fv. 5735 har trafikkfarleg utforming. Vegen mellom brua og kryssområdet er svært bratt. Det er stor tungbilandle og mykje trafikk i samband med arrangementer. Utbedring krev stor omlegging av heile området.

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Klimaberekning: Ikkje gjort klimabrekning på grunn av udefinert areal.
	Støy	0	Ligg innafor gul sone i SVV si støysonekartlegging, men er ikkje relavant.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	Opa fastmark (Impediment) på austsida av brukrysset.
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Ingen registrerte verneverdige naturområde eller arter.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Det er ingen registrerte kulturminner i nærliggande område, med unntak av den Trondhjemske postveg som her går i eksisterande E-39.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Ei utbetring av brua må ta omsyn til at den er ein viktig del av ein populær turrunde i område Reed.
SAMFUNN	Transportbehov	0	
	Teknisk infrastruktur	0	
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	I tråd med arealstrategi for infrastruktur i planprogrammet
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Krysset med E 39 ligg ikkje i aktsemdsone for snø og steinsprang og jord og flaumskred.
	Flaum	1	Ligg innafor aktsemdsone for flom - 7,7 m
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	Ei viktig bru med tanke på beredskap, og alternativ omkøyring.
	Forureining	0	Radon ikkje relevant for formålet. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	1	Trafikkfarleg kryss med E 39

TILRÅDING

Samla vurdering:
Brua ligger inne i kommuneplanen. Rehabilitering av brua kan gjerast utan kommuneplanvurdering. Oppgradering til dagens normalkrav med nytt kryss krever forprosjekt for å kartlegge plassering og løysing.

Konklusjon: Ikkje tilrådd

4.7.5 Kleivane – Ny veg Kleivane - Korset

SKILDRING	**G.nr.:** 72 **B.nr.:** 1 og 9 **G.nr.:** 66 **B.nr.:** 6 **Dagens formål:** LNF **Foreslått formål:** Veg	**Storleik:** 0,7 km **Forslagstillar:** Grunneigarar på Gloppestad og Slagstad	
	Skildring: Vegtrasèen er spelt inn som alternativ tilkomstveg til Engesetåsen, hyttefeltet i Bjørndalsbakkane og støylane innover. Vegen er planlagt å gå i eksisterande løypetrasè.		

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Utslepp til luft, jord og vatn må sikrast i reguleringsplan. Klimaberekning: Opptak i dag: -16,0 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 126,3 t CO2-e.
	Støy	0	Utanfor registrerte støysoner.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	1,4 daa myr, 3,1 daa barskog høg bonitet. (6 m breidde inkl. grøfter).
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	2	Det er gjort svært mange artsobservasjonar ved Åstjønna
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne i området
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	2	Området er kartlagt som svært viktig utfartsområde og er mykje brukt til friluftsliv spesielt om vintaren. Kleivane er utfartsted for langrenn, fjellski og toppturar.
SAMFUNN	Transportbehov	1	Vegen vil flytte meir trafikk til vegen til Kleivane som har utfordrande kapasitet.
	Teknisk infrastruktur	0	
	Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Ikkje relevant
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	0	Utanfor aktsemdsområde for skred
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann		
	Forureining	0	Ikkje relevant
	Trafikk	1	Auker trafikken på vegen til Kleivane

TILRÅDING	**Vurdering:** Det må stillast krav til reguleringsplan for å belyse forholdet til natur, friluftsliv og kapasitet på eksisterande vegnett. Ein eventuell reguleringsplan bør og omfatte skistadion og lysløypa slik at forholdet mellom vinterbrøyting og oppkjøring av skiløyper vert avklart. **Konklusjon:** Ikkje tilrådd - Vedteke lagt inn i formannskapet 20.10.21. Teken ut etter mekling 23.06.23.

4.7.6 Ny veg til hyttefelt på Utvikfjellet

SKILDRING

G.nr.: B.nr.:
Dagens formål: LNF
Foreslått formål: Veg

Storleik: 0,
Forslagstillar:
Hytteeigarar

Skildring:
Det er foreslått veg frå parkeringsplassen på Utvikfjellet til øvre del av Nuken hyttefelt og vidare til øvre del av Breimslida hyttefelt.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Klimaberekning: Opptak i dag: -80,3 t CO2-e. Klimaeffekt ved nedbygging: 295,1 t CO2-e.
	Støy	0	Utanfor registrerte støysoner. Vegen vil kunne føre til noko støy i sårbar natur.
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	1,5 daa myr, 4,9 daa open grunnlendt fastmark, 1,9 daa blandingsskog høg bonitet (lagt til grunn 6 m breidde inkl. grøfter).
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	2	Det er gjort fleire artsoppservasjonar i området. Innafor beiteområde for villrein. Det er over tregrensa og deler av vegen vil måtte ligge på myrområde.
	Kulturminne og kulturmiljø	1	Postvegen går langs eksisterande fylkesveg
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	2	Området er kartlagt som viktig turområde. Område er brukt både sommar og vintar. Vegen vil ligge godt synleg og kunne forstyrre bruken av fjellet.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Vegen vil truleg ikkje føre til økt trafikk
	Teknisk infrastruktur	0	
	Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Det er ønskje om veg fram til eksisterande hytter
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Avhengig av traseval er eit lite område innafor aktsemdsområde for jord- og flaumskred.
	Flaum	1	Innanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann		
	Forureining	0	Lav til moderat radon-aktsemd. Ikkje forureina grunn.
	Trafikk	0	Avkjøring via eksisterande parkeringsplass og avkjørsel

TILRÅDING

Vurdering:
Det bør stillast krav til reguleringsplan for å belyse forholdet til natur, friluftsliv og kapasitet på eksisterande vegnett. Ein eventuell reguleringsplan bør og omfatte skistadion og lysløypa. Forholdet mellom vinterbrøyting og oppkjøring av skiløyper må avklarast.

Konklusjon:
Tilrådd teken ut av planen ved 3. gangsbehandling.

4.7.7 Omlegging av E39 veg/tunnel/bru ved Gullkista

SKILDRING

G.nr.: B.nr.:
Dagens formål:
Foreslått formål: Veg

Storleik: 1-2 km
Forslagstillar:

Skildring:
Nasjonal transportplan 2018–2029: E39 i Sogn og Fjordane, strekningen Byrkjelo – Sandane, omfatter utbedring av de verste flaskehalsene på dagens E39 i Gloppen kommune. De mest aktuelle tiltakene er bygging av tunneler ved Gullkista og Jarbu. Konseptet er imidlertid ikke avklart, kostnadsanslaget er derfor usikkert



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	Ikkje vurdert.	Klimaberekning: Ikkje berekna utslepp ved nedbygging på grunn av udefinert areal. Prosjektet vil truleg gi marginalt høgare trafikktal.
	Støy	0	Avhengig av løysing vil det være behov for støykartlegging i reguleringsplan
	Sikring av jordressurs (jordvern)	Ikkje vurdert.	
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	1	Må vurderast i reguleringsplan avhengig av løysing
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne i området
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Eksisterande veg skal oppretthaldast som gang- og sykkelveg
SAMFUNN	Transportbehov	0	Ikkje relevant
	Teknisk infrastruktur	0	Tilgang på brannvatn / avløp må sikrast i reguleringsplan
	Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Viktig for å sikre god og trygg infrastruktur, regionalt og lokalt
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk		I tråd med arealstrategi for infrastruktur i vedteke planprogram.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Innafor aktsemdsområde for jord og flaumskred og snø- og steinsprang
	Flaum	0	Utanfor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	1	Vurdere krav til omkøyring
	Forureining	0	Ikkje kjent forureining
	Trafikk	1	Manglar gang- og sykkeltilbod langs E39

TILRÅDING

Vurdering:
Viktig prosjekt for lokal og regional trafikk.

Konklusjon:
Tilrådd

4.7.8 Omlegging av E39 veg/tunnel/bru ved Jarbu

SKILDRING	**G.nr.: B.nr.:** **Dagens formål:** **Foreslått formål:**	**Storleik:** 1-2 km **Forslagstillar:**
	Skildring: Nasjonal transportplan 2018–2029: E39 i Sogn og Fjordane, strekningen Byrkjelo – Sandane, omfatter utbedring av de verste flaskehalsene på dagens E39 i Gloppen kommune. De mest aktuelle tiltakene er bygging av tunneler ved Gullkista og Jarbu. Konseptet er imidlertid ikke avklart, kostnadsanslaget er derfor usikkert	

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	Ikkje vurdert.	Klimaberekning: Ikkje berekna utslepp ved nedbygging på grunn av udefinert areal. Prosjektet vil truleg gi marginalt høgare trafikktal
	Støy	0	Avhengig av løysing vil det være behov for støykartlegging i reguleringsplan
	Sikring av jordressurs (jordvern)	Ikkje vurdert.	
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	1	Må vurderast i reguleringsplan avhengig av løysing
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne i området
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	1	Det er ein sti frå Jarbu til Veten med relativt mykje bruk. Kartlagt som viktig friluftsområde.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Ikkje relevant
	Teknisk infrastruktur	0	Tilgang på brannvatn / avløp må sikrast i reguleringsplan
	Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Viktig for å sikre god og trygg infrastruktur, regionalt og lokalt
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk		
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Innafor aktsemdsområde for jord og flaumskred
	Flaum	1	Innafor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann	0	
	Forureining	1	Forureina grunn i næringsareal i Eidsmona
	Trafikk	1	Manglar gang- og sykkeltilbod langs E39

TILRÅDING	**Vurdering:** Viktig prosjekt for lokal og regional trafikk. **Konklusjon:** Tilrådd

4.7.9 Rassikring av E39 - Våtedalen

SKILDRING	**G.nr.: B.nr.:** **Dagens formål:** **Foreslått formål:**	**Storleik:** 1-2 km **Forslagstillar:**
	Skildring: Rassikring av E39 i Våtedalen ligger inne i nasjonal transportplan 2018–2029. Vegen er planlagt lagt i tunnel.	



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	Ikkje vurdert.	Klimaberekning: Ikkje berekna utslepp ved nedbygging på grunn av udefinert areal. Prosjektet vil truleg gi marginalt høgare trafikktal
	Støy	0	Det er lite utfordringer med støy
	Sikring av jordressurs (jordvern)	Ikkje vurdert.	
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	1	Dokumentert viktig naturtype; naturbeitemark. Må vurderast i reguleringsplan avhengig av løysing
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne i området
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Tunnel vil gi mindre trafikk i dagen og bedre moglegheit for friluftsliv i Våtedalen. Eksisterande veg må oppretthaldast som sykkelveg
SAMFUNN	Transportbehov	0	Ikkje relevant
	Teknisk infrastruktur	0	Tilgang på brannvatn / avløp må sikrast i reguleringsplan
	Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Viktig for å sikre god og trygg infrastruktur, regionalt og lokalt
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk		
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Innafor aktsemdsområde for jord og flaumskred
	Flaum	1	Avhengig av løysing vil vegen kunne vere innafor aktsemdsområde for flaum
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje aktuelt
	Vind	0	Handterbare vindforhold
	Brann		
	Forureining	0	Ingen kjent forureining
	Trafikk	0	Manglar gang- og sykkeltilbod langs E39

TILRÅDING	**Vurdering:** Rassikring er viktig for å øke beredskapen. Det er ingen rassikre vegar mellom Gloppen og til dømes sjukehuset i Førde. Tunnel vil ha få negative konsekvensar for området. **Konklusjon:** Tilrådd

4.7.10 Fitje til Rygg - Gang- og sykkelveg

SKILDRING

G.nr.: B.nr.:
Dagens føremål: LNF m.fl.
Foreslått føremål:
Gang og sykkelveg

Storleik:
Forslagstiller:
Sørstranda utviklingslag

Skildring:
Gang- og sykkelveg langs eksisterande FV 615 frå Fitje til Rygg.
Det er vurdert gang- og sykkelveg på landsia (vestsida) av vegen.
Det er ikkje gjort detaljerte vurderingar av traseval.



	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE KONSEKVENSAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn. Det er ikkje gjort klimaberekning! Tiltaket vil vere positivt for å redusere klimagassutslipp frå persontransport
	Støy	0	
	Sikring av jordressurs (jordvern)	2	Betydeleg mengde fulldyrka jord (6 m breidde inkl. grøft/skjæring).
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	0	Det er ingen kjente registrerte naturmangfaldsverdiar i området, men dette må greiast ut ved regulering.
	Kulturminne og kulturmiljø	1	
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Viktig for trygging av aktiv transport til skule og fritidsaktivitetar.
SAMFUNN	Transportbehov	0	P.g.a. avstand mellom Rygg og Sandane vil det framleis vere behov for skuleskyss både langs øvre og nedre Sørstranda.
	Teknisk infrastruktur	0	
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Betre tilrettelegging for gåande og syklande bidreg positivt til folkehelse.
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	I tråd med mål om å øke aktiv transport vha. sykkel og gange.
	Tema ROS	**RISIKO**	**KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE**
ROS	Skred	0	Enkelte plasser krevjar enkel utgreiing.
	Flaum	0	Innafor aktsemdsone for flom
	Havnivåstigning/ stormflo	0	Ikkje relevant
	Vind	0	Ikkje relevant
	Brann	0	Ikkje relevant
	Forureining	0	Radon ikkje relevant for formålet. Ingen registrert forureining i grunn.
	Trafikk	0	Vi bidra til tryggare trafikkforhold for gåande og syklande

TILRÅDING

Samla vurdering:
Gang- og sykkelveg er postivt for lokalsamfunnet og knytter Rygg og Sandane tettare saman.
- hovudutfordringane er kostnad og landbruksjord.

Konklusjon: Vedteke lagt inn i FOR 08.06.2022

4.8 Formål - Grønstruktur

4.8.1 KU - Utfyllingsareal i sjø vest for Sandane sentrum

SKILDRING		
G.nr.: **B.nr.:** **Dagens føremål:** Kombinerte formål i sjø **Foreslått føremål:** Park	**Storleik:** ca. 6 daa **Forslagstillar:** Arnar Kvernevik (AP) fremma i FOR 30.11.22	
Skildring: Forslaget går ut på å sette av eit areal vest for Firda billag si tomt i sentrum, for utfylling av kortreist steinmasse frå prosjekt langs E39 mellom Reed og Sandane, eller andre nærliggande prosjekt.		

	TEMA KU	KONSE-KVENS	KJENT KUNNSKAP OG MOGLEGE TILRÅDINGAR
MILJØ-NATUR RESSURSAR	Forureining (klimagass og anna utslipp til luft, jord, og vatn)	0	Krav om reguleringsplan der det vert gjort greie for eventuelle utslipp til luft, jord og vatn.
	Støy	0	Utanfor støysoner
	Sikring av jordressurs (jordvern)	0	Ikkje relevant
	Naturmangfald, landskap og mineralressursar	1	Ingen registrerte naturmangfaldsverdiar, men biologisk mangfald i sjø og strandsone må vurderast ved ei eventuell detaljregulering.
	Kulturminne og kulturmiljø	0	Ingen registrerte kulturminne/- miljø i aktuelt område eller i tilknyting til det.
	Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv	0	Gjeldande områdeplan legg opp til at sentrumsområdet skal få større gang-, sykkel- og aktivitetsfokus, og mindre bilfokus. I dette ligg implisitt ei betring av barn og unge sitt oppvekstmiljø.
SAMFUNN	Transportbehov	0	Gangavstand til sentrum, skular og kollektivknutepunkt
	Teknisk infrastruktur	0	Påkobling til eksisterande vatn og avløp. Det er utløp frå overvassledningar i området som må ivaretakast.
	Befolkningsutvikling og tjenestebehov	0	Tiltaket kan bidra til å knyte sentrum tettare til fjorden og auke kvaliteten på sjøfronten. Parkareal i sentrum er svært viktig som inkluderande møteplass for kommunen. Utfylling i området med ein meir organisk form vil gi ein meir levande og lenger sjøfront.
	Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk	0	Med planlagt utbygging i området innanfor, er det påkrevd med meir grøntareal og friområde. Sentrum har framleis stort potensial for transformasjon og fortetting.
	Tema ROS	RISIKO	KJENT KUNNSKAP OG POTENSIELL FARE
ROS	Skred	1	Ligg i aktsemdsområde for kvikkleire, ras og skredfare. Utfylling i sjø krev utgreiing av fare for områdeskred av kvikkleire.
	Flaum	0	Store delar av arealet innanfor ligg i flaumsona.
	Havnivåstigning/ stormflo	2	Sentrumsområdet innanfor ligg for lågt i dag, og er utsett for ytterlegare havnivåstigning og stormflo. Kan løysast gjennom heving av sjøfronten/ barriere og/eller at ingen nye bygg har golvhøgde lågare enn kote 2,7.
	Vind	0	Må vurderast i reguleringsplan.
	Brann	0	God sløkkekapasitet
	Forureining	0	Kommunen har ikkje konkret kjennskap til ureina grunn, men t.d. finnast i delar av sentrumsområde innanfor som ligg på lausmasser.
	Trafikk	0	

TILRÅDING	
	Samla vurdering: Arealet er innanfor områdereguleringsplan for Sandane sentrum og innanfor planområde for pågåande detaljreguleringsarbeid. Eksisterande fylling er rett og lite organisk. Betre utforming vil kunne auke kvaliteten og attraktiviteten til området. Eksisterande fylling har ein brå avslutning som gir krevjande bølgeforhold. Utvida sjøfront vil være med å dempe konsekvensane av havnivåstigning og stormflo. **Konklusjon:** Tilrådd

5 SAMLA KONSEKVENSAR AV PLANEN

Konsekvensutgreiinga for kommuneplanens arealdel samla er ein overordna omtale av planforslaget sine konsekvensar for miljø og samfunn. Dette gjeld både arealformål og relevante utgreiingsstema. Samla verknad av planforslaget kan beskrivast som det «avtrykket» forslaga til endra arealbruk i planforslaget sett igjen.

5.1 Utbyggingsformål og konsekvensar

Bustad og spreidd bustad i LNF

I kommuneplanens samfunnsdel er det lagt vekt på at utvikling av tettstadane våre, skal skje gjennom fortetting, høg arealutnytting og transformasjon. Vidare står det at kommunen skal regulere for fortetta bustadbygging i nærleiken av barnehagar og skular. Men det er også vedteke at kommunen skal ha ein offensiv bustadpolitikk og til ei kvar tid ligge i forkant med bustadtilbod i heile kommunen.

Det er i planprosessen lagt vekt på å legge til rette for attraktive bustadområde, i tilknyting til tettstader og bygdesentre i kommunen, hovudsakleg gjennom formålet bustad (felt). Det er i tillegg lagt inn nokre område for spreidd busetting i LNF. Gjennom planarbeidet og vurdering av innspel er det gjort forsøk på å lokalisere attraktive område til begge formål, med særleg vekt på område Nordstranda og i Hyen.

I planforslaget som no vert lagt på høyring er det lagt inn fleire bustadfelt i ytre sentrumssone til Sandane, eller i gang- og sykkelavstand til skule/barnehage (v/ Nordstranda skule). Her legg ein først og fremst til rette for ei fortetta utbygging og/eller ein kombinasjon av einebustader og fortetting. Dette er i tråd med statlege planretningsliner, regionale føresegner og FN's berekraftsmål. På Reed og Byrkjelo er det avsett tilstrekkeleg areal i gjeldande arealplan og reguleringsplanar til tettstadsnære bustadtomter, men i samband med 2. høyring vart det vedteke å legge inn ei utviding av Hovden bustadfelt mot nordaust. Når det gjeld Byrkjelo er det knytt stor usikkerheit til realisering av regulert utvidingsareal aust for bustadfeltet Byrkjelo aust pga.av ny vegstrasè for E39. Det er difor sett av meir areal i område Bjørnarheim, både i form av utviding av Bjørnarheimsura mot aust og vidareføring av bustadfeltet Bjørnarheim nedre frå gjeldande plan.

Når det gjeld areal avsett til LNF – spreidd bustad, er det lagt inn 5 område, der 2 av områda er delvis vidareføring frå gjeldande arealplan (Sandal og Øvre Rygg). I tråd med nasjonale føringar i statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (2014) og omsynet til vern av fulldyrka jord. LNF-spreidd bustad er meir teneleg å nytte ved utbygging i grendene, og meir skånsom når det gjeld omsynet til naturmangfald. Dette under føresetnad av at bustadane vert lagt tett opp til eksisterande infrastruktur.

Summen av bustadtomter i planforslaget tilseier ein vekst i tal innbyggarar som ligg over forventa folketalsvekst. Vi veit at ikkje alle område som er lagt inn for utbygging vil bli realisert på grunn av usikkerheit i planlegginga, grunneigarar og interessen i markedet. I tillegg er dette område som er forventa utbygd over ein lengre tidsperiode enn planperioden. Det er så langt i planprosessen ikkje tilbakeført noen areal til LNF-formål.

Fleire av områda avsett til spreidd bustad i LNF er jobba fram av kommunen si planavdeling. Det er nødvendig med godt samarbeid mellom kommunen, grunneigarar og utbyggarar for å kunne realisere utbygging.

Fritidsbustad

Gloppen er i dag ingen stor hyttekommune, og har, med unntak av store areal avsett til fritidsbustad i Breimslia og i forbindelse med Utvikfjellet, få område avsett til hytteformål med tilkomstvegar på heilårsbasis. Det ligg i midlertid inne fleire område avsett til hytteformål, både som hyttefelt og spreidd fritidsbustad i LNF, som er dårleg utnytta og der reguleringsplanane er forelda. Dei fleste av dei ligg i tilknytting til støylsområde.

Det er i vedteken samfunnsdel og planprogrammet til arealdelen ei klar målsetting om at det i større grad skal leggast til rette for fritidsbustadutbygging som grunnlag for auka næringsaktivitet i kommunen. I planforslaget ligg det difor inne fleire nye område rundt Gloppefjorden nokre av dei nær Sandane, som samtidig er med på å forsterke nærleik til fjord og vatn, men også mye brukte turområde/utfartsområde.

I tillegg til innlagte hytteområde, er det sett av fire område til *kombinerte formål*, der det vert opna for både fritidsbustad og bustad. Tre av områda ligg i Hyen.

Ved etablering av LNF spreidd fritidsbustad og nybygg i allereie avsette hytteområde, er det viktig å ta omsyn til beitebruk. Naturmangfold er vurdert ut fra Naturbase og Artsdatabanken. Når det gjelder kulturminner, er det ikke gjort registreringar av automatisk freda kulturminne eller verneverdige bygg innan føreslåtte hytteareal. Nye område for fritidsbustad ligger alle i tilknytning til eksisterende veg, men de fleste vil ha kun ein atkomstveg inn til sjølve byggeområdet. Dette kan være utfordrende for evt framkommelighet for redningsmannskap.

5.2 Samla konsekvensar for dei ulike tema

Støy og forureining

Nokre av områda ligg delvis innan gul støysone i SVV sine vegkart, men det er utover det ikkje føreslått nye bustadområde der støy er eit uttalt problem. Det vil gjennom reguleringsplanarbeidet bli stilt krav om støyanalyse og om støyreduserande tiltak der dette er eit problem.

Det er ikkje lagt inn nye område til utbygging der grunnen er forureina, eller i område med høge radonverdiar. Krav til utlepp vert teke i vare gjennom reguleringsplan.

Landbruksomsyn

Av nye føreslegne areal til bustadformål i 2. høyringsautkast, utgjer ca. 50 dekar i dag fulldyrka landbruksjord og 2,3 dekar overflatedyrka jord av totalt ca. 530 dekar avsett til bustadformål i 2.høyringsutkast. Bebyggelse på areal med landbruksjord er redusert til 29 dekar fulldyrka jord, og 1,0 dekar overflatedyrka jord.
Område avsett til *spreidd bustad i LNF*, utgjer til saman ca.128 dekar, der 15,3 dekar er registrert som fulldyrka jord og 8,6 dekar er registrert som innmarksbeite. I samband med mekling vart det totale arealet til dette formål redusert til 34 daa, der kun 2,2 dekar er registrert som fulldyrka jord og ca. 6,5 dekar er registrert som innmarksbeite.
Av alle område avsett til fritidsbustad utgjer landbruksjord kun i overkant av 17 dekar (3,1 daa. overflatedyrka jord og 13,9 daa. innmarksbeite), men fleire av hytteområda kjem i potensiell konflikt med viktige beiteområde i utmark. Dette gjeld særskilt områda vest og aust for Breimslia hyttefelt.

Når det gjeld nye næringsareal er dei i hovudsak lagt utanom areal med fulldyrka jord. Unntaket her er delar av det nye arealet på Teita og utviding av eksisterande næringsareal i Eidsmona. Dette utgjer ca. 33 daa fulldyrka jord. I Kandal er Sølvane gard lagt inn som fritids- og turistformål med tilsvarande arealstorleik, der ein legg opp til opplevingar i kombinasjon med kultur, kortreist mat og overnatting.

Jordbruksområde som er berørt av utbygging ligg i all hovudsak inneklemt og i tilknyting til eksisterande bebygde område og infrastruktur. Det er bevisst lagt vekt på å unngå å dele opp større samanhengande, fulldyrka jordbruksområde i tråd med oppdatert temakart for kjerneområde landbruk.

Kulturminne

Med unntak av gamletunet på Austrheim og arealet sørvest for Hetlebakkane, er det ikkje lagt inn nye bustadområde som er i konflikt med registrerte kulturminne eller viktige kulturminner og - miljø som er omtalt i kulturminneplanen. Dei sist nemnte er no lagt inn med omsynssone i plankartet, og skal takast omsyn til ved behandling av dispensasjonar.

Naturmangfald og landskap

Det er heller ikkje registrert trua naturmangfaldsverdiar i innlagte areal til bustadformål, men det er behov for meir utgreiing i reguleringsplanarbeidet i fleire av områda. I samband med 2. høyring er det lagt inn fleire sentrumsnære område som med stor sikkerheit vil ha innverknad på naturmangfald og område med uberørt natur. Dette gjeld særskilt ulike typer skogs- og myrområde. I føresegnene er det lagt inn krav om at det skal gjennomførast naturtypekartlegging som grunnlag for reguleringsplan for følgjande område:
Bustad - Valborgkleiva, Gamletunet på Austrheim, Langisane, Høgenausen og Aksla ved Holmestrand.
Fritidsbustad - Breimslia vest, Holvikefossen, Ytre Fjellbygda og Arnestadstøylen.
Næring – Hjelmeset og Teita.

All utbygging vil innverke på landskapet i ein viss grad, men med dei vurderingane som er gjort her er det ikkje lagt opp til utbygging som i vesentleg grad går utover landskapsbilete. Dette med unntak av spreidd utbygging på Holme, Åsen sørvest for Straumsholmen og utviding av Høgenausen mot Leirbrekka der det må takast særskilt omsyn til landskap ved ei eventuell utbygging.

Oppvekst, nærmiljø og friluftsliv

Det er i samband med arealplanprosessen vore gjennomført ei kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i kommune, som det er teke omsyn til i arealdelen. Område langs sjø og vassdrag er med få unntak skjerma for utbygging i strand og vasssona, gjennom definering av byggegrense mot sjø og vassdrag. Fleire utbyggingsområde ligg i tilknyting til samanhengande grønnstruktur og med eksisterande tur- og løypenett i nærleiken. Utvidingar av Langisane, Åsaberget, Valborgkleiva og av Høgenausen mot Leirbrekka vil kunne ha stor innverknad for barns leikeområde og innbyggarane sitt nærfriluftsliv, og dette må det takast særskilt omsyn ved ei eventuell utbygging. Dette gjeld også bustadområde Åsen i Hyen. Det er i forkant av ny høyring gjennomført ny barnetråkkregistrering ved alle barne- og ungdomsskulane i kommunen hausten 2022.

Klima og miljø – Transportbehov og teknisk infrastruktur

Plassering av dei fleste nye bustadområda vil bidra til reduksjon av klimagassutslepp, og legg til rette for at ein større del av innbyggarane vil kunne velje å sykle eller gå til barnehage, skule, arbeid og fritidsaktivitetar. Unntaket er bustadområdet på Andenes på Nordstranda og Eimhjellestranda i Hyen, og areal avsett til LNF spreidd bustad rundt om i kommunen.

Nye bustadsområde vert i all hovudsak lagt til område med eksisterande eller planlagt vatn- og avløpssystem. Det er også lagt vekt på at nye område vert lagt i tilknyting til eksisterande infrastruktur.

Nye innlagde næringsareal på Teita, i Eidsmona og på Andenes ligg sentralt plassert ved E39. Nærleik til infrastruktur og synnergieffektar internt i næringsarealet er meir avgjerande enn nærleik til sentrumsområde.

Befolkningsutvikling og tenestebehov

Arealdelen legg opp til at fleire får høve til å busett seg i og i nærleiken av tettstadane våre. Det er opning for fortetting i dei sentrumsnære bustadområda og fleire arealeffektive bustader. Føresegnene stiller krav til gode møteplassar på tvers av ulike alders- og brukargrupper innan same område og legg til rette for at fleire kan velje ei aktiv transportform, og med det redusere tal elevar som er avhengig av skuleskyss. I 2021 hadde 55,2 % av elevane i kommunen skuleskyss. Ei aktiv transportform til barnehage/skule, arbeid og fritid, vil igjen på sikt verke inn på befolkninga si folkehelse.

5.3 Samla risiko- og sårbarheitsanalyse

Vurdering av fare for skred i bratt terreng og områdeskred for kvikkleire er basert på aktsemdskart som er henta frå NVE temakart. I følgje NVE.no visar aktsemdskart område, som basert på GIS-analyse kan ver flom- eller skredutsatte. Ved bygging innanfor områda dekka av aktsemdskarta skal reell flom- eller skredfare utredast i samsvar med krava i byggteknisk forskrift. Det er enkelte område der deler er innanfor eit eller fleire aktsemdsområde som er tilrådd i planen. I dei områda som er tilrådd er det vurdert som sannsynleg at skredfaren kan utelukkast med betre kunnskap eller unngås med restriksjonar i reguleringsplan.

Det er lagt til grunn nasjonale anbefalingar for korleis ein ventar at havnivået vil endre seg fram mot år 2100 (jfr. DSB: Havnivåstigning og stormflo – temavegleiar 2016). For å sikre nye bygg mot stormflo skal nye bygg til næring- og bustad byggast med golvhøgd høgare enn kote +2,7 dersom det ikkje er gjennomført yttligare vurderingar i prosjektet.

Bortsett frå eit område for spreidd busetnad på Rønnekleiv og det nye bustadarealet på Aksla, har innlagte utbyggingsområde tilstrekkeleg tilgang på slokkevatn frå elv/sjø eller komme/brannhydrant. Beredskap og utrykkningstid for tankbil skal vurderast i reguleringsplanarbeidet. I dei største områda skal det settast krav i reguleringsplan til anlegg av brannhydrantar.

Det er ingen nye innlagte bustadområde på areal med kjent forureining eller innanfor område med høg eller særleg høg radonaktsemd.

Nærleik til E39 og fylkesvegar er vurdert med tanke på støy, sikkerheit, avkjørsler og trafikksikker skuleveg.